



Vestlandsforskning

Boks 163, 6851 Sogndal

Tlf. 57 67 61 50

Internett: www.vestforsk.no

VF notat 3/2004

Institutt for kvalitetsturisme

Identifisering av eit kunnskapsfelt

"Tinderittet" – eit godt eksempel på nyskaping innafor naturbasert og berekraftig kvalitetsturisme?

Carlo Aall, Kyrre Groven

VF Notat

Rapporttittel Institutt for kvalitetsturisme. Identifisering av eit kunnskapsfelt.	Notatnr. 3/04 Dato: 10.06.04 Gradering: Open
Prosjekttittel Utgreiing om forskning på kvalitetsturisme	Tal sider: 100 Prosjektnr: 2243
Forskarar Carlo Aall, Kyrre Groven	Prosjektansvarleg Carlo Aall
Oppdragsgjevar Innovasjon Noreg Sogn og Fjordane	Emneord Kvalitetsturisme, aturbasert reiseliv, berekraftig reiseliv, reiseliv, turisme
Samandrag I notatet vert behovet for auka satsing på forskning i skjeringspunktet mellom natur, reiseliv, landbruk og berekraftig utvikling.	
Andre relevante publikasjonar frå Vestlandsforskning: Aall, C., Brendehaug, E., Fløtre, T-A., Aarethun, T., Høyser , K.G. (2003): <i>Næringsmessig potensiale for kvalitetsturisme. Ein utredning for Miljøverndepartementet belyst med analyser frå Sogn og Fjordane.</i> VF-rapport 4/03. Sogndal: Vestlandsforskning. Aall, C. (red.) (2003): <i>Seminarrapport frå arbeidsseminar om kvalitetsturisme. Utgitt i samarbeid av Sogn og Fjordane fylkeskommune, Fylkesmannen i Sogn og Fjordane, Norsk Bremuseum og Vestlandsforskning.</i> VF-notat 5/03. Sogndal: Vestlandsforskning	
ISSN: 0803-4354	Pris 100 kr

Forord

Kvalitetsturisme er eit relativt nytt omgrep i norsk samanheng. Omgrepet har nært slektskap med omgrep som berekraftig reiseliv, økoturisme, naturbasert reiseliv og bygdeturisme. Det dreier seg om eit reiseliv med høg kvalitet i opplevinga og minst mogelege negative konsekvensar i høve til natur og samfunn. I ein norsk samanheng er kvalitet i opplevinga særleg knytt til det å oppleve kombinasjonen av urørt natur og eit aktivt kulturlandskap.

I rapporten har vi drøfta behovet for å etablere eit nytt institutt. Vi har prøvd å identifisere eit kunnskapsområde og vi har drøfta føresetnadane for å lokalisere eit slikt institutt til Sogndal med grunnlag i eksisterande kompetanse ved Vestlandsforskning og Høgskulen i Sogn og Fjordane.

Vedlegget er skrevet at Kyrre Groven, medan Carlo Aall har hatt hovudansvaret for skiving av sjølve rapporten.

Rapporten har danna grunnlag for eit samandragnotat: ”Institutt for kvalitetsturisme – idégrunnlag”.

Utkast til rapport og samandragnotat har vore på uformell høyring til fleire sentrale institusjonar og organisasjonar nasjonalt og i Sogn og Fjordane. Takk for dei ulike innspela som har kome. Takk også til styret i Vestlandsforskning som har kome med viktige innspel på grunnlag av eit rapportutkast.

Carlo Aall

Kyrre Groven

Sogndal, 10. juni 2004

Innhald

Samandrag.....	5
Innleiing.....	12
2 Utfordringane.....	16
2.1 Merkevarebygging av Noreg som ferieland.....	16
2.2 Scenariearbeidet "Noreg 2015".....	17
2.3 "Norsk natur" i vinden?.....	19
2.4 Det todelte reiselivet.....	22
2.5 Endringar i naturvernpolitikken.....	23
2.6 Ei svekka landbrukspolitikk.....	24
2.7 Ein internasjonal kontekst.....	26
2.8 Reiselivets kollektive gode.....	27
3 Normativ forankring.....	29
3.1 Berekraftig utvikling som forankringspunkt.....	29
3.2 Agenda 21 som forankringspunkt.....	31
3.3 Forankring med svakt ankerfeste?.....	33
4 Status når det gjeld praksis innafør reiselivsnæringa.....	35
4.1 Kvalitetsturisme.....	35
4.2 Alternativ turisme.....	36
4.3 Økoturisme.....	37
4.4 Bygdeturisme.....	39
4.5 Berekraftig reiseliv.....	40
4.6 Marknadspotensiale.....	41
4.7 Nordmenns ferie- og fritidsvaner.....	41
5 Kunnskapsstatus.....	46
5.1 Undervisning på høgskule- og universitetsnivå i Noreg.....	46
5.2 Dei norske reiselivsforskningsprogramma.....	49
5.3 Norske forskingsinstitusjonar.....	50
5.4 Internasjonal forskning.....	52
6 Korleis styrke forskinga på kvalitetsturisme.....	55
6.1 Om strategisk forskning og kunnskapsformidling.....	55
6.2 Avgrensing av eit kunnskapsområde.....	57
6.3 Sterke og svake sider i eksisterande kunnskapsproduksjon.....	58
6.4 Kva bør instituttet drive med?.....	60
6.5 Korleis organisere eit institutt for kvalitetsturisme.....	61
7 Føresetnader for lokalisering av institutt for kvalitetsturisme i Sogndal.....	63
7.1 Føresetnader knytt til forskning og undervisning.....	63
7.2 Føresetnader knytt til offentleg forvaltning i Sogn og Fjordane.....	66
7.3 Føresetnader knytt til næringa i Sogn og Fjordane.....	67
Kjelder.....	70
Vedlegg: Kartlegging av relevant nordisk forskning.....	77

Samandrag

I styremøte for Vestlandsforskning i desember 2003 vedtok styret å greie ut spørsmålet om eit institutt for kvalitetsturisme knytt til Vestlandsforskning. Den utgreiinga som no vert lagt fram er ei vidareføring av to føregåande arbeid: Ein rapport for Miljøverndepartementet vinteren 2003 som innehaldt ei drøfting av spørsmålet om auka bruk av nasjonalparkar i reiselivssamanheng og ei drøfting av omgrepet kvalitetsturisme. Eit nasjonalt seminar om kvalitetsturisme i Fjærland våren 2003 gjennomførte av Sogn og Fjordane fylkeskommune i samarbeid med fylkesmannen i Sogn og Fjordane, Høgskulen i Sogn og Fjordane, Norsk Bremuseum og Vestlandsforskning og med deltaking frå miljøvernminister Børge Brende, representantar frå dei sentrale nasjonale interesseorganisasjonane med interesse knytt til spørsmålet om kvalitetsturisme og representantar frå reiselivet i Sogn og Fjordane. På seminaret kom det mellom anna fram eit ønske om å styrke kunnskapen om kvalitetsturisme.

Fire nøkkelomgrep

Kvalitetsturisme er eit nytt omgrep i norsk samanheng. I EU er omgrepet gitt eit avgrensa innhald gjennom dei såkalla retningslinjer for den romlige utviklinga i Europa som er omsett til norsk i rettleiing T-1357. Retningslinene gir grunnlag for å peike på fire sentrale element i EU si forståing av omgrepet kvalitetsturisme:

1. Kvalitetsturisme vert *eksplisitt* knytt til målet om *berekraftig utvikling*.
2. Det vert knytt til andre former for *alternativ turisme*.
3. Det vert også eksplisitt omtalt at kvalitetsturisme skal skje ut frå omsyn til *tålegrenser* i lokal natur og kultur.
4. Kvalitetsturisme vert knytt til det å prioritere utvikling av turisme i *vanskelegstilte regionar*.

Forståinga over gir nære koplingar til omgrepet *berekraftig reiseliv*, men inneber samstundes ei avgrensing i høve til dette omgrepet, i den forstand at når det gjeld kvalitetsturisme rettar ein seg inn mot den delen av reiselivet som skjer utanom dei største byane (jf punkt 4). Denne siste avgrensinga gir såleis ei kopling til dei norske omgrepa *bygdeturisme* og *naturbasert reiseliv*. Utgreiinga er derfor forankra i dei fire *nøkkelomgrepa* kvalitetsturisme, berekraftig reiseliv, bygdeturisme og naturbasert reiseliv.

Sentrale utfordringar

Rapporten tar utgangspunkt i eit sett nærare definerte *utfordringar* som reiselivet står overfor:

- Den konkurranseutsette delen av reiselivet vert svekka ved at Noreg har blitt eit høgkostland.
- Arbeidet med å etablere naturbasert reiseliv som merkevare for norsk reiseliv og overgang til meir kunnskapsintensiv produksjon for å styrke konkurransekrafta i norsk reiseliv.

Den konkurranseutsette delen av reiselivet er i hovudsak lokalisert i distrikts-Noreg. Her har reiselivet langt meir å seie som arbeidsplass enn i byane. Samstundes er *rammevilkåra* for den konkurranseutsette delen av reiselivet i endring:

- Endringar i nasjonal politikk som fører til færre distriktsarbeidsplassar i jordbruk og offentleg sektor, gjer reiselivet viktigare.
- Internasjonale prosessar, i hovudsak innafor WTO, fører til endringar i landbrukspolitikken som igjen påverkar ressursgrunnlaget for den konkurranseutsette delen av reiselivet og reduserer lønnsemda i den tradisjonelle landbruksproduksjonen.

Desse utfordringane har ein prøvd å møte mellom anna gjennom ulike motstrategiar:

- Endringar i *naturvernpolitikken*, der det vert opna opp for større kommersiell bruk av nasjonalparkane, samstundes som talet på nasjonalparkar skal aukast.
- Endringar i *landbrukspolitikken* der det vert lagt vekt på å stimulere framveksten av tilleggsnæringar som bygdeturisme og lokal foredling av gardsprodukt (lokal mat).

Det er vanskeleg å spå om kva som kan bli den samla effekten for reiselivet av dei internasjonale endringane som er omtalt over. Det verkar likevel rimeleg å hevde at desse endringane kan gje ei *generell svekking* av vilkåra for naturbasert reiseliv i område som i dag er prega av landbruk. Ulike støtteordningar kan nok føre til at ein skilde landbruksområde klarer seg nokolunde bra gjennom satsing på reiseliv. Det vil då gjerne vere i form av meir småskala former for bygdeturisme. Men det er vanskeleg å sjå for seg korleis ein skal unngå at kulturlandskapet i stor målestokk vert sterkt prega av omleggingane som ligg innbygd i GATT-forhandlingane. Dette vil i tilfelle vere ei stor utfordring, ikkje minst på kunnskapsområdet, med tanke på den typen reiseliv vi fokuserer på.

Forankring med svakt ankerfeste?

EU si forståing av kvalitetsturisme er forankra i målet om ei *berekraftig utvikling*. Det sentrale poenget er at det er etablert omfattande politiske prosessar på alle nivå – frå det internasjonale og ned til det heilt lokale – som arbeider med å snu utviklinga i ein meir berekraftig retning. Sjølv om det derfor er mogleg å identifisere eit relativt klart forankringspunkt, er det vanskeleg å peike på at eit slikt forankringspunkt politisk sett er fullt utvikla for reiselivet. Den norske nasjonale handlingsplanen for berekraftig utvikling – Nasjonal Agenda 21 – har t.d. ingen omtale av reiselivet. I den grad berekraftmålet er operasjonalisert politisk internasjonalt i ein reiselivssamanheng, er det to klare avgrensingar: Det er dei *lokale* tolegrensene som er løfta fram, og miljøkonsekvensar knytt til sjølve *reisa* er lite problematisert. Innafor FN vert berekraftig reiseliv eksplisitt knytt til det å auke fritidsreiser til og mellom utviklingsland som eit sentralt verkemiddel for å styrke den økonomiske utviklinga i den fattige delen av verda. Forankringa av reiselivet i høve til målet om ei berekraftig utvikling er med andre ord ikkje uproblematisk. Ei strategisk

og normativt orientert forskning omkring kvalitetsturisme må derfor også innebere ei problematisering av reiselivet sitt forhold til berekraftmålet og konstruktive bidrag i å vidareutvikle reiselivet si forankring i berekraftmålet.

Kva er praksis innafor reiselivsnæringa

Internasjonalt er det omgrepet berekraftig reiseliv som er mest brukt av våre fire nøkkelomgrep. Det tilgrensande omgrepet økoturisme, som også femner om omgrepet naturbasert reiseliv, er enda vanlegare i bruk. I Noreg er det omgrepa økoturisme og bygdeturisme som er mest nytta. Naturbasert reiseliv og kvalitetsturisme er i langt mindre grad tatt i bruk av reiselivsnæringa.

Sjølv om dei ulike omgrepa er tatt i bruk i høgst ulik grad, høyrer dei alle til den overordna kategorien *alternativ turisme*. Denne nemninga kom for alvor på dagsorden på slutten av 1980-talet. Tanken bak alternativ turisme var å utvikle reiselivet vekk frå masseturismen som vaks fram på 1960- og 1970-talet. Utviklinga av alternativ turisme var i stor grad knytt til førestellinga om ein "ny" type turist med større fokus på miljøtilhøve og lokal kultur, og generelt eit lågare forbruk av materielle gode. Etter kvart har desse formane for turisme også fått ei sentral rolle i strategiar for å utvikle næringssvake perifere område i takt med nedgangen i tal sysselsette innafor landbruket. I den samanhengen har omgrepet *bygdeturisme* fått stor merksemd internasjonalt; etter kvart også i Noreg. I Noreg er bygdeturisme knytt til opplevingar i utmark eller kulturlandskapet, der jakt og fiske og tilrettelagte turar er sentrale element. Det å halde oppe eit aktivt jordbrukslandskap med vekt på å ta vare på sentrale element i det historiske jordbrukslandskapet er sjølvve berebjelken i bygdeturismen. I dei seinare åra har også det å ta i bruk lokale mattradisjonar fått ein sentral plass.

Verdens Reiselivsorganisasjon omtalar berekraftig reiseliv som "en idealmodell, der man må sørge for at utviklingen bedrer livskvaliteten for lokalbefolkningen, gir høye opplevelseskvaliteter for de reisende og opprettholder miljøkvalitetene". I samband med OL på Lillehammer vart berekraftig reiseliv gitt den noko meir avgrensa definisjonen "en turisme som forbruker mindre ressurser og høynar miljøkvaliteter". Som regel er opplevingar i urørt natur det avgjerande kriteriet for å ta i bruk nemninga "berekraftig reiseliv". I dei tilfella der nemninga også er meint å fange opp miljøkonsekvensane av reiselivet, gjeld dette særleg konsekvensar av den *stadbundne* delen av reiselivet. Men sjølv om dei fleste reiselivsaktivitetane som har tatt i bruk nemninga "berekraftig reiseliv" er retta mot konsekvensar av den stadbundne delen av reiselivet, er det eksempel på tiltak som går ut over ei slik avgrensa tilnærming. To døme er nettverket av europeiske destinasjonar som arbeider for "mjuk mobilitet": Network for Soft Mobility in European Tourism (NETS) og ei sveitsisk samanslutning av bilfrie destinasjonar organisert i Gemeinschaft Autofreier Schweitzer Tourismusorte (GAST). I begge tilfelle har ein fokusert på det som gjerne står fram som den mest problematiske reiselivsutfordringa i ein berekraftsamanheng; miljøkonsekvensane av sjølvve reiseaktiviteten innanfor *og* til/frå destinasjonen.

Avgrensing av kunnskapsområdet

Inngangen til å avgrense eit kunnskapsområde med utgangspunkt i omgrepet kvalitetsturisme er sjølvstøtt kunnskap om sjølve *reiselivet*. I dette ligg kunnskap om *reiselivsnæringa*, m.a. kunnskap om marknaden, om produktutvikling og om bedriftsleiing – og kunnskap om *reiselivspolitik*, altså kunnskap om korleis politikk påverkar vilkåra for utøving av reiseliv. I tråd med våre fire nøkkelomgrep er det tre *nøkkeldområde* som definerer den avgrensinga av kunnskapsområdet vi her er ute etter: Natur, berekraftig utvikling og landbruk.

Den *første* avgrensinga gjeld *innhaldet* i opplevinga ved at *natur- og kulturlandskapet* er ressursgrunnlaget for den typen reiseliv vi ønskjer å fokusere på. Dette peiker på to sentrale kunnskapsområde: Naturfagleg kunnskap om sjølve naturen og kulturlandskapet, og kombinasjonen av natur- og samfunnsfagleg kunnskap om forvaltning av natur- og kulturlandskapet – herunder kunnskap knytt til spørsmålet om naturvern. Den *andre* avgrensinga gjeld fokus på konsekvensar av reiselivet i høve til målet om ei *berekraftig utvikling*. Dette er eit tverrfagleg samansett kunnskapsområde som omfattar teknisk og naturfagleg kunnskap om effektar av reiselivsverksemd i naturen, og samfunnsfagleg kunnskap om effektar i samfunnet. Den *tredje* avgrensinga er knytt til overskrifta "landbruk" og gjeld fleire forhold. Landbruket er både ein del av ressursgrunnlaget og ein del av reiselivsnæringa. I tillegg kan landbruket også bli råka av reiselivet. Kunnskap om landbruk generelt og om bygdeutvikling og bygdeturisme meir spesielt er derfor viktig kunnskap i denne samanhengen.

Kunnskapsstatus

På eit *overordna* nivå gir rapporten grunnlag for å peike på to meir generelle forhold når det gjeld kunnskapsstatus:

- Praksis ligg i ein viss forstand "føre" forskinga.
- Noreg ligg etter den internasjonale forskingsfronten.

Våre fire nøkkelomgrep – naturbasert reiseliv, berekraftig reiseliv, bygdeturisme og kvalitetsturisme – ser ut til å vere meir nytta av reiselivsnæringa enn av offentlege styresmakter. Dette syner seg kanskje best i fråveret av ein spesifikk politikk for berekraftig reiseliv, både nasjonalt og internasjonalt. Mangelen på ein offentlig politikk kan samstundes vere ein del av forklaringa på at forskinga på området har kome relativt kort.

Det er også klart at Noreg ligg etter internasjonalt, både innafor næringa, offentlig forvaltning og ikkje minst forskinga. Eit internasjonalt vel etablert omgrep som berekraftig reiseliv er t.d. knapt nok nytta i norsk samheng av reiseliv eller styresmakter, og det føregår lite forskning i Noreg om berekraftig reiseliv. Meir slående er det kan hende at det heller ikkje er mykje forskning i Noreg som eksplisitt rettar seg inn mot naturbasert reiseliv der ein kombinerer kunnskap om reiseliv med kunnskap om natur og landbruk.

Når det gjeld *organiseringa* av den kunnskapsproduksjonen i Noreg som er relevant i vår samanheng, gir vår gjennomgang grunnlag for å peike på tre forhold:

- Det er *mange* fagmiljø med kompetanse av meir *generell* relevans.
- Det er *få* fagmiljø med relevant *spisskompetanse*.
- Det er *lita* vekt på formidling av relevant kunnskap til reiselivsnæringa.

Når det gjeld det *faglege innhaldet* i relevant norsk forskning gir vår gjennomgang grunnlag for å trekkje fram tre forhold:

- Berekrafttilnærminga i norsk reiselivsforskning er svakt utvikla.
- Forsking med utgangspunkt i reiseliv er svak på naturforvaltning, medan forskning med utgangspunkt i utmarksbasert næringsutvikling er svak på reiseliv.
- Kunnskap om vilkår for bygdeturisme er svak.

Kva bør instituttet drive med?

Eit sentralt skilje når det gjeld spørsmålet om kva eit nytt institutt skal drive med går mellom eit reindyrka forskingsinstitutt og eit kompetansesenter som berre driv med rådgjeving ”for” reiselivet utan grunnlag i eiga forskning. Mellom desse to ytterpunkta har vi den typen institusjon som både driv med eiga forskning og arbeider systematisk med formidling av eiga og andre si forskning. Eitt nærliggjande eksempel er det strategiske forskingsprogrammet *ProSus* (Program for forskning og utredning for et bærekraftig samfunn ved Universitetet i Oslo). Poenget her er ordet ”*strategisk*”. I dette ligg at ein skal produsere ny kunnskap og formidling til støtte for realisering av eksternt gitte overordna samfunns mål. Vi ser ein klar parallell mellom *ProSus* og eit eventuelt institutt for kvalitetsturisme. På den eine sida har vi forankringa til omgrepet og prosessen rundt berekraftig utvikling, på den andre sida ambisjonar om ein forskingsaktivitet som er tenkt å fremje endring. Samstundes meiner vi at eit eventuelt institutt for kvalitetsturisme bør gå eitt steg lenger i retning av rådgjeving enn tilfellet er for *ProSus*.

Korleis organisere eit nytt nasjonalt institutt

Når det gjeld organisering av eit nytt institutt for kvalitetsturisme går det eit skilje mellom det å etablere noko heilt nytt og det og gjere tilpassingar av eksisterande institusjonar. Ei form for minimumsløysing kan eventuelt vere at nokre institutt inngår ein avtale om fagleg samarbeid utan at det inneber noka form for ny finansiert aktivitet. Det svenske reiselivsforskningsinstituttet European Tourism Research Institute (ETOUR) er ein interessant modell for korleis ein kan tenkje i norsk samanheng. ETOUR er eit reiselivsforskningsinstitutt ved den Samhällsvetenskapliga institutionen ved Mitthögskolan i Östersund, som vart oppretta i 1997 av Turistdelegationen, Rese- og Turistindustrin i Sverige (RTS) og Mitthögskolan. I dette ligg altså at det vert lagt opp til eit forpliktande samarbeid mellom ei ”ny” eining og ein eksisterande institusjon.

Vi ser for oss ei nyetablering i storleiken *10 forskarårsverk*, og at det innafør det eller dei eksisterande fagmiljøa som instituttet skal lokalisrast med i dag finst om lag eit tilsvarande tal årsverk som arbeider med relevante tema. Det nye fagmiljøet vil med det rå over om lag 20 forskarårsverk; altså større enn noko einskild forskingsmiljø innafør reiseliv i Noreg i dag – men til dømes om lag på linje med ETOUR i Sverige. Ei slik satsing vil innebere ei årleg løyving på om lag 10 millionar kroner. Det er naturleg å sjå for seg ei løyving over ei viss tid – til dømes fem år – og ei evaluering det femte året. På lengre sikt bør instituttet ta sikte på å kunne ha ei viss eigeninntening, for eksempel 50 prosent.

Faglege føresetnader for lokalisering av institutt for kvalitetsturisme i Sogndal

Utgangspunktet for rapporten er spørsmålet om å etablere eit nasjonalt institutt for kvalitetsturisme i Sogndal.

Det er dei to institusjonane *Vestlandsforskning (VF)* og *Høgskulen i Sogn og Fjordane (HSF)* som vil vere grunnsteinane i eit eventuelt nasjonalt institutt for kvalitetsturisme lagt til Sogndal. Dei to kjerneområda der VF og HSF har eit særleg *sterkt og relevant fagmiljø* er:

- Berekraftig reiseliv (VF)
- Kulturlandskapsforvaltning (HSF).

VF og HSF har hatt store nasjonale og internasjonale forskingsprosjekt og vore vurdert å ha nasjonal spisskompetanse på desse to fagområda. Det arbeider i dag forskarar ved VF og HSF som har professorkompetanse på begge desse områda. Ved HSF vert det vidare gitt bachelor undervisning i både reiseliv og landskapsplanlegging. Av særleg interesse i denne samanhengen er også planane om å etablere eit eige masterstudium i kvalitetsturisme ved HSF.

I tillegg til desse to fagområda er det fleire andre relevante fagområde som det i dag vert arbeidd med ved VF og HSF. Dei mest sentrale er:

- Reiselivsøkonomi (HSF)
- Informasjonsteknologi i reiselivet (VF)
- Friluftsliv (HSF og VF)
- Lokal mat (VF).

I tillegg til VF og HSF er det viktig å peike på fagmiljøet i *Aurland* knytt til *Sogn Jord- og Hagebruksskule (SJH)*. Dette er den einaste landslina i økologisk landbruk. SJH inngår også i det nasjonale nettverket av regionale ”kompetansenav” for småskala matproduksjon.

Forskning på kvalitetsturisme bør vere nært kopla opp mot praksis på området, både for å kunne tene funksjonen om det å forske *for* næringa, og for å drive god empirisk forskning. I tillegg til kompetanse som gjeld forskning og undervisning er det derfor relevant å peike på kompetansemessige fordelar ved Sogndal som gjeld lokalisering i høve til relevant *praksis*. Dette gjeld praksis innafør *reiselivet*, men også innafør *offentleg forvaltning*, og i skjeringspunktet mellom desse: praksis som gjeld *naturformidling*.

Den *offentlege forvaltninga* i Sogn og Fjordane har opparbeidd ein nasjonal spisskompetanse på fire område som er særleg relevant i denne samanhengen:

- Medverknad i vernearbeid.
- Forvaltningsplanar i vernearbeidet.
- Næringsutvikling i tilknytning til verna område.
- Internasjonale nettverk.

Vidare er det ein godt utvikla spisskompetanse innafor *naturinformasjon* knytt til dei mange musea i fylket som rettar seg mot denne typen formidling. Dei sentrale her er De Heibergske Samlinger – Sogn Folkemuseum (Kaupanger), Norsk Bremuseum (Fjærland), Jostedalsbreen Nasjonalparksenter (Stryn), Breheimsenteret (Jostedal), Norsk Villakssenter (Lærdal) og Norsk Reiselivsmuseum (Balestrand).

Tidsskriftet National Geographic Traveller rangerte i mars 2004 Fjord-Noreg til *verdas beste* reisemål. Grunngevinga for denne kåringa var at det norske fjordlandskapet har særleg naturkvalitetar, aktive lokalsamfunn, eit kulturlandskap som framleis er i aktiv bruk og relativt få tekniske og på andre måtar skjemmaende inngrep i naturen.

I Sogn og Fjordane finn vi mellom dei mest vitja norske *naturbaserte reiselivsattraksjonane*, som Flåm og Briksdalsbreen. Sogn og Fjordane hadde i 2000, nest etter Hordaland, den høgaste delen *nasjonalparkar* av sitt samla areal. Sogn og Fjordane var vidare det fylket med flest *nasjonalparksenter* (tre av så langt ni i heile landet). Sogn og Fjordane er saman med Rogaland og Buskerud det fylket med flest *verna vassdrag* i høve til flatearealet.

Sogn og Fjordane er også særmerkt med det store innslaget av *utanlandsturistar* og det relativt store innslaget av bygdeturisme målt i del av overnattinga som skjer utanom dei store hotella. Sogn og Fjordane er også prega av framleis å ha eit levande småskala *landbruk*. Jordbruksareal i drift per innbyggjar er høgare i fylket enn landsgjennomsnittet, samstundes som bruksstorleiken er klart lågare. Del av jordbruksarealet som vert drive økologisk er også høgare. Sogn og Fjordane er også mellom dei fylka med flest medlemmar i organisasjonane Norsk Gardsmat og Norsk Bygdeturisme. Samla gjer dette at den forma for reiselivsverksemd som skjer i Sogn og Fjordane er særleg relevant både som studieobjekt og målgruppe for forskinga ved eit eventuelt institutt for kvalitetsturisme.

Innleiing

I styremøte for Vestlandsforskning i desember 2003 vedtok styret i sak 17/3 følgjande:

Styret ser det interessant å arbeide vidare med spørsmål om eit senter/institutt for kvalitetsturisme knytt til Vestlandsforskning. Styreleiar og direktør får i oppgåve å få til eit forprosjekt som kan arbeide vidare med saka med sikte på ny styrehandsaming i mars.

Med denne bakgrunnen søkte Vestlandsforskning i januar 2004 om 200.000 kroner frå Innovasjon Noreg for å greie ut spørsmålet om etablering av eit slikt institutt.

Den føreliggjande utgreiinga er ei oppfølging av ein prosess som starta vinteren 2003, då Vestlandsforskning laga ein rapport for Miljøverndepartementet omkring spørsmålet om auka bruk av nasjonalparker i reiselivssamanheng og ei drøfting av omgrepet *kvalitetsturisme* (Aall mfl 2003). Det konkrete utgangspunktet for oppdraget var eit vedtak i samband med handsaminga av statsbudsjettet hausten 2002, der Stortinget kom med følgjande oppfordring til regjeringa:

Stortinget ber Regjeringen innen 1. oktober 2003 komme tilbake til Stortinget med en sak om bærekraftig bruk av utmark og fjellområdene i Norge. I den forbindelse skal bl.a. spørsmålet om nærmere retningslinjer for økt turistmessig bruk av disse områdene utredes nærmere, både på arealer utenfor og innenfor større verneområder opprettet etter naturvernloven. Initiativ som bidrar til utvikling av kvalitetsturisme, med respekt for det naturlige, økonomiske, sosiale og kulturelle miljøet i fjellregioner, bør dyrkes frem og støttes.

Rapporten frå Vestlandsforskning inngjekk saman med ein rapport frå Norsk institutt for naturforskning (Aas mfl 2003) i eit kunnskapsunderlag til revidert nasjonalbudsjett våren 2003. Her blei det gitt ei brei omtale av spørsmålet om berekraftig bruk av utmark og fjellområda, der m.a. følgjande politiske signal gitt¹:

- Oppheve forbodet mot kommersiell turisme i fleire nasjonalparker.
- Legge til rette for mindre, miljøtilpassa turisme særleg innafor landskapsvernområde.
- I større grad sjå vern og utvikling av nærliggjande lokalsamfunn i samanheng.

I mai 2003 gjennomførte Sogn og Fjordane fylkeskommune i samarbeid med fylkesmannen i Sogn og Fjordane, Høgskulen i Sogn og Fjordane, Norsk Bremuseum og Vestlandsforskning eit nasjonalt seminar om kvalitetsturisme, med deltaking frå miljøvernminister Børge Brende, representantar frå dei sentrale nasjonale interesseorganisasjonane med interesse knytt til spørsmålet om kvalitetsturisme og representantar frå reiselivet i Sogn og Fjordane. På seminaret kom det mellom anna fram eit ønske om å styrke kunnskapen omkring kvalitetsturisme (Aall 2003).

¹ www.statsbudsjettet.dep.no/2003_revidert/pdf/stprp.pdf

I rapporten om kvalitetsturisme som vart laga på oppdrag av Miljøverndepartementet vart det m.a. vist til den oppfatninga om omgrepet som er gjort gjeldande innafor EU. I 2000 vedtok EU retningsliner for den romlige utviklinga i Europa². Retningslinene er ikkje bindande, og er derfor ikkje meint å overstyre nasjonal politikk. Samtidig skal dei inngå som underlag for å gjere prioriteringar ved tildelingar frå EU sitt strukturfond. Retningslinjene er oversatt til norsk (retteleiar T-1357)³. Retningslinene gjev grunnlag for å peike på fire sentrale element i EU sin forståinga av omgrepet kvalitetsturisme (Aall mfl 2003):

- Kvalitetsturisme vert *eksplisitt* knytt til målet om *berekraftig utvikling*.
- Det vert knytt til andre former for *alternativ turisme*.
- Det vert også eksplisitt omtalt at kvalitetsturisme skal skje utifrå omsyn til *tålegrenser* i lokal natur og kultur.
- Kvalitetsturisme vert knytt til det å prioritere utvikling av turisme i *vanskelegstilte regionar*.

Forståinga over gjev nære koplingar til omgrepet *berekraftig reiseliv*, men inneber samstundes ei avgrensing i høve dette omgrepet, i den forstand at når det gjeld kvalitetsturisme rettar ein seg inn mot det den delen av reiselivet som skjer utafor dei største byane (jf punkt 4). Denne siste avgrensinga gjev såleis ei kopling til det norske omgrepet *bygdeturisme*. Omgrepet kvalitetsturisme er lite kjent i norsk samanheng (Aall mfl 2003). Det gjeld både innafor reiselivsnæringa og reiselivsforskinga. I den grad omgrepet er tatt i bruk er det i den politiske debatten om auka bruk av nasjonalparkar i reiselivssamanheng. Sett inn i ein norsk samanheng er det difor også eit nært slektskap mellom den forståinga EU har gjeve av kvalitetsturisme og det norske omgrepet *naturbasert reiseliv*.

I det vidare vil vi forankre drøftingane i alle dei fire omgrepa vist til over; det vi kan omtale som dei fire *nøkkelomgrepa* i utgreiinga:


- kvalitetsturisme
- berekraftig reiseliv
- bygdeturisme
- naturbasert reiseliv

Felles for omgrepa er at dei omfattar den delen av reiselivet som er lokalisert utafor dei store byane og som har naturen - både den urørte og menneskepåverka - som ressursgrunnlag. *Forskjellane* er at omgrepa kvalitetsturisme og bygdeturisme har eit breiare ressursgrunnlag enn det meir avgrensa omgrepet naturbaserte reiselivet; for kvalitetsturisme og bygdeturisme er det større innslag av kultur. Omgrepet berekraftige reiselivet skil seg ytterlegare ut ved at det i prinsippet kan omfatte *all* type reiselivsverksemd, både det som skjer på "bygda" og det som skjer i storbyane. Det er vidare eit

² www.coe.int/t/e/Cultural_Co-operation/Environment/Cemat/guiding_ppes_P.asp

³ <http://odin.dep.no/md/norsk/publ/veiledninger/022041-120028/index-hov008-b-n-a.html>

viktig skilje som gjeld grad av normativ forankring. Omgrepet berekraftig reiseliv er det omgrepet som i sterkast grad er *normativt*. Det vil seie at omgrepet er forankra i eit politisk mål som seier noko om ønska samfunnsutvikling ut frå gitte politiske prioriteringar. Den forståinga EU har lagt til grunn av kvalitetsturisme er i og for seg også normativ, men det skjer gjennom koplinga til nettopp målet om ei berekraftig utvikling. I figuren under har vi freista å få fram slektskap og forskjellar mellom dei fire omgrepa.



Figur 1 Karakterisering av dei fire nøkkelomgrepa nytta i utgreiinga med

Sjølv om utgangspunktet for vår utgreiing er omgrepet kvalitetsturisme, finn vi det riktig å orientere oss også mot dei tre andre omgrepa vist i figuren over. Det er to grunnar til dette.

Den første grunngevinga er *faglege*. For å gjere tydelegare den normative forankringa som ligg innebygd i EU sin forståing av kvalitetsturisme viser vi til den nære slektskapen med omgrepet berekraftig reiseliv, som i neste omgang viser til målet om ei berekraftig utvikling og dei omfattande internasjonale, nasjonale og lokale politiske prosessane som er knytt til det målet.

Den andre grunngevinga er meir *pragmatisk*, og knyter seg til det faktum at omgrepet kvalitetsturisme er lite kjent i ein norsk samanheng. Ved å vise til dei meir kjente omgrepa bygdeturisme og naturbasert turisme trur vi det blir lettare å nå fram med vårt budskap.

Med bakgrunn i det som er drøfta til over, har vi kome fram til følgjande *overordna føremål* med utgreiinga:

Drøfte føresetnadene for å etablere eit nasjonalt institutt for reiselivsforskning i Sogndal som er knytt til dei fire omgrepa kvalitetsturisme, berekraftig reiseliv, bygdeturisme og naturbasert reiseliv.

I denne formuleringa ligg to endringar i høve mandatet som vart gitt i vedtaket fatta av styret for Vestlandsforskning i desember 2003. For det første ei opning i retning av å vurdere tilknytning også til andre kompetansemiljø enn Vestlandsforskning; i første omgang Høgskulen i Sogn og Fjordane. Dernest ei justering av tematikken ved å ta inn de tre omgrepa berekraftig reiseliv, bygdeturisme og naturbasert reiseliv i tillegg til kvalitetsturisme.

For å oppfylle det overordna føremålet med utgreiinga vil vi vidare drøfte følgjande tre *problemstillingar*:

1. Kva er *kunnskapsstatus* knytt til dei fire nøkkelomgrepa kvalitetsturisme, berekraftig reiseliv, bygdeturisme og naturbasert reiseliv?
2. Er det trongen for *ny forskingbasert kunnskap* om denne tematikken?
3. Korleis kan ein eventuelt *styrke forskinga* på den same tematikken?

I samband med utgreiinga har vi gjennomført ei systematisk kartlegging av undervisning innafor reiseliv i Noreg på bachelornivå eller høgare. Vidare har vi kartlagt forskingsprofilen ved norske og dei viktigaste nordiske reiselivsforskingsinstitusjonane (sjå vedlegg til rapporten). Ut over dette har vi basert oss på tidlegare arbeider der vi har oppsummert kunnskapsstatus innafor ulike delar av reiselivsforskinga (Teigland og Holden 1996; Teigland og Aall 1999; Teigland 2002, Aall mfl 2003).

Utgreiinga er delt i sju delar. I del 1 omtaler vi *utfordringar* som norsk reiseliv står overfor som kan vere relevante i denne samanhengen. I del 2 drøftar vi berekraftig utvikling og Agenda 21 som forankringspunkt for den typen reiseliv vi ønskjer å fokusere på. I del 3 gjennomgår vi så *praksis* internasjonalt; altså kva som karakteriserer den typen reiseliv som har valt å ta i bruk nemningane kvalitetsturisme, berekraftig reiseliv, naturbasert reiseliv og bygdeturisme. Vi oppsummerar så i del 4 *kunnskapsstatus* i form av internasjonal reiselivsforskning og norsk reiselivsundervisning på høgare nivå i høve til våre fire nøkkelomgrep. Så går vi i del 5 over til å identifisere *kunnskapshol* i høve til dei same nøkkelomgrepa. I del 6 drøfter vi korleis styrke reiselivsforskinga på dette området, før vi i den avsluttande delen peiker på føresetnader for å lokalisere eit eventuelt nytt nasjonalt institutt til Sogndal. I vedlegg har vi tatt med eit meir omfattande oversyn over den internasjonale kunnskapsstatusen.

1 Utfordringane

1.1 Merkevarerbygging av Noreg som ferieland

I 2000 starta dåverande Norges Turistråd – no del av Innovasjon Noreg - arbeidet med å utvikle ein eigen *merkevare* for Noreg som ferieland. I det arbeidet er det identifisert seks marknadssegment for norsk reiseliv med tilhøyrande vurderingar omkring marknadspotensiale (tal personar)⁴:

1. "I eitt med natur og kultur" (ca 21 000 000)
2. "Ro og oppladning i naturen" (ca 20 500 000)
3. "Kulturelle underholdning" (ca 10 500 000)
4. "Urban moro" (ca 8 500 000)
5. "Aktive naturopplevingar" (ca 6 000 000)
6. "Kulturell utforsking" (ca 5 500 000)

Marknadssegment (1), (2) og (5) hører inn under det Norges Turistråd omtaler som *naturbasert reiseliv*. Naturbasert reiseliv er lansert som *merkevare* for Noreg. Ei slik prioritering er også noko av legitimeringsgrunnlaget for dei perspektiva som ligg til grunn for denne utgreinga. Med bakgrunn i ei kundeundersøking frå 2000 har Norges Turistråd også freista å identifisere opplevingskvalitetar som kan knytast til dei naturbaserte marknadssegmenta.

Tabell 1 Strategi for utvikling naturbasert reiseliv (Norges Turistråd 2002)

Vurdering av kjernebehov og opplevingar	Vurdering av kva som <i>ikkje</i> er viktig
<i>Marknadssegment 1: "I eitt med natur og kultur"</i>	
<ul style="list-style-type: none"> - Sjå på vakkert landskap - Få mykje frisk luft - Slappe av - Få ny energi - Delta i utandørs aktivitetar - Vere i eitt med naturen - Kome i kontakt med lokalbefolkninga - Lære ulike kulturar å kjenne - Delta i lokale festivalar - Bli kjent med lokal matkultur 	<ul style="list-style-type: none"> - Utfordrande aktivitetar - Utforske nattelivet
<i>Marknadssegment 2: "Ro og oppladning i naturen"</i>	
<ul style="list-style-type: none"> - Vere saman med familien - Få mykje frisk luft - Slappe av - Komme unna dagleglivet - Bu på trygge stader - Bu komfortabelt - Få ny energi 	<ul style="list-style-type: none"> - Utfordrande aktivitetar - Utforske nattelivet - Besøke byer der det skjer masse - Besøke historiske stader og muse - Delta i kulturelle aktivitetar - Oppleve det overraskande og uforutsette
<i>Marknadssegment 5: "Aktive naturopplevingar"</i>	
<ul style="list-style-type: none"> - Oppleve dramatisk og vill natur - Delta i utandørs aktivitetar - Oppleve det overraskande og uforutsette 	<ul style="list-style-type: none"> - Sjå på vakkert landskap - Besøke historiske stader og muse - Bli kjent med lokal matkultur - Vere saman med familien - Kome i kontakt med lokalbefolkninga - Bu på trygge stader - Slappe av

⁴ Tall henta frå lysark presentert på pressekonferansen "Merkevaren Noreg" arrangert av Norges Turistråd, Oslo 15.11 2000. Laget av MarkUp Consulting for Norges Turistråd.

1.2 Scenariearbeidet "Noreg 2015"

ECON Analyse har på oppdrag frå dåverande Noregs Turistråd, Statens nærings- og distriktsutviklingsfond og Reisebedriftenes Landsforening laga scenario for turismeutviklinga i Noreg (Støre mfl 2003). Scenarie er, som det står i innleiinga til boka, meint å vere:

ulike fortellinger om noe som *kan* skje, og som på en tankevekkende måte kaster nytt lys på veivalg og beslutninger vi står overfor i dag. Vi skriver ikke scenarier for å bli klokere i 2015. Vi skriver dem for å bli mer innsiktsfull i dag om hva morgendagen kan komme til å kreve av oss". Og vidare: "(Scenariene) er gode hvis de provoserer brukeren til å tenke fruktbart og nytt om de utfordringene som man må ta stilling til akkurat nå eller i nær framtid".

Rapporten drøfter spørsmålet om *kvalitet*, men refererer ikkje til omgrepet kvalitetsturisme. Det poenget rapporten legg størst vekt på i sin diskusjon av kvalitet er trongen for å *auke* kvaliteten. Dette meiner forfattarane bør skje på to måtar: ved å heve *standarden* (t.d. meir komfortabel overnatting) og ved å auke kvaliteten i *opplevingane* (t.d. oppleve urørt natur). For å få til ei slik kvalitetsauke legg rapporten stor vekt på at det må satsast strategisk på kompetanseutvikling.

Det er verdt å leggje merke til at rapporten koplær tett saman det å heve standarden og det å auke kvaliteten i opplevinga. Dei peiker på at "Med økt velstand har også kravene til kvalitet økt", og vidare "De vil oppleve urørt natur, men stiller samtidig store krav til komfort". Samstundes her rapporten *ikkje* knytt kvalitet til spørsmålet om *konsekvens* av reiselivsverksemda; altså at det å satse på "høg kvalitet" også skal innebere eit meir berekraftig reiseliv med mindre negative konsekvensar i høve natur og samfunn.

Rapporten drøfter konflikten mellom bruk og vern i reiselivssamanheng, og trekkjer fram reiselivsnæringa sitt dilemma: er det ro og urørt natur eller "fart og spenning" i naturen som vil selje best i framtida? Forfattarane gjev følgjande fortetta framstilling av dette dilemmaet (Støre mfl 2003, s. 48):

Dersom drivet etter fartsfulle opplevelser og spenning preger turistene, vil det få betydning for hva reiselivet ønsker å satse på. Og skulle distriktene bli rammet av arbeidsledighet og fraflytting, kan barrierene i storting og regjering også falle, enten det gjelder motorisert ferdsel på viddene eller gondolbaner i fjellene.

Rapporten presenterer tre ulike scenario:


1. "Den gode viljen": Her dominerar etterspurnad etter det ekte, det urørte og ro som dominerar. Det er også dette scenariet som er mest i samsvar med Noregs Turistråd sin definisjon av merkevare for Noreg.
2. "Some like it hot": Her er det jakta på spenning og fartsfylte opplevingar som er mest dominerande.
3. "For ein neve dollar": Det tredje scenariet baserer seg på ein situasjon med aukande interesseløyse overfor turistnæringa generelt, men der det er ein kombinasjon av etterspurnad etter fart og spenning og etter ro og urørt nature.

I utgangspunktet kan den forståinga av reiselivet som ligg innebygd i våre fire nøkkelomgrep passe inn i alle dei tre scenaria. Samstundes ligg det innebygd i

måten scenaria er konstruert at det vil være to ulike forståingar av reiselivet som gjeld innafor dei to første scenaria. Ein viktig føresetnad i det rapporten nemner som "scenariologikken" er etablering av ei konflikt mellom etterspurnad etter intensive opplevingar og etterspurnad etter ro og det urørte. Rapporten framhever det dei meiner er ei viktig uvisse om turistar i framtida vil etterspørje intensive opplevingar eller ro og det urørte, og som ein konsekvens av den valde føresetnaden kjem dermed at desse to typene etterspurnad vanskeleg kan sameinast. Dette kan synast som eit for enkelt skilje, som overskygger at det også er mogeleg å sameine desse to ulike marknadene. Vi kan få fram eit meir nyansert skilje ved å introdusere to aksar:

- type mobilitet i utmark
- omfang av besøkande

Den første aksa gjeld spørsmålet om gradar av motorisert ferdsel i utmark. Den andre aksa gjeld spørsmålet om tung og konsentrert reiseliv kontra spreitt og meir småskala reiseliv. I figuren under har vi illustrert dei fire ulike kategoriane reiseliv vi då får, og illustrert desse med eksempel frå Sogn og Fjordane.



Figur 2 Kategorisering av ulike former for naturbasert reiseliv

Kategori (1) er kombinasjonen av mange turistar på ein plass og høg grad av motorisert ferdsel. Her har vi valt planane om helikoptertransport av turistar opp til fjelltoppen Kalda Kari, som ligg kant i kant med Jostedalbreen nasjonalpark. I kategori (2) er konsentrasjonen av turistar lågare, men framleis med høg grad av motorisert transport. Vi har valt snøscootersafari som eksempel (sjølv om det ikkje finst den forma for organisert turisme i Sogn og Fjordane). Kategori (3) inneber som for kategori (1) at det er mange turistar, men her er det ein lågare grad av motorisert ferdsel. Vi har valt turismen ved Briksdalsbreen som eksempel, med kombinasjon av busstransport frå

⁵ www.kalda-kari.com

⁶ t.d. www.briksdalsbreen.com, www.briksdalsbre.no

⁷ Sjå t.d. www.alta-friluftspark.no/scooter_safari.html

⁸ www.tinderittet.com/

nærliggjande hotell og gåing eller transport med hest og vogn det siste stykket⁹. Vi har valt Tinderittet som eksempel på den siste kategorien. Dette er eit sportsarrangement med overnatting lagt til Turtagrø hotell (i hotellet og camping ved hotellet), der deltakarane går opp til fjelltoppen for å køyre ned.

Poenget her er at både kategori (1) og (4) kan plasserast inn under scenarie ”som like it hot” – altså den delen av marknaden som etterspør fart og spenning – men kategori (4) er samstundes like mykje i tråd med føresetnadene som gjeld for scenariet ”den gode vilje”; altså ein reiselivsaktivitet som ikkje er i konflikt med dei som ønskjer ro og urørt natur. Vi meiner at skiljet høg og låg grad av motorisert ferdsel er viktigare enn type naturoppleving, fordi det er dette skiljet som er viktig i høve til spørsmålet om ulike turistmarknader lar seg kombinere.

1.3 ”Norsk natur” i vinden?

Noko som gjerne for stor merksemd i Noreg er når internasjonale media omtalar norsk natur. Slike omtalar blir gjerne tillagt stor verdi i å marknadsføre Noreg som ferieland. Sist i så måte er omtalen Noreg generelt og Fjord-Noreg (”Norwegian fjords”) spesielt fekk i reiselivsmagasinet National Geographic Traveller. I marsnummeret 2004 vart Fjord-Noreg rangert *på topp* av i alt 115 reisemål rundt om i verda. Fjord-Noreg fekk 82 poeng av 100 som den høgast mogelege poengsummen. Under har vi ført opp Fjord-Noreg med eit utval tilsvarande destinasjonar som vart vurdert.

Tabell 2 Rangering av eit utval destinasjonar¹⁰

Destination (score)	Description
Norwegian Fjords, NORWAY (82)	This place has wonderful, living traditional culture, wonderful landscape, not crowded. I am very happy how this destination is managed. Excellent environmental quality, local people involved in a very smooth way. Very good.
South Island, NEW ZEALAND (78)	Terrific context of history and natural resources, along with primary rural economy. Great scenic background and people. The NZ Department of Conservation takes these challenges seriously. Their management of resources should be examples for many others. A lesson for us all. Still a few issues with indigenous rights but strong on nature, tourism, environment, general community development.
Scottish Highlands, UNITED KINGDOM (75)	Mostly in good shape accept for occasional hot spots. Still retain the aura of remoteness and mystery. Needs more tourism of the cultural and natural heritage kind. Too much cheap coach traffic with little economic benefit accruing to community or for conservation of natural and cultural resources. Beautiful place to travel. Locals appear to have accommodated tourism without sacrificing their traditional way of life.
Kruger National Park, SOUTH AFRICA (74)	Major problems in generating local economic benefits, although environmental benefits seem adequate. Despite good ecological management and recent efforts to be community friendly, the majority of South Africans find it (like other SA National Parks)

⁹ Frå sesongen 2004 vil det bli gjennomført prøvedrift med motorisert ferdsel også inn til breen, m.a. ut frå at det har vore ulukker med hesteskyss.

¹⁰Henta frå nettutgåva av rangeringa:

www.nationalgeographic.com/traveler/scorecard/#anchor_8

	too expensive to frequent. This leads to economic exclusivity. The environmental education benefits to nationals are lost. Is it then a national park? Fantastic and relatively unspoiled. Some signs of wear and tear on certain roads, although overall the landscape has been preserved. Great way for tourists to encounter the natural ecosystem with minimal impact.
Colorado Rockies, USA (71)	Large enough to take a lot of abuse but still needs political protection before it is too late. High natural aesthetic appeal and has protected parks with clean trails. Skiing areas need more stringent planning control.
Bavarian Alps, GERMANY (70)	Considering the enormous amount of day visits, good visitor management, historic sites well-kept, very ecologically minded city administration. Unusually pristine for such a long-inhabited region. Even towns are attractive, being generally compact. Bavaria in all its boisterousness is still beautiful, offering many small hideaways for those who know how to look. Sky resort proliferation.
Yosemite Valley, USA (66)	We all know the Valley is crowded, but this park is a particularly special one. Even with all the people both the valley and the backcountry are breathtakingly beautiful and intellectually stimulating places. Scenery is great. The attempts at traffic management are to be commended but tourist numbers are a problem at certain times.
Bahamian Out Islands (63)	Mainly the Out Islands are authentic and unspoiled. Wonderful people who appreciate their islands and their heritage. Except for a couple of islands, there are currently not enough stringent measures and guidelines to ensure a sustainable destination. American developers are ruining these pristine islands.
Bali, INDONESIA (58)	It's easy to get away from the tourist traps. Find a place in a small village and wait. The culture comes alive around you. Bali is small but extremely complex and its culture surprisingly resilient to tourism. Environmentally there are major concerns, especially regarding resort golf courses. A dichotomy between the coast, sold to tourism, and the inside of the island, with wonderful landscapes, villages, people, and cultural way of life. But there, also, tourism begins to affect it.
Great Smoky Mountains, USA (49)	Smoky Mountains National Park is surrounded by a bathtub ring of ugly, insensitive development. Depending on where you enter, the area can be absolutely splendid or absolutely tragic. Communities are beginning to come together to work together, but the impact of 10 million visitors each year must be dealt with now. But still one of the most beautiful places in the U.S. This is one of the saddest situations anywhere—an extraordinary ecosystem being destroyed by external forces.

I nettutgåva av undersøkinga er det lista opp følgjande fem kriterium for rangeringa:

- Social/cultural integrity.
- Condition of built heritage (archaeological, historic, and current structures).
- Aesthetic appeal, both natural and human-made.
- The nature of tourism development

Til det siste kriterium vert det gitt følgjande utdjuping:

To what degree is it of appropriate character? Does it benefit local people in a way that encourages protection of the locale? How well are tourists informed about the locale and their proper role in it? And, perhaps most important, the future outlook for the

destination in terms of sustainability, taking into account all prevailing stewardship practices and policies.

Sjølv om det kan verke som om høg score i hovudsak gjeld at sjølve destinasjonen i seg sjølv er ”god”, går det fram av kommentarane i tabellen over at også miljøpolitikken må vere ”god” for at ein destinasjon skal få høg score i høve til alle kriterium. Og som det står i sitatet vert målet om ei berekraftig utvikling tillagt stor vekt.

Om vi ser spesielt på merknadene gitt til Fjord-Noreg er det følgjande forhold som blir trekt fram:


- levande kultur
- vakkert og ikkje ”overbefolka” landskap
- god miljøkvalitet
- god forvaltning av destinasjonen
- funksjonell involvering av lokalbefolkninga

Det er altså kombinasjonen av levande bygder, urørt og rein natur og ei fornuftig forvaltning som også trekjer inn lokalbefolkninga som har slått ut så positivt.

I samband med merkevarearbeidet til Norges Turistråd er det gjennomført ei spørjeundersøking av om lag 2000 personar om haldningar og oppfatningar knytt til *naturbasert ferie*. Resultata frå denne undersøkinga er ikkje i tråd med rangeringa vist til over, i den forstand at Noreg *ikkje* vert peika ut som mest attraktiv når det gjelder naturbasert turisme. I undersøkinga kjem New Zealand og Canada ut som mest populære¹¹. Noreg kjem saman med Austerrike, Sveits, Skottland og Irland i ein mellomstilling med, medan Alaska, Sverige og Danmark får tilslutning på noko under halvparten av dei to mest populære landa.

Samstundes *stadfester* undersøkinga at det er fjordar som er den kvaliteten ved Noreg som utanlandsturistane verdset mest (jf figuren under). På spørsmålet om kvifor folk eventuelt *ikkje* vil reise til Noreg vert det vist til det kalde klimaet (45 prosent) og oppfatning av Noreg som "kjedeleg" (18 prosent). Det er vidare verdt å ta med seg at svaralternativet "dyrt" berre fekk tilslutning frå 3 prosent av intervjuobjekta.

¹¹ Med graderingen "very attractive" frå hv. 46 og 41 prosent av dei som svarte.



Figur 3 Årsaker til at naturbasert ferie i Noreg blir vurdert som attraktiv. Del personar som viser til ulike kvalitetar (totalt 889 personar)¹²

1.4 Det todelte reiselivet

I mange samanhengar blir reiselivet framstilt som ei distriktsnæring. Eit slikt utsegn er både riktig og galt. Det er galt i den forstand at den samla omsetning for reiselivet er størst i sentrale strøk; eller meir konkret i dei største byene. Samtidig er det klart at reiselivet relativt sett har størst vekt i distrikta; det er her reiselivsnæringa står for den største delen av den samla lokale verdiskapinga (jf figuren under).


Den største omsetnaden i reiselivsnæringa finn vi i dei store byane der lokale kundar i all hovudsak utgjer etterspørselen. Denne delen av reiselivsnæringa kan på sett og vis karakteriserast som den *skjerma* delen av reiselivsnæringa, i den forstand at her er den lokale innanlandsmarknaden meir viktig.

Men det er i distrikts-Noreg at reiselivsnæringa har størst økonomisk verdi. Reiselivsnæringens del av total omsetning i distrikts-Noreg viser relativt mange kommunar med mellom 25 og 60 prosent av sin omsetnad frå reiselivsnæringa. Reiselivet i distrikta er også den delen av næringa som i størst grad er direkte avhengig av natur som ressursgrunnlag; av nokre også definert som den ressursbaserte delen av reiselivet. Nå er det rett nok slik at det ofte vil vere eit nært samband mellom eit "by-" og "distriktsreiseliv", t.d. ved at reiser ut i distrikta gjerne startar i byane eller er kombinert med meir typiske formar for byturisme. Men denne delen av reiselivsnæringa er også i sterkare grad enn tilfellet er for reiselivet i byane utsett for internasjonal konkurranse, enten den baserer seg på norske eller utanlandske kundar, og omfattar for det meste fritidsreiser – eller det vi til vanleg kallar "turisme".

Dette skjer samtidig med at reiselivsnæringa i distrikta slit. I tillegg til ein generell nedgang i tall overnattingar på landsbasis, har marknadsdelen for

¹² Resultata er henta frå lysarkpresentasjonen "Total market description, Graphical summary report November 2000" laget av MarkUp Consulting for Norges Turistråd.

bygde- og fjellhotell gått ned frå om lag 60 prosent i 1992 til under 50 prosent i 2002. Utfordringa i bygde-Noreg med omsyn til ny næringsutvikling er store, og det vert ofte knytt store forventningar til reiselivsnæringa si rolle i denne utviklinga.



Figur 4 Reiselivets omsetning i absolutte tal (til venstre) og som relativ del av samla lokal omsetning (til høgre). Kartutsnitt frå Sør-Noreg¹³ (Jakobsen mfl 2002)

I vår samanheng er det nettopp reiselivet i distrikta som er i hovudfokus der natur er det heilt avgjerande ressursgrunnet. Samstundes er det klart at det til ein viss grad er ein lagnadsfellesskap mellom reiselivet i byane og i distrikta, mellom anna fordi byane ofte tener som inngang til reiser "ut i distrikta".

1.5 Endringar i naturvernpolitikken

I innleiinga viste vi til den politiske debatten i Noreg om bruk av nasjonalparkar i reiselivssamanheng. I samband med revidert nasjonalbudsjett våren 2003 blei det gitt klare politiske signal om å leggje til rette for auka turismessig bruk av våre nasjonalparkar. I tillegg vart det gitt signal om endringar også i *naturvernpolitikken* (omtalt i Aall 2003):

- Prioritere arbeidet med nye forvaltningsplanar for verneområde i fjellet.
- Legge til rette for auka lokalpolitisk medverknad i verneprosessar.

¹³ For ordens skyld: Tilsvarande kart er laget også for Nord-Noreg.

- Fortsette utviklingsarbeidet med delegasjon og lokal/regional forvaltning av verneområde.

Når det gjeld temaet *motorisert ferdsel og tekniske inngrep* vert det vidare vist til følgjande:

- Regjeringa legg til grunn at allmenne omsyn talar imot å gje konsesjon til motorisert luftferdsel i nasjonalparkar og andre viktige verneområde.
- Regjeringa vil gjennomføre nødvendige lovendringar slik at også flyginga – i tillegg til start og landing – vert omfatta.
- Det er viktig å skjerme viktige friluftsområde mot støy frå kjøretøy på bakken, småfly og helikopter.
- Utvikling av nye modeller for motorferdselsforvaltning for å få betre styring og kontroll med motorferdsel i utmark.

I 2003 starta Direktoratet for naturforvaltning ei forsøksordning med overføring av forvaltningsansvaret til kommunane for to større verneområde: Dovrefjell – Sunndalsfjella nasjonalpark med tilliggjande landskapsvernområde, biotopvernområde og naturreservat; og Forollhogna nasjonalpark med tilliggjande landskapsvernområde. Forsøket skal gå over fem år og evaluerast under vegg.

I statsbudsjettet for 2004 varsla regjeringa det dei sjølv karakteriserer som ei stor satsing på oppretting av nye nasjonalparkar¹⁴. Regjeringa planlegg å opprette tre nye nasjonalparkar i 2004: Varanger-halvøya, Reinheimen og Folgefonna. I tillegg foreslår regjeringa ei utviding av Gutulia nasjonalpark. Vidare gjer regjeringa framlegg om fleire nye landskapsvernområde: Naustdal og Gjengedal, Geiranger og Heldal, Åfotbreen, ytre kystsone Flekkefjord og ytre kystsone Kristiansand og Mandal.

I 2004 gjennomfører Direktoratet for naturforvaltning ei evaluering av nasjonalparksentra (i alt ni sentra) med tanke på å styrke arbeidet med naturinformasjon, m.a. i høve reiselivet. I tillegg er det under planlegging og etablering fem nye senter: Reisa nasjonalparksenter, Nordland nasjonalparksenter (Saltfjellet-Svartisen), Lierne utmarkssenter (Gressåmoen/Verdal-Snåsa-Lierne nasjonalparkar), Femundsmarka nasjonalparksenter og Folgefonna.

Samla sett gjev det som er vist til over eit inntrykk av at nasjonalparkar og andre større verneområde kan få ei langt meir sentral og aktiv rolle i høve reiselivet i åra som kjem. I dette ligg venteleg også at det kan oppstå konfliktar mellom verne- og reiselivsinteresser, noko som er med å underbygge trongen for å styrke kunnskapen omkring bruk av nasjonalparkar i reiselivssamanheng.

1.6 Ei svekka landbrukspolitik

Spørsmålet om kvalitetsturisme er nært knytt til utviklinga innafor *landbruket* på to måtar: eit aktivt landbrukslandskap er ein viktig del av sjølve opplevinga -

¹⁴ www.dep.no/md/norsk/aktuelt/presse/022011-070050/index-dok000-b-n-a.html

produktet - som inngår i omgrepet kvalitetsturisme, og bonden kan ha ein sentral rolle som tilbydar av tenester innafør kvalitetsturisme. Endringar innafør landbrukspolitikken og i neste omgang innafør sjølve landbruket er difor heilt sentralt i høve til kvalitetsturisme.

Landbrukspolitikken har vore under sterkt press dei siste åra. Svekking av importvern, reduksjon i omfanget av landbruksoverføringane og overgang frå produksjons- til arealstøtte er dei mest markerte endringane. Samstundes har landbruket også endra seg, som eit resultat av endringar i landbrukspolitikken og andre prosessar. Sjølv om det samla arealet dyrka mark er om lag på same nivå som for 50 år sidan, har tal brukarar godt ned drastisk – med meir enn 50 prosent – dei siste 50 åra. Mange mindre bruk i distrikta er lagt ned og bruken av utmarka har endra seg dramatisk - noko som i sum har store konsekvensar for kulturlandskapet i dei same distrikta. Ei viktig endring for mange små bruk på Vestlandet er endringar i strukturprofilen i landbrukspolitikken, der ordninga med relativt meir i støtte for dei første dekar, dei første husdyr eller kg levert, er kraftig svekka. Også andre ordningar som disfavoriserar små bruk har vorte styrka dei seinaste åra. Desse endringar har ikkje berre svekka økonomien på små bruk, men dei har også gjort det langt mindre lønsamt å ha ein allsidig produksjon på større bruk, som inneber ei ytterlegare spesialisering både på bruk- og regionnivå

Omleggingane omtalt over har ført til auka fokus på utvikling av nye næringar i landbruket. I St.meld. nr. 19 (1999-2000) "Om norsk landbruk og matproduksjon" heiter det m.a.:

For å styrke inntektsgrunnlaget for landbruket, mener Regjeringen det er nødvendig at landbruksnæringen sikres muligheter til auka næringsmessig utnyttelse av utmarka. Utmarksressursene kan ha stor kommersiell betydning for grunneiere og bygdesamfunn.

For å leggje til rette for ei slik utvikling har landbruksminister Sponheim signalisert at¹⁵:

..fylker og kommuner (må) få større anledning til lokal tilpassing av nasjonale virkemidler og større mulighet for å se landbrukspolitik i sammenheng med øvrig næringspolitikk og ressursforvaltning.

Frå politisk hald er det også signalisert interesse for at den einskilde gardbrukar i større grad deltar direkte i foredlinga av eigne produkt, t.d. gjennom gardsysteri og anna form for vidareforedling. Verkemiddel for å få til omlegging frå konvensjonell til økologisk drift inngår også i denne omstillingsstrategien. Men framleis er det to ulike og delvis motstridande liner i landbrukspolitikken: den tradisjonelle lina som har vore rådande dei siste tiåra, som kan karakteriserast gjennom stikkord som strukturrasjonalisering, effektivisering, bulkproduksjon og satsing på heiltidsbruk. Den andre lina trekkjer i retning av småskala landbruk, nisjeproduksjon og fokus på alternative næringar - ikkje minst reiseliv i form av bygdeturisme. Og det er denne andre lina som synast å byggje sterkast opp om kvalitetsturisme og det naturbaserte reiselivet. Det er også her koplinga til målet om ei berekraftig utvikling er sterkast - og med det slektskapen til berekraftig reiseliv.

¹⁵ http://odin.dep.no/ld/norsk/aktuelt/taler/statsraad_a/020061-090018/index-dok000-b-n-a.html

1.7 Ein internasjonal kontekst

Utfordringar reiselivet står overfor inngår også i ein *internasjonal* kontekst. Av særleg relevans her er endringane som skjer innan EU som omlegging av struktur- og landbrukspolitikken, og dei internasjonale forhandlingane i regi av Verdens handelsorganisasjon (WTO).

I EU er det to prosessar som er relevante: Omlegging av strukturpolitikken, som m.a. inneber initiativ for å utvikle ein eigen *fjellregionpolitikk*; og omlegging av *landbrukspolitikken*, som inneber både ei nedbygging av støttenivået og endringar når det gjeld innretting på landbruksoverføringane.

Det vert for tida arbeida i EU med å kome frem til fysisk-romlege og sosio-økonomiske kriterium for å lage eit kart over fjellregionane i Europa, som igjen skal danne grunnlag for støtteordningar – altså kven som kan få og kven som ikkje kan få støtte ut frå eigenskapen ”fjellregion”¹⁶. Støtte til utvikling av nye formar for reiseliv i fjellregionar vil venteleg bli eitt viktig tema i den nye regionalpolitikken.

Når det gjeld endringar i EU sin landbrukspolitik er det særleg to forhold som er interessante i denne samanhengen: For det første ønskjer ein å forsterke omlegginga til produksjonsuavhengig støtte; dvs støtte per bruk og støtte til stell av kulturlandskapet; ikkje støtte per produsert eining. Vidare er det signal om endringar knytt til artikkel 24 ”spesielle stønadstiltak”, som m.a. gjeld støtte til ”kvalitetsmat”, ”lokalmat” og tilsvarende tiltak for å auke verdiskapinga på dei einskilde gardsbruka. I det første tilfelle er det landbruket forstått som ressursgrunnlag for reiselivet som ein ønskjer å støtte; i det andre tilfelle er det utvikling av produkt og tenester som kjem inn under overskrifter som kvalitetsturisme, naturbasert turisme og bygdeturisme. I begge tilfelle er det omleggingar som isolert sett kan *byggje opp under* den forma for reiseliv vi fokuserer på her.

Forhandlingane om nye internasjonale handelsordningar i regi av WTO vil venteleg få dramatiske konsekvensar for norsk landbrukspolitik. Sjølv om den siste forhandlingsrunden ikkje førte fram, synast det likevel rimeleg å vente at dei resultata som låg føre frå siste forhandlingsrunde i stor grad vil bli gjeldande. Det er meir spørsmål om *kva tid* endringane vil skje. Det inneber i tilfelle ei sterk nedbygging av dei viktigaste støtteordningane og tollsatsane innafor norsk landbrukspolitik tilsvarende i storleiken 100.000 – 200.000 kroner per gardsbruk (innafor såkalla gul og blå boks). Den forma for støtteordning som vil kunne oppretthaldas vil venteleg vere innafor den såkalla grønne boksen. Dette er tilskot som t.d. kan gjelde oppretthalding av kulturlandskap og andre formar for tilskot med forankring i ein offentleg miljøplan, så lenge slike tilskot ikkje er handelsvridane eller produksjonsdrivande. Truleg kan støtte til ”produksjon av vern” – dvs at gardsbruk for støtte til å oppretthalde kulturlandskapsverdiar innafor og i tilknytning til verneområde – tilfredsstillende krava om ”grønne tilskot”. Samstundes

¹⁶ Vestlandsforskning deltok norsk partner i det konsortiet som utvikla framlegg til kriterium (NordRegio 2004). Kriteria er nytta i ”The Third Cohesion Report”: http://europa.eu.int/comm/regional_policy/sources/docoffic/official/reports/cohesion3/cohesion3_ein.htm

er det rimeleg å sjå for seg at utfallet av WTO-forhandlingane er at nedgangen i tall sysselsette og omstruktureringa innan landbruket vil fortsette. Dette kan igjen innebere ei *svekking* av vilkåra for den type reiseliv vi fokuserer på.

Det er vanskeleg å spå om kva som kan bli sumeffekten i høve reiselivet av dei internasjonale endringane som er omtalt over. Det synast likevel rimeleg å hevde at desse endringane kan gje ei *generell svekking* av vilkåra for naturbasert reiseliv i område som i dag er prega av landbruk. Ulike spesialordningar, t.d. innafor den "grøne boksen" eller EU sine strukturfond, kan nok føre til at einskilte landbruksområde klarer seg nokolunde bra gjennom satsing på reiseliv. Det vil då gjerne vere i form av meir småskala formar for bygdeturisme. Men det er vanskeleg å sjå for seg korleis ein skal unngå at kulturlandskapet i stor målestokk vert sterkt prega av omleggingane som ligg innebygd i GATT-forhandlingane. Dette vil i tilfelle vere ei stor utfordring, ikkje minst på kunnskapsområdet, i høve den type reiseliv vi fokuserer på.

1.8 Reiselivets kollektive gode

Ressursgrunnlaget i det naturbaserte reiselivet og i bygdeturismen må i stor grad oppfattast som eit såkalla *kollektivt gode*. Det gjeld særleg spørsmålet om fri ferdsel og allemannsretten i utmark, men også kvalitetar knytt til kulturlandskapet. I det siste tilfellet er det meir landskapsbiletet enn sjølve det å opphalde seg i eller på anna måte direkte bruke kulturlandskapet som utgjer det kollektive godet.

Økonomisk teori skiljar mellom to typar gode; *kollektive* og *private*, der forskjellen ligger i graden av *ekskluderbarhet* og *rivalisering*. I sin yttarste forstand er eit privat gode både ekskluderbart og rivaliserande, medan kollektive gode ikkje har desse kjenneteikna. Verksemdar som tilbyr reiselivsprodukt vil måtte oppfattast som produsentar av private gode. Det at nokon kjøper eit hotellopphald, eller ein guida tur, gjer at nokon andre ikkje kan kjøpe akkurat den plassen, og det blir ein plass mindre for andre å velje mellom. Reiselivsproduktet genererer ein økonomisk vinst som i tilfelle med kvalitetsturisme ofte er heilt eller delvis basert på bruk av utmark – eventuelt også verna område - eller nær knytt opp til slike. Verksemda eiger då ikkje fullt ut driftsmidla sine, fordi det private godet (reiselivsproduktet) springer ut frå ulike former for kollektive gode, som verna området, allemannsretten i utmarka eller kulturlandskapet forstått som "vakkert landskapsbilete". Vår poengtering omkring kollektive gode er mest markert når det gjeld spørsmålet om turistmessig bruk av område i eller i nær tilknytning til verna område. Ved eit vern må innbyggjarane gje avkall på noko, for å få noko anna. Dei kan ikkje utnytte ein naturressurs, men får urørt natur. Sjølv om innbyggjarane i første omgang støtter opp om vernet, fordi det fører til auka velferd, kan dette forholdet endre seg over tid fordi preferansane kan endrast. Det kan kome eit ønske om å justere bruken av naturressursane. Dette kan skuldast at innbyggjarane ikkje har ei tilstrekkelig oppleving av nytte ved den eksisterande allokeringa av ressursbruken, og *legitimiteten* til vernet vert difor svekka. Eksempel på faktorar som påverke dette er om innbyggjarane aldri sjølv får oppleve kor storslått eit område er, eller om lokalbefolkninga opplever å få redusert sin nytte som følge av vernet utan at kompensasjonen blir opplevd å

vere tilstrekkeleg. Om dette skjer i stor nok grad, eller om det totale arealet av verna områder blir tilstrekkeleg stort, så kan det føre til eit krav om at områda blir meir tilgjengelig, t.d. ved at graden av vern vert redusert. Når spørsmålet om auka turistmessig bruk av større verna områder er sett på den politiske dagsorden er det rimeleg å tru at dette skjer med bakgrunn i ei førestilling om at den totale velferda dermed vil auke. Auka turistmessig bruk vil normalt føre til ein viss svekking av vernet, fordi det normalt ikkje vil vere mogeleg å utøve ein aktivitet utan at noko natur vert "forbrukt". På den andre sida resulterer det i ein økonomisk aktivitet som gjev ei utvida budsjettskranke, og altså auka velferd. Problemet ligg i å finne nivået der velferda faktisk aukar slik som ønska samstundes som bruken ikkje får utilsikta eller uheldige konsekvensar.

Eit privat gode som spring ut frå eit kollektivt gode kan få eit missforhold mellom hausting av den marginale inntekta og dekking av den marginale kostnaden – noko som ofte fører til eit høgare aktivitetsnivå enn om eigedomsretten var klart definert. Dette missforholdet kan bli ytterligare styrka fordi inntekta er i form av pengar, medan kostnaden t.d. kan vere ein reduksjon i det biologiske mangfaldet; ein kostnad som det er vanskeleg å kvantifisere. Dette forholdet kan lett føre til *eksterne* effektar, det vil seie at økonomisk aktørar influerer på ein annen aktørs nyttenivå, utan at dette gjenspeiler seg i ein marknadstransaksjon. Slike effektar kan ha positiv eller negativ valør, men i vårt tilfelle har dei ofte form av å vere *negative*. Eit slikt tilfelle kan vere knytt til fysiske verdiar, der aktiviteten resulterer i at området får ein redusert kvalitet. Eksempelvis kan dette oppstå ved ein slitasje på terrenget av den type vi ser frå Memurubu på veg opp til Besseggen, eller at det biologiske mangfaldet blir varig påverka. Bruken av området har i slike tilfelle redusert nytten til framtidige generasjonar.

Eit anna eksempel oppstår dersom ein reiselivsbedrift finner det meir lønsamt, eller av andre grunnar ønskeleg, å ta med svært mange turistar ut i eit området. Denne aktiviteten gjer kan hende ikkje noko vidare skade på naturen, men dei er i eit område der allemannsretten gjeld – og der det difor er fri ferdselsrett. Dette kan da redusere turopplevinga til ein tredjeperson som kanskje prefererer ro og einsemd. Det er vidare verdt å merke seg at sjølv om dei mange turistane får auka nytte så vil ikkje det automatisk kunne kompensere for tapet som den einslege turgåaren blir stilt overfor. Dette fordi man då må kjenne alle parters nøyaktig preferansar, og kor sterke desse er. Eit asymmetrisk forhold i preferansane kan i særleg grad vere kulturelt bestemt, t.d. ved at vedkomande einslege turgåar har eit sterk tilhør til det aktuelle området. Natur er vidare litt spesielt fordi det kan vere ei nytte i berre det å vite at eit område eksisterer urørt, og det trenger altså ikkje vere kopla til eit fysisk "konsum". Slike problemstillingar kan også gjelde når den andre aktøren er ein bedrift som eksempelvis satsar på å selje naturoppleving med vekt på ro og einsemd. Dei to satsar då på ulike, ikkje kombinerbare kundesegment, og når begge eiger området like mykje oppstår spørsmålet om kven som må vike.

Problema knytt til utnytting av kollektive gode kan i og for seg relativt enkelt løysast gjennom reguleringar og bruk av avgifter. Poenget er å få fram at den forma for reiseliv vi fokuserer på nettopp dreier seg om utnytting av kollektive gode, og må difor handsamast som nettopp det – ikkje som eit avgrensa privat gode.

2 Normativ forankring

2.1 Berekraftig utvikling som forankringspunkt

Vi har alt fleire gonger vist til at kvalitetsturisme har ei normativ forankring i målet om ei *berekraftig utvikling*. Dette gjev også eit nært slektskap til berekraftig reiseliv. Ei slik forankring er ikkje like klart uttalt når det gjeld naturbasert reiseliv eller bygdeturisme. Vårt utgangspunkt er å gjere tydelegare den normative forankringa i målet om ei berekraftig utvikling. Dette er viktig for å gje normativt orientert og strategisk forskning omkring kvalitetsturisme eit fast forankringspunkt. Utan eit tilstrekkeleg fast forankringspunkt vil det vere meir problematisk å drive med den typen strategisk og normativt orientert forskning som inneber forskning både ”om” og ”for” kvalitetsturisme.

Verdskommisjonen sin rapport ”Vår Felles Framtid” frå 1987 er det første politisk sanksjonerte forsøket internasjonalt på å utdjupe meininga av berekraft som eit fysisk-biologisk-sosialt konsept gjennom lanseringa av berekraftig utvikling som eit normativt omgrep for både å gje ei omtale av og påverke globale forhold (Lafferty og Langhelle 1995). Rapporten definerer berekraftig utvikling på følgjande måte (Verdskommisjonen 1987, s. 42)

en utvikling som tilfredsstillar dagens behov utan å ødelegge for framtidige generasjoners mulighet til å tilfredsstillast sin behov

Dette omfattar i følgje rapporten to nøkkelmoment: (1) Det å dekkje behov, med første prioritet på å dekkje dei grunnleggjande behov til verdas fattige - og (2) at dagens teknologiske og sosiale organisering set klare grenser for i kva grad miljøet kan stette behova i dag og i framtida.

Verdskommisjonen knyter utviklingsomgrepet til eit normativt val av utviklingsretning, der kravet om berekraft er ei avgrensing lagt på utviklingsmålet (Lafferty og Langhelle 1995, Malnes 1990). Utviklingsmålet er i hovudsak retta inn mot å sikre dei grunnleggjande behov for alle menneske på jorda i dag, og for framtidige generasjonar. I tråd med todelinga i omgrepet – ”berekraft” og ”utvikling” - skil rapporten mellom to former for berekraft:

- *Økologisk* berekraft: det å halde ved like alle essensielle økosystem.
- *Sosial* berekraft: ei rettferdig fordeling av godar og byrder i ”tid” (generasjonsrettferd) og ”rom” (global rettferd).

Omsynet til den økologiske berekrafta ligg likevel som eit *minstekrav* i Verdskommisjonen sin definisjon av ei berekraftig utvikling¹⁷.

Det har i etterkant av framlegginga av Verdskommisjonen sin rapport vore ein omfattande faglig og politisk debatt om innhald i berekraftomgrepet, og det er

¹⁷ I rapporten er dette omtalt på følgjande måte: ”Minstekravet for en bærekraftig utvikling er at de naturlige systemene som opprettholder livet på jorden, atmosfæren, vannet, jordsmonnet og alt som lever, ikke settes i fare” (Verdskommisjonen 1987, s.43).

gjort mange forsøk på å klargjere omgrepet¹⁸. Lafferty og Langhelle (1995, s.313) framhevar at debatten om Verdskommisjonen sin rapport først og fremst ”dreier seg om hva (bærekraft) målet egentlig innebærer, og hvordan målet best kan nås”. Det å forstå og tolke bærekraftmålsettinga, ikkje minst sett inn i ulike kontekstar som t.d. ”reiseliv”, er difor ein del av oppfølginga av rapporten, og ikkje ein prosess som endeleg kan verte ”sluttført” (Høyer 1997).

Trass i fagleg og politisk usemje om dei praktiske konsekvensane av ein bærekraftorientert politikk er det likevel rimeleg å hevde at det er ein brei konsensus internasjonalt om nokre grunnleggjande *nøkkelkarakteristika* ved målet om ei bærekraftig utvikling (Lafferty og Langhelle 1995, Høyer 1997). Basert seg på ein gjennomgang av Verdskommisjonen sin rapport og dokument som er produsert av FN i oppfølginga av arbeidet til Verdskommisjonen har Høyer (1997) identifisert åtte slike *nøkkelkarakteristika* (sjå figuren under), som har utspring i dei to hovudperspektiva på målet om ei bærekraftig utvikling: Den økologiske og den sosiale bærekrafta.



Figur 5 Sentrale karakteristika ved målet om ei bærekraftig utvikling (Høyer 1997)

Lafferty og Langhelle (1995) peiker på fleire grunner til å ta på alvor bærekraftig utvikling som overordna mål for samfunnsutviklinga. Den internasjonale politiske *oppslutninga* om bærekraftmålet er i ein historisk samanheng eineståande, symbolisert ved at 177 nasjonar i 1992 underteikna Rio-erklæringa og slutta seg til FN sin handlingsplan for ei bærekraftig utvikling: Agenda 21. Bærekraftomgrepet har tilsynelatande også ein stor *etisk legitimitet*, ved at omgrepet kan støtte seg til to tradisjonelt sett motstridande etiske retningar: Omgrepet får ein høy grad av ”realisme” gjennom sin vitenskaplege basis i det økologiske bærekraftperspektivet, der førestillinga om tolegrensa i naturen er eit sentralt element. Samstundes representerer fordelingsperspektivet ein ”konsensualisme” ved at desse perspektiva er basert på konsensus i demokratisk-politiske prosesser (Lafferty og Langhelle 1995).

I den før omtalte forståinga av kvalitetsturisme som er gjort gjeldande innfor EU, er forankringa til målet om ei bærekraftig utvikling særleg knytt til to forhold:

- At reiselivsverksemd skal skje utifrå omsyn til *tolegrensar* i lokal natur og kultur.

¹⁸Holmberg (1992) har for eksempel påvist minst 70 ulike definisjonar av omgrepet bærekraftig utvikling. Mähler (1990) viser at det også i Verdskommisjonen sin rapport er minst seks ulike definisjonar av omgrepet som delvis er motstridande.

- At det vert gitt prioritet til utvikling av reiseliv i *vanskelegstilte regionar*.

Dei to forholda knyter seg høvesvis til den økologiske og den sosiale berekraftdimensjonen. Men desse to forholda omfattar berre *delar* av berekraftmålet. I det *første* punktet ligg ei avgrensa til berre å omfatte dei *lokale* miljøproblema, medan den økologiske berekrafta først og fremst rettar seg inn mot dei *globale* miljøproblema. I nokon grad kan ein seie at det - i alle fall implisitt - også ligg inne eit omsyn om fordeling av godar i *tid* (generasjonsrettferd), i den forstand at ein også tek omsyn til framtidige generasjonar sin tilgang på naturressursar. Men også her er det ei avgrensing i høve eit lokalt (eller nasjonalt) perspektiv i motsetnad til eit globalt perspektiv. På tilsvarande måte inneber det *andre* punktet ei avgrensinga til det nasjonale når det gjeld fordeling av godar i *rom* (global rettferd). Det kan difor vere riktig å seie at EU sin forståing av kvalitetsturisme nok er forankra i målet om ei berekraftig utvikling, men at det er ut frå eit avgrensa *lokalt* berekraftperspektiv, medan det eksplisitt *globale* berekraftperspektivet er langt mindre tydeleg¹⁹.

2.2 Agenda 21 som forankringspunkt

FN har lagt opp til at ein skal nå målet om ei berekraftig utvikling gjennom arbeidet med Agenda 21. Det internasjonale samfunnet har slutta opp om denne tanken gjennom ei rad internasjonale konferansar med deltaking frå statsleiarar og regjeringsmedlemmar. Det vert arbeidd med Agenda 21 prosessar på ulike forvaltningsnivå (nasjonalt, regionalt, lokalt) og innafor ulike delar av samfunnet (næringar, friviljuge organisasjonar osv). Også reiselivet har arbeidd med Agenda 21.

Agenda 21 dekker i alt 40 ulike tema og 115 separate programområde. Men trass i den tematiske breidda og ambisjonar om å omfatte alle grupper i samfunnet, er reiselivsnæringa nesten ikkje omtalt i Agenda 21-dokumentet – eller for den del i Verdskommisjonen sin rapport. I den grad reiseliv er omtalt i Agenda 21, er det med nokre korte tilvisingar til *økoturisme* som verkemiddel til å fremje ei meir berekraftig utvikling (Johnson 1993)²⁰. Slike former for turisme står for berre 3-7 prosent av det globale reiselivsmarknaden (WTTC/WTO/EC 1995) og er marginal i miljøsamheng, om ein nyttar ein litt streng definisjon av økoturisme (Teigland og Aall 1999).

Sjølv om reiselivet fekk liten merksemd i Agenda 21 var reiselivet den første næringa internasjonalt som la fram ei eigen Agenda 21 plan: *Reiselivets Agenda*

¹⁹ Som ein kuriositet kan nemnast følgjande utsegn som kom under eit ope møtet i januar 2001 om planane for ei storstilt reiselivsutbygging rundt Gaustatoppen: "Bærekraftig utvikling er viktig. Jeg anbefaler at kommunen legger til grunn målet om lokal bærekraft som innebærer å styrke befolkningsgrunnlaget, arbeidsplasser lokalt og ta hensyn til natur og kultur. Den globale bærekraften anbefaler jeg at kommunen driter i, det får nasjonale og internasjonale politikere ta seg av". Det var ein hotelleigar og ein av storinvestorane i den planlagde utbygginga som kom med dette utsegnet. Møtet vart arrangert av Tinn kommune. Kommunen har vedteke eit mål om berekraftig reiseliv og at ein skal leggje Lokal Agenda 21 til grunn for arbeidet med reiseliv og miljø (sitat henta frå pressemelding utgitt av Norges naturvernforbund 10.01.01, www.naturvern.no/presse/100101_2.htm).

²⁰Omtalt i kapitel 11 (om å hindre avskoging), 17 (om å verne hav og kystområde) og 36 (om trongen for betre utdanning og offentleg miljøomsyn).

21 (WTTC/WTO/EC 1995). Planen var utarbeidd i eit partnerskap mellom World Travel and Tourism Council (WTTC), FN sitt organ for reiseliv World Tourism Organisation (WTO) og ein internasjonale samanslutning av friviljuge organisasjonar som blei etablert for å følgje opp Rio-konferansen, Earth Council (EC).

Planen har som overordna mål å etablere eit system og prosedyrar for å få omsynet til ei berekraftig utvikling inn som eit kjerneelement i alle avgjersler innan reiselivet, og identifisere tiltak som er naudsynte for å gjere reiselivet berekraftig. Vidare identifiserte planen tre sentrale verkemiddel:

- introduksjon av nye eller strengare reguleringar for å verne helse og miljø
- bruk av marknadsmekanismar
- friviljuge program leia av reiselivsindustrien sjølv ("sjølvregulering")

WTTC har i andre dokument presisert at marknadsmekanismar og sjølvregulering er å føretrekke. Berre om næringa ikkje gjennomfører effektive program og tiltak innan rimeleg tid, bør styresmaktene gjennomføre reguleringar (Teigland og Aall 1999).

Den manglande merksemda omkring reiselivet i Verdskommissjonen sin rapport og Agenda 21 er prøvd retta opp av FN i arbeidet med oppfølginga av Agenda 21 i regi av FNs kommisjon for berekraftig utvikling (CSD). I sin årlige oppfølgingskonferansar knytt til Agenda 21 valta CSD i 1999 å setje reiselivet på dagsorden. Konferansen enda opp med ei oppfordring om ytterligare liberalisering av internasjonale turistreguleringar som del av Gattforhandlingane, fordi dette vil føre til auka turisttrafikk til og mellom utviklingslanda, noko som i følgje konferansen vil vere med å styrke utviklinga i den fattige del av verda (CSD 1999). Sterk motstand frå utviklingslanda førte til få motførestillingar på konferansen om miljøkonsekvensane av å auke omfanget av den globale reiselivsrelaterte transporten (Teigland og Aall 1999).

I 1998 gjorde FN sitt økonomiske og sosiale råd (ECOSOC) framlegg om at 2002 skulle vere *økoturismens år*. Eit av dei viktigaste utfalla av denne satsinga var at økoturisme blei akseptert internasjonalt som eit politisk sett viktig konsept. Reiselivsnæringa er ein sentral økonomisk utviklingsaktør globalt. Ein av hovudkonklusjonane frå FN sitt år for økoturisme vart difor at det er viktig framover å overføre prinsipp for økoturisme og berekraftig reiseliv til *alle* formar for reiselivsutvikling (WTO 2003).

Våren 2002 – ti år etter Rio-konferansen - la regjeringa fram sitt første utkast til ein Nasjonal Agenda 21. Planen har blitt kritisert for å vere lite konkret. Men meir interessant i vår samanheng er at planen ikkje i det heile tatt omtaler reiselivet. Hausten 2003 la regjeringa så fram den endelege versjonen av Nasjonal Agenda 21, som ein del av statsbudsjettet for 2004²¹. Men også no er reiselivet (så godt som) fråverande. Den einaste samanhengen der reiselivet er omtalt, er følgjande utsegn i innleiinga til kapittel 2.7 om miljøvernpolitikken:

²¹ www.odin.dep.no/archive/finvedlegg/01/27/na21_024.pdf

Naturen er også vesentlig som næringsgrunnlag, både gjennom tradisjonell utnyttelse av naturressurser og for en voksende reiselivsnæring, der ren og uberørt natur er viktig.

Situasjonen i Noreg er med andre ord lik det som gjaldt for hovuddokumentet, Agenda 21: reiselivet er ikkje omtalt. Og tilsvarende som internasjonalt er det også i Noreg reiselivsnæringa sjølv som har sett Agenda 21 på dagsorden.

På oppfordring frå dåverande Nærings- og Handelsdepartement sommaren starta Reiselivsbedriftenes Landsforbund (RBL) i 1997 arbeidet med å lage eit miljøprogram med nemninga Agenda 21 (RBL 1998). Miljøprogrammet gjev ein omtale av RBL sin overordna miljøpolicy, fremjar forslag til organisering av miljøarbeidet og konkrete forslag til eit handlingsprogram som gjeld marknadsføring, utvikling av system for miljøleing for medlemsbedriftene, bidrag i lokal reisemålsutvikling og tiltak for å redusere miljøkonsekvensane av reiselivsrelatert transport. Det er likevel usikkert i kva grad programmet er følgt opp.

2.3 Forankring med svakt ankerfeste?

Vi innleia dette kapittelet med å vise til at vi ønskjer å tydeleggjare ei normativ forankring i målet om ei berekraftig utvikling. Det sentrale poenget er at det er etablert *omfattande politiske prosessar* på alle nivå – frå det internasjonale og ned til det heilt lokale – som arbeider med å snu utviklinga i ei meir berekraftig retning. Og desse prosessane har utgangspunkt i målet om ei berekraftig utvikling slik målet blei definert i Verdskommisjonen sin rapport og Agenda 21 lagt fram på Rio-konferansen i 1992. Målet har seinare vore re-definert gjennom FN sine oppfølgingskonferansar "Rio+5" i New York (1997) og "Rio+10" i Johannesburg (2002) og dei årlege oppfølgingskonferansane til CSD, utan at målet har blitt vesentleg endra.

Sjølv om det difor er mogeleg å identifisere eit relativt klart forankringspunkt i målet om ei berekraftig utvikling, er det vanskeleg å peike på at eit slikt forankringspunkt politisk sett er fult utvikla for reiselivet. Sjølv om reiselivsnæringa har gitt bidrag i arbeidet med å utvikle eit slikt forankringspunkt, er det framleis lite som er utvikla i sentrale nasjonale og internasjonale styringsdokument – t.d. illustrert ved det norske Nasjonal Agenda 21 dokumentet. I den grad berekraftmålet er prøvd operasjonalisert politisk i ein reiselivssamanheng, er det to klare avgrensingar (Aall 1997, Teigland og Aall 1999, Høyer 2000):

- fokus på den *lokale* til fordel for den *globale* berekrafta
- fokus på konsekvensar av den *stasjonære* delen av reiselivet, og tilvarande liten fokus på konsekvensar av sjølv *reiseaktiviteten*

Det er dei *lokale* tolegrensene som er løfta fram, jf EU sin forståing av kvalitetsturisme; og miljøkonsekvensar knytt til sjølv reisa er lite problematisert; jf CSD sitt fokus på å auke transporten mellom og til fattige land i verda som ein strategi for å fremje berekraftig reiseliv.

Forankringa av reiselivet i høve til målet om ei berekraftig utvikling er med andre ord ikkje uproblematisk. Ei strategisk og normativt orientert forskning omkring kvalitetsturisme må difor også innebere eit ei problematisering av

reiselivet sitt forhold til berekraftmålet. I mangel av eit vel utvikla og politisk sanksjonert forankringspunkt i målet om ei berekraftig utvikling for reiselivet må forskinga også vere viljuge til sjølv å spele inn framlegg til ei slik forankring. Eitt eksempel på dette kan vi hente frå prosjektet "Eit miljøtilpasset reiseliv - En kartlegging og vurdering av miljømotivert virkemiddelbruk i reiselivet" finansiert av Forskningsprogram om virkemidler for miljøvernforvaltninga (MILFOR). Basert på ein internasjonal litteraturgjennomgang om forskning innafor temaet berekraftig reiseliv og lokale caseundersøkingar i Noreg, blei det gjort framlegg om eit mindre utval berekraftindikatorar for norsk reiseliv (jf tabell under). I parentes kan nemnast at indikatorane under synast å vere rimeleg i samsvar med kriteria som blei lagt til grunn for rangeringa av tidsskriftet National Geographic Traveller der Fjord-Noreg kom ut som den beste destinasjonen.

Tabell 3 Framlegg til berekraftindikatorar for reiselivet (tilpassa etter Aall 1997, s. 146)

Berekrafttema	Berekraftindikatorar
Lokal økologisk berekraft	– Tolegrenser i høve til økosystemet
Global økologisk berekraft	– Forbruk av energi
	– Forbruk av andre naturressursar
	– Arealinngrep i høve til biologisk mangfald og matvareproduksjon
Lokal sosial berekraft	– Tolegrenser i høve til lokale helseproblem
	– Tolegrenser i høve til lokale sosial og kulturell eigenart
	– Grad av lokal verdiskaping
Global sosial berekraft	– Bidrag til ei meir rettvis fordeling av godar mellom fattige og rike land
Offentleg og folkeleg deltaking	– Grad av offentleg involvering i forvaltning av reiselivet sitt ressursgrunnlag
	– Grad av lokal medverknad i avgjerder som gjeld reiselivet og forvaltning av reiselivet sitt ressursgrunnlag

3 Status når det gjeld praksis innafor reiselivsnæringa

I dette kapittelet vil vi kort gjennomgå erfaringane med reiselivsaktivitetar som sjølv har tatt i bruk kvalitetsturisme og andre nært tilgrensande nemningar. I tabellen under har vi vist dei omgrepa vi konsentrerer oss om. Vi har også vist tal treff med eksakt søkeord på www.google.com som ein grov indikator for det relative omfanget omgrepa er tatt i bruk. Det store talet treff på "sustainable tourism" og "ecotourism" heng venteleg saman med at omgrepa er mykje nytta i policydokument, m.a. i samband med FN sitt år for økoturisme i 2002. Tala gjev nok likevel eit rett inntrykk av at det er omgrepa økoturisme og berekraftig reiseliv som er mest tatt i bruk internasjonalt av dei omgrepa vi har retta oss inn mot i denne samanhengen. I Noreg gir tabellen over ein indikasjon på at det er omgrepa "økoturisme" og "bygdeturisme" som er mest kjent.

Tabell 4 Tal eksakte treff på www.google.com for ulike reiselivsnemningar²²

Omgrep	Eksakte treff på www.google.com	
	internasjonalt	på norske sider
Ecotourism / økoturisme	627 000	3 160
Sustainable tourism / berekraftig reiseliv	213 000	195
Rural tourism / bygdeturisme	77 000	3 070
Nature based tourism / naturbasert reiseliv	17 000	244
Alternative tourism / alternativ turisme	13 000	17
Quality tourism / kvalitetsturisme	9 500	292
National park tourism / nasjonalparkturisme	3 700	1

Den vidare gjennomgangen er basert på tidligare arbeid ved Vestlandsforskning (Teigland og Holden 1996, Teigland og Aall 1999, Aall mfl 2003).

3.1 Kvalitetsturisme

Internasjonalt er det tre høgst ulike *perspektiv* på kva som ligg i omgrepet "kvalitet" når dette vert kopla til reiseliv:

- Eit *prosessperspektiv* som gjeld krav til korleis turismeverksemdene skal planleggast og drivast og omfattar spørsmåla om *kvalitetssikring* og *HMS-arbeid*²³.
- Eit *substansperspektiv* som gjeld krav til innhald i produktet.
- Eit *konsekvensperspektiv* som gjeld krav til konsekvensar av det å drive verksemdene.

Hovuddelen av eksempla internasjonalt gjeld den prosessorienterte tilnærminga – typisk nok knytt til ulike formar for kvalitetsstandard på overnatting ("stjerner" eller liknande) – men det er også mange eksempel på bruk av kvalitet knytt opp mot substans og (færrest) konsekvens.

²² Søk utført 19.03.04.

²³ RBLs "Trygg Drift": www.tryggdrift.no/

Substansperspektivet i høve til kvalitetsturisme inneber at ein går ut over eit generelt krav om "tilfredse kundar" og "value for money", ved at det vert lagt stor vekt på at opplevinga i ein eller anna forstand skal vere av særleg *høg kvalitet*. Turar innan eller i tilknytning til verna område eller andre formar for "spektakulær" natur er typiske døme i så måte. Det er likevel ikkje alltid slik at høg kvalitet i opplevinga er det same som høg standard. I utviklingsland er det gjerne slike koplingar, medan kvalitetsturisme i industrialiserte land gjerne er knytt til bygdeturisme og det å oppleve det "autentiske" og "naturlege" utan at det nødvendigvis inneber ein tilsvarende høg standard på t.d. overnatting.

Kvart år held den internasjonale samanslutninga av reiselivsforskarar (AIEST)²⁴ ein internasjonal forskarkonferanse. I 1991 var temaet kvalitetsturisme og berekraftig turisme. I innleiinga til sluttrapporten frå konferansen framhever presidenten i AIEST professor C. Kaspar kvalitetsturisme som sjølv motsetning ("the antithesis") til masseturisme (AIST 1991). EU knyter kvalitetsturisme til omgrepet alternativ turisme. "Alternativ turisme" kan også gjelde som overskrift for omgrepa berekraftig reiseliv, naturbasert turisme og bygdeturisme. Den substansorienterte varianten av kvalitetsturisme har ofte nært slektskap med *naturbasert* reiseliv. Konsekvensperspektivet, som oftast er kopla til substansperspektivet, har gjerne eit nært slektskap til økoturisme og den delen av berekraftig reiseliv som omhandlar opplevingar i tilknytning til natur.

3.2 Alternativ turisme

Omgrepet "alternativ turisme" kom for alvor på dagsorden på slutten av 1980-tallet. Tanken bak alternativ turisme var å utvikle reiselivet vekk frå den forma for masseturisme som vaks fram på 1960- og 1970-tallet, og utviklinga av denne forma for turisme var i stor grad inspirert av det klassiske arbeidet til Jost Krippendorf som så for seg ein "ny" type turist med større medvit omkring miljøforhold og lokal kultur og generelt sett eit lågare forbruk av materielle gode (Krippendorf 1984; 1987; Krippendorf mfl 1986).

Det har vore mange forsøk på å definere dei ulike formene for alternativ turisme. Baumgartner (2001) har gitt ei fortetta framstilling av dei ulike forsøka, her med fokus på økoturisme i samband med forarbeidet til FN's år for økoturisme:

Starting out from 'gentle' and 'sustainable' tourism, most definitions for (alternative tourism)²⁵ similarly incorporate all the aspects of ecological, social and cultural acceptability, participation by the population, promotion of local economies, and financing of conservation areas.

Parallelt med og delvis som ei oppfølgjar av omgrepet alternativ turisme dukka det opp ei rad andre omgrep.

Lokalsamfunnsbasert turisme blei knytt til ønske om å få til ei meir balansert utvikling av reiselivet med vekt også på andre omsyn enn ren bedriftsøkonomi,

²⁴ Association Internationale d'Experts Scientifiques du Tourisme

²⁵ Baumgartner nyttar her nemninga "ecotourism", men poenget frå Baumgartner si side var å vise at økoturisme har dei same grunnleggjande karakteristika og røter som andre former for alternativ turisme (Aall mfl 2003).

ikkje minst økologiske omsyn (Murphy 1994). Dette omgrepet er blitt brukt om reiseliv der det er lokalsamfunnet som tar utviklingsinitiativ og forvaltar reiselivstilbodet, ut frå ønske om å redusere konflikhtar i forhold til eigen kultur og miljøet lokalt, og for å sikre lokal busetting (DFID 1999).

Lokalsamfunnsbasert turisme kan sjåast på som ein variant av omgrepet *myk turisme*. Dette omgrepet blei tatt i bruk allereie tidlig på 1980-tallet i tysktalande land som motpol til den "harde" masseturismen (Jungk 1980). Omgrepet myk turisme sikter ikkje bare til det å vere miljøvennleg, men også til eit sosialt ansvar overfor lokalsamfunnet og til at lokalbefolkninga og reiselivet saman skal utvikle ein felles visjon og handlingsplan for tiltaka (Thiel 1995).

3.3 Økoturisme

Økoturisme er eit fjerde omgrep som også har vore i bruk sidan starten på 1980-talet. Denne forma for reiseliv er ofte definert som reisetilbod for dei som har ein genuin interesse for miljøvern og naturopplevingar, og der tilbodet også skal ta omsyn til lokalsamfunnet og styrke den lokale verdiskapinga (Hvenegaard 1994, Murphy 1994).

I 1990 blei "The Ecotourism Society" oppretta som ein internasjonal non-profit organisasjon som gav følgjande definisjon av økoturisme²⁶:

Responsible travel to natural areas which conserves the environment and improves the welfare of local people.

I samband med FN's økoturismear 2002 ble økoturisme gitt følgjande definisjon i "The Québec Declaration on Ecotourism":²⁷

- Contributes actively to the conservation of natural and cultural heritage.
- Includes local and indigenous communities in its planning, development and operation, contributing to their well-being.
- Interprets the natural and cultural heritage of the destination to visitor.
- Lends itself better to independent travelers, as well as to organized tours for small size groups.

Over 50 land har utvikla ein nasjonal politikk og strategiar som fokuserar eksplisitt på økoturisme (WTO 2003). I samband med FN's internasjonale økoturismear 2002 blei det t.d. i Sverige etablert ei eigen merkeordning for økoturisme ("naturens bästa")²⁸.

Eit tilgrensande omgrep internasjonalt og i Noreg er *naturbasert reiseliv*, men det er ikkje på same måte som for økoturisme vel etablert definisjonar av dette omgrepet. Det er likevel klare likskapstrekk ved at opplevingar av og i naturen er det sentrale.

²⁶ www.ecotourism.org

²⁷ www.ecotourism2002.org/anglais/declaration.html

²⁸ www.naturensbasta.com/sv/

Økoturisme – i mindre grad naturbasert reiseliv – er gjerne også koplå til opplevingar i og i tilknytning til *verna* område. Ein avert av økoturisme har difor internasjonalt fått nemninga *nasjonalparkturisme*. Denne nemninga er så langt ikkje tatt i bruk i Noreg. Land som USA og Australia ei fleire utviklingsland har lang erfaring med denne typen turisme, men vi finner også eksempel i Europa (Dybwad og Andersen 1999).

EUROPARC (Føderasjonen for Europas natur- og nasjonalparkar) har arbeidet med utvikling av prinsipp for bærekraftig turisme i verneområde i fleire tiår. Føderasjonen presenterer dette i rapporten ”Loving them to death? Sustainable tourism in Europe’s Nature and National Parks”. Rapporten stiller opp følgjande mål for bærekraftig turisme knytt til verna områder:

- | | |
|-------------------|--|
| Miljømessige mål: | - Vern i eit langsiktig perspektiv; det essensielle overordna målet |
| | - Betre kunnskap og medvit knytt til vern blant lokalbefolkning og besøkande |
| Sosiale mål: | - Fornøye besøkande |
| | - Betring av levestandard og kompetanse for lokalbefolkning |
| | - Demonstrere alternativ til masse- og pakketurisme for å fremme bærekraftig turisme |
| | - Gjere bærekraftig turisme til ein del av den lokale og nasjonale kulturen |
| Økonomiske mål: | - Gi alle lag av befolkninga høve til å oppleve verna område |
| | - Betring av lokal og nasjonal økonomi |
| | - Stimulere lokalt næringsliv og lokal sysselsetting |
| | - Gi økte inntekter til vedlikehald av verna område |

EUROPARC har også oppretta ”The European Charter for Sustainable Tourism in Protected Areas”²⁹.

Eit tilsvarande initiativ er organisasjonen *PAN parks*. Organisasjonen vart oppretta i 1997 av Verdas naturfond (WWF) i samarbeid med det nederlandske friluftsfirmaet Molecaten³⁰. *PAN parks* er eit konsept for kommersiell utnytting av nasjonalparkar og verneområde som også er i samsvar med verneinteresser. Føremålet med *PAN parks* er³¹:

- create a European network of wilderness protected areas
- improve nature protection by sustainable tourism development
- provide a reliable trademark which guarantees nature protection and is recognised by all Europeans.

PAN parks tilbyr sertifisering av verneområde etter følgjande seks prinsipp³²:

Principle 1: Natural values

PAN Parks are large protected areas, representative of Europe's natural heritage and of international importance for wildlife and ecosystems.

Principle 2: Habitat management

²⁹ www.eco-tour.org/info/w_10168_de.html

³⁰ www.landgoedmolecaten.nl

³¹ www.panparks.org

³² www.panparks.org/Introduction/Verification/Principles

Design and management of the PAN Park aims to maintain and, if necessary, restore the area's natural ecological processes and its biodiversity.

Principle 3: Visitor management

Visitor management safeguards the natural values of the PAN Park and aims to provide visitors with a high-quality experience based on the appreciation of nature.

Principle 4: Sustainable tourism development

The Protected Area Authority and its relevant partners in the PAN Parks region aim at achieving a synergy between nature conservation and sustainable tourism by developing and jointly implementing a Sustainable Tourism Development Strategy.

Principle 5: Business partners

PAN Parks' business partners as legal enterprises are committed to the goals of the protected area in their region and the PAN Parks Organisation, and actively cooperate with other stakeholders to effectively implement the region's Sustainable Tourism Development Strategy as developed by the local EPPO (see Principle 4).

Media vinteren 2004 er det fire sertifiserte verneområde og åtte som er i ferd med å bli sertifisert (jf figur under). Vinteren 2003 blei det tatt initiativ til å sameine PAN parks og arbeidet til EUROPARC.

Turisme i tilknytning til nasjonalparker har ein lang tradisjon i Noreg, men det er ein "lågkommersiell" tradisjon som særleg er knytt til Den Norske Turistforening og deira hytte- og løypenett. Nokre av nasjonalparkane har også turisme og friluftsliv med i sitt verneføremål medan andre har som eitt av sine føremål nettopp å halde den kommersielle turismen ute. Norsk institutt for naturforskning har forsøkt å samanlikne verdiskaping knytt til landbruk og reiseliv innafor tre nasjonalparker: Dovrefjell–Sunndalsfjella, Femundsmarka og Reisa. Brutto årleg omsetnad vart rekna til om lag 85 millionar kroner, der reiselivet sto for noko meir enn halvparten av omsetnaden³³ (Aas mfl 2004).

3.4 Bygdeturisme

Internasjonalt har *rural tourism* (i Noreg *bygdeturisme*³⁴) fått stor merksemd dei seinare åra. Det heng ikkje minst saman med strukturrasjonalliseringa i jordbruket i industrialiserte land som m.a. har ført til økonomiske problem for marginale jordbruksområde. I slike tilfelle har turisme ofte blitt lansert som eit alternativ for å halde oppe sysselsetting og verdiskaping.

I Noreg er bygdeturisme knytt til opplevingar i utmark eller kulturlandskapet, der jakt og fiske og tilrettelagte turar er sentrale element. Det å halde oppe eit aktivt jordbrukslandskap med vekt på å ta vare på sentrale element i det historiske jordbrukslandskapet er sjølv berebjelken i bygdeturismen. I dei seinare åra har også det å ta i bruk lokale mattradisjonar fått ein sentral plass. I Noreg viser dette seg gjennom etableringa av organisasjonen Norsk Gardsmat³⁵. Denne organisasjonen vil i 2004 venteleg bli slått saman med organisasjonen Norsk Bygdeturisme³⁶.

³³ Varierte frå 70 prosent for Dovrefjell–Sunndalsfjella til 10 prosent for Reisa.

³⁴ Tilgrensande omgrep er *utmarksturisme* og *gardsturisme*.

³⁵ www.gardsmat.org

³⁶ www.norsk-bygdeturisme.no/index.pl?artID=ojt-fusjonsmotet&front=1

I somme land er det eksempel på koplingar mellom nasjonalpark- og bygdeturisme. I t.d. Frankrike er det etablert egne *regionalparkar* der lokale, regionale og nasjonale styresmakter inngått avtalar med næringsliv og grunneigarar om vern av større samanhengane område³⁷. Men til forskjell frå dei tradisjonelle nasjonalparkane inneheld regionalparkane kulturlandskap som er i aktiv bruk, i tillegg til at parkane inneheld samanhengande område med busetnad og mindre landsbyar. I land som Frankrike og Spania er det også gjort koplingar mellom lokal mat og nasjonalparkturisme gjennom etablering av egne merkeordningar for lokal mat produsert i verneområde³⁸. Både med omsyn til det å ta vare på det historiske kulturlandskapet og bringe fram lokale mattradisjonar er det nære koplingar til det å halde oppe eit småskala landbruk, til forskjell frå det industrialiserte storskala landbruket. I mange tilfelle er det også nære koplingar til framveksten av økologisk landbruk³⁹.

3.5 Berekraftig reiseliv

Verdens Reiselivsorganisasjon beskriver berekraftig reiseliv som (WTO 1993):

en idealmødel, der man må sørge for at utviklingen bedrer livskvaliteten for lokalbefolkningen, gir høye opplevelseskvaliteter for dei reisende og opprettholder miljøkvalitetene.

Det interessante er at WTO nemner miljøaspekta til sist i sin definisjon, medan andre berre har lagt vekt på miljøet. Ein norsk definisjon henta frå den høgt profilerte satsinga på eit miljøvennlig OL definerer for eksempel berekraftig turisme som (Aarhus 1994):

en turisme som forbruker mindre ressurser og høynar miljøkvaliteter.

Det går fram av samanhengen at det her er tale om ressursbruk og miljøkvalitetar knytt til sjølve destinasjonen og dei reiselivsaktivitetane som skjer der. Problemstillingar knytt til sjølve reisa er med andre ord ikkje med. I mange tilfelle synes også omgrepet berekraftig reiseliv å vere synonym med naturbasert reiseliv, der oppleving i urørt natur framstår som det avgjerande kriteriet for å ta i bruk ordet "berekraftig" (McKercher 1993, Aronsson 1994). I dei tilfeller der omgrepet også søker å fange opp miljøkonsekvensane av næringa, gjelder dette i hovudsak konsekvensar av den *stadbundne* delen av reiselivet (Lane 1994, Engesæther og Vistad 1996, Frändberg 1998, Høyser 2000).

Fleire forfattarar har pekt på at den kanskje tyngste utfordringa som målet om ei berekraftig utvikling stiller overfor reiselivet, er knytt til omfanget av den reiselivsrelaterte *persontransporten*. Samtidig blir det påpekt at det føreligger lite systematisert kunnskap internasjonalt om samanhengen mellom turisme og transport (Boersch og Borsch 1994, Page 1994). Fleire forfattarar har også hevda at transportsektorens miljøproblem bare i avgrensa grad kan reduserast ved å endre *måten* transporten vert gjennomført. I mange tilfelle representerer

³⁷ Sjå www.parc-naturels-regionaux.tm.fr/un_parc/index_ein.html

³⁸ Sjå t.d. www.parc-naturels-regionaux.tm.fr/boutique/marque/index.html

³⁹ I Noreg kjem dette forholdet klart til uttrykk gjennom medlemsmassen i organisasjonen Norsk Gardsmat, der det er eit stort innslag av gardbrukarar som driv økologisk med rett til å bruke Debio-merket.

teknologiske tiltak bare ei *flytting* av miljøproblema. Skal man få til meir omfattande reduksjonar globalt av miljøkonsekvensane knytt til transport, kan dette bare gjørast ved å redusere *omfanget* av transporten – i alle fall i dei industrialiserte landa (Høyer 1997).

Sjølv om dei fleste reiselivsaktivitetane som har tatt i bruk nemninga ”berekraftig reiseliv” er retta mot konsekvensar av den stasjonære delen av reiselivet (hotell, restaurant o.a.) og det å redusere lokale miljøproblem, er det eksempel på reiselivsverksemdar som går ut over ein slik avgrensa tilnærming. Eitt slikt døme er eit nettverk av destinasjonar som arbeider for ”myk mobilitet” (Network for Soft Mobility in European Tourism: NETS). På nettstaden til NETS presenterer dei sin forståing av kvalitetsturisme på følgjande måte⁴⁰:

Environmental sound traffic models are important prerequisites for the support of European quality tourism. Strategies and measures for sustainable and environmental sound traffic solutions at the destination and on the journey/ departure are necessary.

Eit anna eksempel er ein sveitsisk samanslutning av bilfrie destinasjonar organisert i organisasjonen Gemeinschaft Autofreier Schweizer Tourismusorte (GAST)⁴¹. I det siste tilfellet har ein etablert premieringsordningar for tilreisande som reiser kollektivt til destinasjonen. Eit eksempel har form av gratis inngangskort til attraksjonar og lokaltransport for dei tilreisande som kan dokumentere at dei har kome med kollektive transporttilbod (Nitz 1995).

Det interessante i denne samanhengen er at vi her har eksempel på lokale reiselivsinitiativ som fokuserer på det som gjerne framstår som den mest problematiske reiselivsutfordringa i ein berekraftsamaheng; nemlig miljøkonsekvensane av sjølve reiseaktiviteten innan og til/frå destinasjonen.

3.6 Marknadspotensiale

Praksis i reiselivsnæringa er sjølv sagt eit bilete på kva marknaden etterspør. Og då er det to typar etterspurnad som er relevant å klargjere i denne samanhengen: etterspurnad etter eit spesifikt innhald i reiselivsproduktet –i vårt tilfelle det *naturbaserte reiselivet* – og etterspurnad etter *låge miljøkonsekvensar* av det same produktet; jf tilvisinga til målet om eit berekraftig reiseliv.

Naturbasert reiseliv

Naturbasert reiseliv – ofte under nemninga økoturisme - blir sagt å vere i vekst internasjonalt. World Tourism Organisation (1993) har omtalt økoturisme som ein av dei raskast voksende former for temareiser. Internasjonalt er det vist til ei årleg vekstrate i storleiken 20-50 prosent (Teigland og Holden 1996). Det fins ikkje internasjonal statistikk som kan byggje under eit slikt utsegn. The Ecotourism Society har lagt fram tal som indikerar omfanget av den delen av reiselivet der motivet er å oppleve natur. Ut frå data om motivasjonen turistar har for å reise, blir det oppgitt at 40-60 prosent av all internasjonal turisme kan

⁴⁰ www.soft-mobility.com/english/start.html

⁴¹ www.gast.org

karakteriserast som "nature tourists", og 20-40 prosent kan karakteriserast som "wildlife-related tourists" (Fillion mfl 1992). Forskjell mellom dei to kategoriane blir oppgitt å vere at "wildlife-related tourists" representerer ein meir aktiv form for naturoppleving, t.d. guida fotturar.

Stortingsmelding 15 (1999-00) "Lønnsomme og konkurransedyktige reiselivsnæringer" omtaler kundeundersøkingar som viser at nesten 90 prosent av dei spurte seier at "uberørt natur" og "å se vakre landskaper" er dei viktigaste motivasjonsfaktorane for vag av Noreg som feriemål.

Norges Turistråd har sidan 2000 arbeidet med å utvikle ei eigen merkevare for Noreg som ferieland. I samband med dette arbeidet er det gjennomført ei spørjeundersøking av 200-300 personar i kvart av landa Danmark, Storbritannia, Italia, Tyskland, USA og Japan (totalt 2000 personar) som har vore på ferie i utlandet i løpet av dei fem siste årene. Undersøkinga gjeld haldningar og oppfatningar knytt til *naturbasert ferie*, nærare spesifisert som det å sjå på vakker og vill natur med aktivitetar utandørs som fisking, sykling, ski eller fotturar, og som inkluderer kunst, kultur og levemåte i reine og urørte omgjevnader. Vi skal sjølvsagt vere forsiktig med å trekke for bastante slutningar av eit såpass avgrensa materiale. Materialet gir eit gjennomsnittsbilde for ein stor kundemasse. Det å utvikle nisjeprodukt mot enkelte deler av marknaden har lenge vore ein uttalt strategi for delar av norsk reiseliv. Då vil denne forma for gjennomsnittsvurderingar ha avgrensa verdi. Likevel; resultata kan gje grunnlag for å gje nokre *generelle* vurderingar omkring mulige hovudstrategiar for norsk reiseliv.

For det første synast det som om utanlandsturistar er relativt lite opptatt av det vi i Noreg kjenner som tradisjonelt friluftsliv. 20 prosent seier at dei er sterkt einige i utsegnet "Participate in outdoor activities like biking, skiing or hiking". I enda mindre grad synast det å vere eit generelt ønske om meir ekstreme former for friluftsliv eller utstrakt grad av teknisk tilrettelegging for å oppleve vill og urørt natur.

Det utsegnet som får *minst* tilslutning av all 20 utsegn gjelder elverafting og fjellklatring (berre 7 prosent er sterkt einige). Dette forholdet vert stadfesta av at to av dei andre fire utsegna som får støtte frå under 20 prosent når det gjeld "veldig einige" er "Experience the surprising and unpredictable" (14 prosent) og "Experience dramatic wild nature" (16 prosent)⁴². Det å supplere naturbasert turisme med "bytilbod" som shopping (20 prosent var sterkt einige i dette) og eit omfattande natteliv er også blant dei kvalitetar som får minst oppslutning.

Meir synast det som om fleirtalet er innstilt på ein meir avslappa og "roleg" form for naturbasert turisme. Det er relativt sett stor tilslutning til det å sjå på vakkert landskap, få mykje frisk luft, oppleve lokale mattradisjonar og kome i kontakt med lokalbefolkninga⁴³. Samtidig ønskjer turistane å vere seg i trygge omgjevnader og bu komfortabelt⁴⁴.

⁴² Dei andre to er "Visit places few of my friends have been to" (13 %) og "Participate in cultural events like festivals" (16 %).

⁴³ Sterkt einige frå 33 %.

⁴⁴ 39 % er sterkt einige i utsegnet "Stay in convenient and comfortable accomodation" medan 44 % er sterkt einige i utsegnet "Stay in safe and secure places".

Miljøvenleg reiseliv

Internasjonalt er det gjort fleire undersøkingar om i kva grad turistar vel reiselivsprodukt ut frå grad av miljøbelastning.

Stortingsmelding 15 (1999-00) "Lønnsomme og konkurransedyktige reiselivsnæringar" viser til tilbakemeldingar frå utanlandske turistar i Noreg om at dei ofte er opptatt av miljøspørsmål og miljøstandard. Særlig synast turistar frå Belgia, Italia, Frankrike og Tyskland å vere interessert i dette. Utlendingar har ein svært *positiv* oppfatning av Noreg når det gjeld vatn- og luftkvalitet. Når det gjeld energisparing og gjenbruk, er oppfatninga *mindre* positiv.

Det er få studiar internasjonalt som dokumenterer at eit ønske om minst mulig miljøbelastning faktisk styrer val av destinasjon eller reiselivsprodukt. Ein amerikansk gransking hevder for eksempel at dei reisande i USA er viljuge til å betale 8,5 prosent meir for miljøvenlege reiselivsprodukt (TIAA 1992). Ein tredel av dei reisande sa at dei la vekt på miljøprofil når dei valte reiseopplegg. Men det er lite dokumentasjon av miljøhaldningar slår ut i faktisk endra *adferd* og auka *betalingsvillighet* blant turistane generelt (Middelthun & Hawkins 1993, Blamey 1995).

Det kan vere fleire årsaker til at det er så få studiar som dokumenterer ein samanheng mellom miljøhaldningar og praksis. Det kan sjølvsagt skuldast at slike samanhenger er særleg vanskeleg å dokumentere. Det synast likevel lite sannsynleg, all den tid det er stor interesse internasjonalt for å få frem slike eventuelle samanhenger både frå styresmakter og reiselivsnæringa. Meir sannsynlig er det at slike samanhenger er relativt *svake*. Ei årsak til dette kan vere at miljøinteresse og miljømedvit er avgrensa til ein mindre del av turistane (Bernt 1992, Middelthun & Hawkins 1993). Ei annen årsak kan vere at folk "tar fri" frå sine miljøhaldningar når dei ferierer (Beioley 1995, Holden 2002). Ei tredje årsak kan vere ein kombinasjon av dei to første. Dette skjer ved at turiststraumane kan tilpasse seg negative miljøendringar, slik at dei grupper som er prioriterar høg miljøkvalitet etter kvar flytter til andre destinasjonar med høgare miljøkvalitet. Desse kan så bli erstatta av andre turistgrupper som aksepterar lågare miljøkvalitet, noko som igjen er med å kamuflere korleis marknaden etterspør høg miljøkvalitet (Gasperoni & Dall'Aglio 1991, Teigland og Holden 1996). Manglande samsvar mellom haldning og adferd blir enda meir tydeleg om vi studerer marknaden for naturbasert turisme. Sjølv i dei tilfella der turisten etterspør naturbaserte tilbod, framstår "økoturisten" i dei fleste tilfella ikkje som meir miljømedviten enn den "vanlige" turisten (Teigland og Holden 1996).

3.7 Nordmenns ferie- og fritidsvanar

Undersøkingane referert over er dels utanlandske, dels er det undersøkingar om utlendingar sine haldningar til det å feriere i Noreg. I 1999 gjennomførte Vestlandsforskning ein større panelundersøking om *nordmenns* ferie- og fritidsvanar (Teigland 2000a; 2000b; 2001). I undersøkinga blei dei same personane intervjuet hausten 1999 som 13 år tidlegare. Intervjua omfatta 1595 vaksne nordmenn som var 16-79 år i 1986 og 13 år eldre i 1999 (dvs. i 29-91 års alderen). Dei utvalde personane var eit representativt utval av nordmenn. Svarprosenten var høg (80 prosent) både i 1986 og 1999.

Nordmenns samla uttak av ferie og innhaldet i ferien er relativt *lite* forandra i perioden 1986-99 (Teigland 2000b). Ein vesentlig grunn til dette er nok at også sosioøkonomiske forhold har vore relativt stabile i Noreg i det same tidsrommet som undersøkinga omfattar. Det er likevel overraskande at den auka økonomiske velstanden som dei fleste nordmenn har opplevd på slutten av 1990-tallet har gitt såpass små utslag i nordmenns interesse for å reise på ferie.

Sjølv om tal vaksne innbyggjarar har auka med 14 prosent dei siste 13 åra har det samla uttaket av ferie vore om lag konstant. Dette er venteleg fordi delen av befolkninga som reiser på ferie har gått noko ned, samtidig som lengda på ferieturane også har gått ned etter ein topp under "jappetiden" frå midten av 1980-tallet (Teigland 2000b).

Det største vekstpotensialet for norsk reiseliv på kort og mellomlang sikt er venteleg knytt til innføring av den femte ferieveke. Panelstudien viser at om lag halvparten av ferievekene tidligare har blitt brukt til å reise på ferietur. Om det mønsteret vert ført vidare, inneber innføringa av ei femte ferieveke at nordmenn truleg vil reise 12-14 millionar fleire ferieturdagar enn i 1999, som er ein vekst på rundt 25 prosent. Men sjølv om ferieuttaket av ein ekstra ferieveke blir som tidligare, kan likevel *innhaldet* i ferieuttaket bli endra. For sjølv om innhaldet i feriereisene også har vore relativt stabilt, har det vore endringar. Ikkje minst gjelder det val av reisemål, der ei viktig endring er omfordeling av ferieturar *innan* Noreg om sommaren. Dei indre deler av Austlandet har tapt marknadsdelar (minus 5 prosent), medan Agderfylka og Nord-Noreg har fått ei tilsvarande auke. Mange sa i undersøkinga at dei ønskjer å oppleve reisemål i dei nordlege delar av Noreg. Hurtigruta, Svalbard og Lofoten var på toppen av ønskelista, langt framfor Vestlandets fjordar og Sørlandets skjergard. Det faktum at mange nordmenn har reist mykje i utlandet og i mindre grad i eget land, samtidig som den femte ferieveke opnar opp for ferieturar til fjernare deler av Noreg, kan innebere at veksten i *norske* ferieturar til *Nord-Noreg* kan fortsette om sommaren (Teigland 2000b).

Eit poeng som er særleg relevant i denne samanhengen gjelder nordmenn sine vanar når det gjeld *friluftsliv*. Panelstudien viser at det store fleirtalet (90 prosent) av befolkninga er aktive utøvarar av friluftsliv. Det meste av friluftslivet er prega av ikkje-kommersielle aktivitetar, men kan like fullt medføre eit avleia forbruk knytt til overnatting og kjøp av ulike varer og tenester i dei områda der friluftslivet skjer.

Interessa for tradisjonelt friluftsliv og nye former for utandørs rekreasjon er omfattande og har i tillegg vore i vesentlig *vekst* dei siste 13 åra. Den største veksten målt i tal utøvarar er knytt til *fotturar i fjellet*, men også *nye* aktivitetar har auka mykje. Tal nordmenn som *syklar* på stigar og i terrenget er for eksempel minst femdobla dei siste 10 åra. Ein viktig del av veksten er prega av å vere ein "likestillingsprosess" både mellom aldersgrupper, mellom menn og kvinner, og mellom innbyggjarane i ulike landsdelar (Teigland 2000a).

Dei som ferierte i Noreg om sommaren overnatta stort sett i 1999 som 13 år tidligare. Det var større vekst i etterspørselen etter *private* overnattingsformer i Noreg enn for kommersiell innkvartering i den varme årstida. Det å overnatte hos slekt og venner blei mindre vanlig om sommaren, medan fleire overnatta på eigen *hytte* i Noreg. Nesten 2/3 av den vaksne norske befolkning eide eller

disponerte minst eitt fritidshus i 1999. Delen som eigde fritidshus har også *auka* frå 1986 til 1999. Nesten halvparten av dei som ikkje eigde eller disponerte fritidshus i 1986, hadde skaffa seg høve til slik feriering i 1999. Nesten alle fritidshusa låg i Noreg. Bare 1,3 prosent av panelet eigde eller disponerte fritidshus i utlandet. 1/3 eigde fritidshus med tilnærma bustadstandard. Panelstudien viser at dei som skaffa seg hytte med bustadstandard etter 1986, *ikkje* endra sitt ferieuttak på årsbasis av den grunn. Det å legge til rette for auka hyttebygging aukar derfor ikkje nødvendigvis ferievolumet samla sett, men fører oftast berre til at folk ferierer på ein annen måte enn tidlegare (Teigland 2000b).

Sjølv om det meste av veksten i *hotelletterspørselen* var retta mot hotell i utlandet, var det samtidig nesten ei *fordobling* av nordmenn som overnatta på norske hotell målt i overnattingsdøgn på den lengste sommarferien. Venteleg er fleire av desse endringane knytt til høgare krav til komfort og sanitær standard. Men framleis er det berre eit klart mindretal av nordmenn som etterspør det å overnatte på luksushytter. Fleirtalet av dei som har skaffa seg eigen hytte dei siste 5-10 åra, har hytte utan dusj og vassklosett (Teigland 2000b).

Om vi ser panelstudien spesielt i forhold til temaet for vår rapport er det nokre punkter som er viktige å framheve:

- Nordmenns ferie- og fritidsvanar har vore påtakeleg stabile det siste tiåret. Det burde mane til varsemd mot å satse på nye reiselivsprosjekt som føreset at våre ferie- og fritidsvanar må bli endra i vesentlig grad.
- Det tradisjonelle friluftslivet har hatt ein stabil og i noen grad aukane oppslutning blant nordmenn.
- Den forma for endring i nordmenns friluftsliv som i volum har vore mest tydeleg er turgåing og sykling i naturen.
- Den femte ferieveka *kan* føre til ein markert auke i nordmenns uttak av ferie. Ein rimeleg hypotese er at ein vesentlig del av denne auken kan skje som ferieturar i Noreg.

Tidligare teoriar har visst seg å byggje på urealistiske føresetnader om at val av reisemål er ein rasjonell optimaliseringsprosess. Nyare granskingar tyder på at reiseatferd vel så mykje er prega av *vanar* og *stabilitet*, og at individ har ein innebygd motstand mot å endre sine reisevanar (RDC 1995). Vår undersøking *stadfester* ein generell hypotese om stabilitet i folks ferie- og fritidsvanar (Teigland 2001). Undersøkinga stiller seg også kritisk til forventningar om at marknadsføring aleine kan endre ferie- og fritidsvanar i vesentlig grad (Teigland 2000b).

4 Kunnskapsstatus

I innleiinga og i kapittelet over viste vi til dei fire reiselivsomgrepa ”kvalitetsturisme”, ”berekraftig reiseliv”, ”bygdeturisme” og ”naturbasert reiseliv”. Vi vil nytte desse omgrepa som utgangspunkt også når vi i dette kapittelet skal oppsummere relevant forskning. Utgangspunktet er *forsking* omkring reiseliv, men vi har altså oppsummert kunnskapsstatus spesielt i høve til desse fire omgrepa. Dette er tema som det blir forska på i ulike fagmiljø, der det mest opplagte skiljet går mellom dei aktørane som høyrer til den etablerte reiselivsforskinga, og dei som forskar med ståstad i disiplinlar som miljøpolitikk, bygdeutvikling, arealplanlegging, utmarksforvaltning og friluftsliv.

Når det gjeld oppsummering av status innafor *høgare utdanning* har vi nytta tre inngangar ut frå kva type utdanning som faktisk finst:

- Reiseliv
- Utmarksbasert næringsutvikling
- Friluftsliv

Vår oppsummering baserer seg på ei tidlegare kartlegging av kunnskapsstatus i den før omtalte rapporten for Miljøverndepartementet (Aall mfl 2003), men vi har også i samband med denne utgreinga samla inn primærdata (jf vedlegg). Vi har delt inn oppsummeringa i følgjande punkt:

- gjennomgang av utdanningstilbod ved norske universitet og høgskular
- gjennomgang av dei norske reiselivsforskningsprogramma
- gjennomgang av forskinga ved aktuelle nordiske forskingsinstitusjonar
- ei internasjonal kunnskapsgjennomgang rette eksplitt inn mot temaet kvalitetsturisme

I gjennomgangen av forskinga ved nordiske forskingsinstitusjonar har vi av praktiske omsyn avgrensa oss til Noreg, Sverige og Danmark.

4.1 Undervisning på høgskule- og universitetsnivå i Noreg

Det er i dag seks institusjonar i Noreg som gir undervisning på bachelornivå i reiseliv eller nært tilgrensande fagområde. To av desse har tilbod på masternivå (Høgskolen i Stavanger – Norsk hotellhøgskole og Høgskulen i Finnmark). Tabellen under gir ein kort omtale av ein del av studia. Sjå elles vedlegg for breiare omtale av dei ulike studietilboda.

Tabell 5 Høgskuleundervisning i Noreg med relevans til kvalitetsturisme

Type utdanning og studiestad	Omtale av studiet ⁴⁵
Bachelor i reiseliv og turisme ved Høgskolen i Finnmark	Med bachelor i reiseliv og turisme skal studentene ha teoretiske og praktiske ferdigheter som bidrar til å utvikle og styrke reiselivsnæringene lokalt, regionalt og nasjonalt.
Master i reiseliv ved Høgskolen i Finnmark	Masterstudiet skal gi en bred forståelse av reiseliv og turisme som fenomen og næring. Samtidig skal studentene få solide kunnskaper om hvordan natur- og kulturfaglige elementer nyttegjøres i turismesammenheng. Målet med utdanningen er å gi en forskningsbasert utdanning og økt kunnskap om turisme.
Bachelor i reiseliv ved Høgskolen i Lillehammer	Studiet retter seg først og fremst mot ledelse av små og mellomstore reiselivsbedrifter og mot stedsutvikling i reiselivet
Bachelor i turisme og reiseliv ved Høgskolen i Sogn og Fjordane	Studiet er en yrkesutdanning beregnet på reiselivet. Det er lagt vekt på reiselivsfag, organisasjonsfag og markedsføringsfag. Studiet gir muligheter for kompetansegivende praksisopphold i næringen. Målet er å lære å organisere de ulike elementene i turistnæringen; transport, overnatting, mat og opplevelser/attraksjoner.
Bachelor i reiselivsledelse ved Høgskolen i Stavanger – Norsk hotellhøgskole (HIS-NH tilbyr til saman sju ulike studium i reiseliv/hotellfag)	Spesielt vinklet mot reiselivsnæringen. Studiet er knyttet til den praktiske hverdagen i reiseliv og servicebedrifter. Alle fag er innrettet på tema som er spesielle for reiseliv. Bærekraftig reiselivsutvikling og ressursbruk er sentrale tema.
Master i internasjonal hotell- og reiselivsadministrasjon ved Høgskolen i Stavanger – Norsk hotellhøgskole	Studiet er rettet mot topplederstillinger i næringen, samt undervisning og forskning ved universitet og høgskoler. Ett studieår tilbringes i utlandet.
Bachelor i natur og friluftsliv ved Høgskolen i Telemark	Studiet gir tverrfaglig utdanning innen natur og friluftsliv. Studiene skal utvikle studentenes forståelse av dynamikken i levende og ikke-levende systemer, og samspillet mellom menneske og miljø.
Bachelor i naturforvaltning ved Høgskolen i Nord-Trøndelag	Bachelor i naturforvaltning er en utdanning som skal gi kunnskap om naturgrunnlaget, landskapet, økologien, dyr, planter, jakt og fiske. Det legges vekt på å se vern og bruk i sammenheng.
Bachelor i utmarksfag ved Høgskolen i Hedmark	Det satses på å produsere og formidle kunnskap av betydning for å opprettholde og skape næringsvirksomhet i distriktene.

Vårt hovudfokus er reiselivsutdanning, men i tilknytning til temaet kvalitetsturisme er det også andre utdanningstilbud som er relevante. Innafor naturforvaltning og utmarksbasert næringsutvikling er det i alt seks studium på bachelornivå:

- Høgskulen i Hedmark: Utmarksforvaltning
- Høgskulen i Nord-Trøndelag: Naturforvaltning
- Høgskulen i Finnmark: Naturressursforvaltning
- Høgskulen i Telemark: Naturforvaltning

⁴⁵ Omtalen er i stor grad basert på presentasjon av dei ulike studietilboda på heimesidene til dei respektive institusjonane.

- Høgskulen i Sogn og Fjordane: Landskapsplanlegging
- Noregs landbrukshøgskule: Økologi og naturforvaltning

I tillegg tilbyr NLH master i naturforvaltning. Vidare er det fem bachelorstudium som omhandlar friluftsliv som også er relevante i denne samanheng:

- Høgskulen i Agder: Idrett
- Noregs Idrettshøgskule: Idrettsvitenskap FLL
- Høgskulen i Telemark: Natur og friluftsliv
- Høgskulen i Telemark: Idrett og friluftsliv
- Høgskulen i Finnmark: Friluftsliv og idrettsfag

Ved *Norges landbrukshøgskule* (NLH) er det planlagt å starte opp eit masterstudie hausten 2004 i *utmarksbasert næringsutvikling*, der reiseliv inngår som eit viktig element. Det er etablert kontakt mellom NLH og Vestlandsforskning med tanke på samarbeid om reiselivsdelen av masterstudiet.

Eit generelt inntrykk frå gjennomgangen av dei ulike studietilboda innafor reiseliv som eksisterar i dag er at ei management og økonomisk orientert tilnærming synast å dominere. Ei nærare gjennomgang av studietilbodet og den reiselivsforskinga som er knytt til dei respektive studieinstitusjonane tyder vidare på at det vi har definert som substans-elementet i kvalitetsturisme er prega meir av ei sosiologisk enn ei naturfagleg tilnærming i dei eksisterande studietilboda. Vidare er tematikken knytt eksplisitt til reiseliv og nasjonalparker i liten grad tatt opp.

I tabellen under har vi vist omfanget på og søkinga til dei ulike bachelorstudium i reiseliv. Tabellen viser for det første at høgskulen i Stavanger og i Lillehammer er dei to største innafor reiseliv, med høgskulane i Harstad i ein mellomposisjon og høgskulane i Sogn og Fjordane, Telemark og Finnmark som dei minste. Samstundes viser tabellen at høgskulane i Stavanger, Sogn og Fjordane og Lillehammer er dei mest populære (altså dei med størst søking i høve studiekapasitet), medan høgskulane i Nord-Noreg slit med å halde oppe søkjartala.

Tabell 6 Førsteprioritetssøkarar til bachelorstudium i reiseliv, 2003⁴⁶

Stad/studie	Studieplassar	Førstevals søkarar i høve til kapasitet
Høgskolen i Lillehammer: Reiseliv	90	91 %
Høgskolen i Stavanger: Reiselivsledelse	74	200 %
Høgskolen i Harstad: Reiseliv og turisme	40	-100 %
Høgskolen i Sogn og Fjordane: Turisme og reiseliv	25	144 %
Høgskolen i Telemark: Reiseliv, Bø	20	50 %
Høgskolen i Finnmark: Reiseliv og turisme	20	5 %

Den etablerte reiselivsundervisninga framstår som veldig ”akademisk”. Undervisninga er sterkt retta inn mot det å bringe fram høgskulekandidatar,

⁴⁶ Kjelde: www.samordnaopptak.no

medan det synast å vere lagt mindre vekt på meir avgrensa kurs og etterutdanning. Ein institusjon som gjer nettopp dette, er Stiftelsen for berekraftig produksjon og forbruk (GRIP). GRIP er i hovudsak finansiert av Miljøverndepartementet og arbeider på ei tilnærma non-profit base med rådgjeving overfor offentleg og privat verksemd, og har m.a. utvikla ulike rådgjevingsprodukt om reiseliv og miljø⁴⁷.

4.2 Dei norske reiselivsforskningsprogramma

Norges forskningsråd (NFR) og forløparen Norges råd for anvendt samfunnsforskning har sidan 1990 hatt tre reiselivsforskningsprogram. Dei fann stad i programperiodane 1990-1993, 1994-1997 og 1998-2002. Det er for tida ikkje noko norsk nasjonalt reiselivsforskningsprogram.

Det *første* programmet (1990-1993) kom i stand etter ønske frå Næringsdepartementet, og prioriterte tre problemstillingar:

- Bedriftsorientert marknadsorganisering, bedriftsutvikling og utvikling av heilskapsprodukt.
- Stadsutvikling, miljøtilpassing.
- Marknadsføring, effektmålingar i marknaden.

Programmet finansierte forskning ved tre fagmiljø: SNF, TØI og ØF/Oppland distriktshøgskole.

Det *andre* reiselivsforskningsprogrammet (1994-1997) hadde ei økonomisk ramme på 13 mill. kr. Tre temaområde vart prioritert:

- Reiselivet som produksjonssystem.
- Reiselivets økonomiske, sosiale, kulturelle og økologiske vilkår og verknader
- Etterspørselsdimensjonen i reiselivet.

I tillegg til institusjonane som tok del i det første programmet, fekk Telemarksforskning og Vestlandsforskning tildelt forskingsmidlar i det nye programmet.

Det *tredje* reiselivsforskningsprogrammet (1998-2002) fekk eit større omfang enn dei to første, og hadde ei økonomisk ramme på vel 35 mill. kr fordelt over den femårige prosjektperioden. Programmet løyvde midlar til dei same forskingsmiljøa som i den andre perioden (med unntak av Telemarksforskning), og i tillegg fekk ti andre institusjonar tildelt prosjekt. Dessutan vart nokre fagmiljø ut over desse involvert som underleverandørar. Programmet hadde dette overordna målet:

å utvikle og formidle kunnskap om reiselivsrelatert virksomhet med sikte på at kunnskapen skal gi grunnlag for økt lønnsomhet og verdiskaping i reiselivsnæringene og belyse betydningen av samfunnsmessige, kulturelle og miljømessige forhold.

⁴⁷ www.grip.no/Reiseliv/

Programmet har hatt fire prioriterte forskningstema:

- Forbrukarpreferansar og kjøpsatferd.
- Marknadsorientert produktutvikling.
- Eigarskap, struktur og lønsemd.
- Samfunnsmessige og økonomiske verknader.

Det siste reiselivsforskningsprogrammet reiste fleire tema som er av interesse i ein kvalitetsturismesamanheng, som berekraftig turismeutvikling, Lokal Agenda 21 og reiseliv, miljøbevisst reiseliv på Svalbard, og rolla lokal/regional matkultur har i reiselivsnæringa.

4.3 Norske forskingsinstitusjonar

Det har vore eit hovudpoeng å kartlegge relevant aktivitet innfor *den etablerte reiselivsforskinga*. Derfor har vi gått detaljert gjennom dei norske institusjonane som har fått midlar frå reiselivsforskningsprogramma til Norges forskningsråd og/eller driv reiselivsutdanning på bachelor- eller masternivå. Det inneber at framstillinga også femner om ein del institusjonar som ikkje arbeider innfor kvalitetsturisme-feltet slik det er definert av oss. Når det gjeld temaet utmarksbasert næringsutvikling har vi gått meir målretta på dei fagmiljøa som vi veit har vesentlege bidrag å gje.

Tabellen under er ei samanfatning av dei kartlagde norske institusjonane, med stikkordsprega omtale av forskingsprofil og ei vurdering av deira relevans til to aspekt ved kvalitetsturisme: berekraftig turisme og næringsutvikling knytt til nasjonalparkar/ verneområde. Relevansvurderinga (**/*/-, der "***" er svært relevant og "-" er lite relevant) er eit forsøk på å illustrere kva del av kvalitetsturisme-konseptet som dei ulike institusjonane eventuelt har kompetanse innfor. Det er grunn til å understreke at desse vurderingane er gjort basert på skjønn etter ein gjennomgang av nettbasert informasjon, publikasjonar o.l., og ikkje på grunnlag av samtalar med representantar for fagmiljøa. Sjå vedlegg for nærare informasjon. Tal prosjekt den enkelte institusjonen fekk tildelt under det tredje reiselivsforskningsprogrammet (RFP) til NFR gir ein indikasjon på kor sentralt dei ulike forskingsmiljøa står i den etablerte reiselivsforskinga i Noreg.

Forskningsprofilen ved dei kartlagde fagmiljøa som særleg rettar seg inn mot reiseliv er todelt: ei sosiologisk orientert forskning *om* reiselivet, og ei meir bedriftsøkonomisk og managementorientert forskning *for* reiselivet. Til den siste kategorien høyrer store delar av den etablerte reiselivsforskinga som finn stad ved institusjonar som Transportøkonomisk institutt, SNF og Handelshøyskolen BI.⁴⁸ Dei fleste fagmiljøa knytt til reiselivsutdanningane ved norske høgskolar er også i denne tradisjonen, med fokus på økonomi, marknadsføring, destinasjonsutvikling mv. Høgskolen i Finnmark er det klaraste unntaket i så måte, som i tillegg til meir tradisjonelle økonomi- og reiselivsfag driv utstrekt forskning rundt berekraftig turisme. Også Høgskolen i Lillehammer og

⁴⁸ Enkeltforskarar ved både TØI og BI arbeider med berekraftig turisme, utan at ein kan hevde at dette er noko hovudfokus på reiselivsforskinga ved institusjonane.

Høgskolen i Stavanger – Norsk hotellhøgskole har forskarar som publiserer rundt berekraftig reiselivsutvikling. Blant reiselivsforskingsmiljøa utanom høgskulesektoren er det særlig Vestlandsforskning som har markert seg med eit sterkt fokus på koplinga mellom reiseliv og berekraftsspørsmål.

Tabell 7 Forskingsprofil ved sentrale forskingsinstitusjonar innafor reiselivsforsking

Institusjon	Tal prosjekt RFP 98-02	Berekr. reiseliv	Utmark/næring	Forskingsprofil
Norske høgskolar med reiselivsutdanning på bachelornivå eller høgare				
Høgskolen i Finnmark (HIF)	3	**	-	Reiselivet i samfunnet, berekraftig reiseliv.
Høgskolen i Lillehammer (HIL)	2	*	**	Markn.analysar, ferieatferd, smb i reiseliv
Høgskolen i Stavanger (HIS)	2	*	-	Økonomi, leiing
Høgskolen i Telemark (HIT)	0	-	*	Økonomi, org.fag, marknadsføring
Høgskolen i Sogn og Fjordane (HSF)	0	-	*	Økonomi, org.fag, marknadsføring, kulturlandskapsforvaltning
Høgskolen i Harstad (HIH)	0	-	-	Språk, økonomi, marknadsføring
Norske forskingsinstitutt og universitet med ei definert satsing på reiselivsforsking				
Transportøkonomisk institutt	5	*	*	Marknadsanalysar, økon.ringvirkningar
SNF	4	-	-	Branding, image, markn.føring på nettet
Handelshøgskolen BI	3	*	-	Destinasjonsutv.; Berekraftig turisme
Vestlandsforskning	3	**	*	Berekraftig reiseliv, friluftsliv, lokal mat.
Østlandsforskning	1	*	**	Utmarksforvaltning, konflikhtar ved vern
Andre forskingsmiljø som var med i reiselivsforskingprogrammet (1998-2002)				
NINA avd. for naturbruk	1	*	**	Utmarksforvaltning, menneske-miljø
Norut NIBR Finnmark	1	*	-	Satsar ikkje på reiselivsforsking
NORUT Samfunn	1	-	*	Utmark, utnytting av naturressursar
NIBR	1	-	-	Planlegging (driv ikkje reiselivsforsking)
Norsk Regnesentral	1	-	-	Informasjonssøking, IT
SIFO	1	-	-	Matkultur
Høgskolen i Agder	1	-	-	Arbeidsmarknadsøkonomi, makroøk.
Andre forskingsmiljø med kompetanse innafor utmarksbasert næringsutvikling				
Bygdeforskning	0	-	**	Bygdeutvikling, konflikhtar ved vern
Telemarksforskning Bø	0	-	*	Natur- og kulturbasert næringsutvikling
Nord-Trøndelagsforskning	0	-	*	Landskapsendring utmark, nasj.parkforv.
Noregs landbrukshøgskule (NLH)	0	-	**	Bygdeutvikling, naturforvaltning.

Vender vi blikket mot den forskinga som tar for seg utmarksbasert næringsutvikling, finn vi kan hende dei viktigaste bidraga ved fagmiljøa i

Lillehammer (NINA avd. for naturbruk, Østlandsforskning og Høgskolen i Lillehammer). Bygdeforskning ved NTNU er også eit fagmiljø som arbeider med desse problemstillingane, m.a. i samarbeid med NINA. Desse miljøa står i noko ulike fagtradisjonar: Medan Høgskolen i Lillehammer har reiselivsfag som sin ståstad, spring fagmiljøa ved Østlandsforskning og NINA ut frå naturforvaltning og planfag. Bygdeforskning har på si side bygdeutvikling som sitt primære fokus, dvs. ei orientering mot landbrukssegmentet. Ingen av dei omtalte fagmiljøa har eksplisitt innlemma berekraftsdimensjonen i si forskning rundt næringsutvikling/turisme.

NLH er det sentrale forskingsmiljøet i Noreg innafor landbruk, men arbeider også innafor områda bygdeutvikling og naturforvaltning. Det kan vere verdt å ta med at NLH er noko "splitta" i berekraftprofileringa av si forskning. Innafor temaet naturforvaltning er berekraftmålsettinga sentral plassering, medan dette ikkje er så tydeleg innafor forskinga på landbruk og bygdeutvikling. Innafor område som økologisk landbruk og lokal mat er det t.d. andre forskingsmiljø enn NLH som er dei mest sentrale i ein norsk samanheng.

4.4 Internasjonal forskning

Det føregår forskning med relevans til kvalitetsturisme ved fleire institusjonar elles i Skandinavia. I vedlegg har vi gitt ein kort omtale av sju fagmiljø som til saman står for den viktigaste forskingsbidraga på dette feltet i Sverige og Danmark (sjølv om kartlegginga ikkje på nokon måte er uttømmande). Her vil vi trekke fram eitt svensk institutt, ikkje minst på grunn av den organisatoriske løysinga som her er valt. Det gjeld det svenske reiselivsforskningsinstituttet *ETOUR* (European Tourism Research Institute) ved den Samhällsvetenskapliga institutionen ved Mitthögskolan i Östersund, som samlar 26 forskarar og 6 administrativt tilsette. Dei har fokus på destinasjonsutvikling, og blant sju forskningstema finn vi også berekraftig utvikling og kultur og kulturressursar, begge med klar relevans til kvalitetsturisme. ETOUR vart oppretta i 1997 av Turistdelegationen, Rese- och Turistindustrin i Sverige (RTS) og Mitthögskolan, med eit større finansieringsbidrag frå EUs strukturfond. Denne konstruksjonen var eit bevisst forsøk på å samle reiselivsfaglig kompetanse i eitt sterkt forskingsmiljø, ei satsing som på sett og vis har kome i staden for nasjonale reiselivsforskningsprogram av den typen vi har hatt i Noreg.⁴⁹

Ein gjennomgang av forskingsbasert litteratur innafor reiseliv gir mange treff på kvalitetsturisme, men hovudfokus er retta mot den prosessorienterte tilnærminga og gjeld problemstillingar knytt til kvalitetssikring. Her er det den økonomiske fagtradisjonen og management-tilnærming som dominerar. Denne tilnærminga er oppsummert i ein rapporten frå årsmøtet i den internasjonale samanslutninga av reiselivsforskarar (AIEST) i 1997: *Quality Management in Tourism. Reports 47th Congress, Cha-Am (Thailand). Publication de Association Internationale d'Experts Scientifiques du Tourisme. Volum 39. St-Gall, Sveits.*

⁴⁹ På det tredje norske reiselivsforskningsprogrammet sine heimesider er det ei lenke med tittelen "Det svenske reiselivsforskningsprogrammet", som peikar til ETOUR sine nettsider. (www.program.forskningsradet.no/reiseliv/lenker/gruppe.html?katid=2)

Men det er også ein etablert internasjonal forskning som gjeld den substans- og konsekvensorienterte tilnærminga til kvalitetsturisme. Fleire forfattarar peiker på at kvalitetsturisme anvendt som eit omgrep i ein breiare *samfunnsmessig* samanheng har sitt filosofiske utgangspunkt i 1960- og 1970-tallets *miljødebatt* (Dragicevic 1991, Kaspar 1991, Seaton 1991). Den faktiske bruken av kvalitetsturisme ut frå ein substans- og konsekvensorientert forståing er då også knytt til framveksten av ulike former for alternativ turisme, og vidare nært knytt til omgrepet som berekraftig reiseliv (Seaton 1991). Seks år før Aiest-rapporten om kvalitetssikring i reiselivet publiserte den same organisasjonen ein temarapport om kvalitetsturisme med tittelen "Quality Tourism. Concept of a Sustainable Tourism Development, Harmonizing Economical, Social and Ecological Interests". Rapporten dokumenterer koplinga mellom den praktiske bruken av kvalitetsturisme og framveksten av alternativ turisme som ein motreaksjon til dei negative konsekvensane av masseturismen (Aiest 1991).

Swarbrooke (1999) peiker i sin bok "Sustainable tourist management" på at i dei tilfelle der man arbeider for ei meir berekraftig utvikling innan etablerte destinasjonar er det vanlig å kople dette arbeidet opp mot omgrepet kvalitetsturisme. Swarbrooke peiker på at kvalitetsturisme framstår som eit nyttig omgrep fordi det fangar opp fleire sider ved reiselivet: Miljøkvalitet, kvaliteten på reiselivspolicy og reiselivsplanlegging, kvaliteten på varer og tenester og kvaliteten på turisten.

Ein gjennomgang av ulike forsøk på å definere *kvalitetsturisme* viser store samsvar med definisjonar av andre former for alternativ turisme. Eit sentralt element er spørsmålet om *tålegrenser* (Lindsay 1986, O'Reilly 1986, Seaton 1991, Van Houts 1991). Tålegrenseproblematikken gjeld til den *konsekvensorienterte* forståinga av kvalitetsturisme, og dreier seg om tal turistar ein gitt lokalitet eller destinasjon tåler ut frå tre ulike omsyn:

- det fysiske miljøet
- den lokale kulturen
- sosial aksept hos lokalbefolkninga

Seaton (1991) peiker - i tråd med Krippendorf (1975) - på at kvalitetsturisme også medfører krav til *turisten*. I følgje Seaton føreset kvalitetsturisme eit tilstrekkeleg tal kvalitetsturar som:

- har ein meir ansvarleg oppførsel
- er meir sympatisk til vern
- tar større grad av miljøomsyn
- er meir sensitive i interaksjon med lokalbefolkninga
- er lært opp til å forbruke mindre
- er meir innretta på oppleving enn "shopping"

Kvalitetsturisme har blitt rammet av noe av den same kritikken som tidlegare referert i forhold til alternativ turisme og økoturisme når det gjelder manglande faktiske bidrag i forhold til målet om eit meir berekraftig reiseliv. Fleire forfattarar skuldar kvalitetsturisme for å vere eit *ideal som ikkje kan nyttast i*

praksis. Riktig nok er det enkelte studiar av tidlege fasar i utviklinga av kvalitetsturisme og andre former for alternativ turisme; men litteraturen er meir prega av framværet av dokumentasjon om suksessfulle prosjekt som strekker seg over eit lengre tidsrom (Cazes 1989, Seaton 1991). Andre kritiserer kvalitetsturisme for å vere *for avgrensa* i forhold til reiselivets samla miljøproblematikk, ved at slike formar for turisme ikkje problematisere transporten til og frå destinasjonen (Reiner 2002). Andre igjen peiker på at kvalitetstursime kan medføre *større* miljøproblem enn den tradisjonelle forma for masseturismen (Butler 1990, Seaton 1991). Dei viser til at kvalitetsturisten verken er meir eller mindre kvalitetsbevisst når det gjelder å velje dei mest miljøvenlege alternativa, og at destinasjonar og produkt som tar i bruk nemninga kvalitetsturisme ofte førar med seg særleg lange reiseavstandar og bruk av dei mest energikrevjande transportformene som fly og personbil (Høyser, 2000). Andre igjen skuldar kvalitetsturisme og tilsvarande former for alternativ turisme å fungere som ein form for "grønt avlat" slik at resten av reiselivsnæringa kan halde fram som før med å belaste miljøet (Wheeler 1990; 1991).

5 Korleis styrke forskinga på kvalitetsturisme

5.1 Om strategisk forskning og kunnskapsformidling

Forskning for realisering av overordna samfunns mål vert gjerne gitt nemninga *strategisk forskning*. Ei slik form for forskning skal kome med ny kunnskap og drive med kunnskapsformidling til støtte for ei betre realisering av gitte samfunns mål. I dette ligg også forskning om hindringar som står i vegen for ein meir rasjonell og effektiv realisering av dei same overordna samfunns måla.

I vår samanhengen er det forskning til støtte for målet om å etablere *naturbasert reiseliv som merkevare* for norsk reiseliv. I dette ligg også å støtte opp under eit mål om at reiselivet vere i samsvar med målet om ei *berekraftig utvikling*. Dette gjeld kunnskap for reiselivsnæringa og offentleg forvaltning så vel som kunnskap om reiselivet. Dermed vert det viktig å drive aktivt og systematisk med *informasjon* og *kunnskapsformidling*, og at denne aktiviteten skal setjast i samband med det å fremje gitte samfunnsmessige mål.

Det å definere eit nasjonalt strategisk forskingsansvar for éin institusjon inneber normalt ikkje at *all* relevant forskning nasjonalt skal allokeraast til denne institusjonen. Eit viktig poeng her er at institusjonen får ein nøkkelrolle i å etablere og drive eit *fagleg nettverk*. Det er difor avgjerande at institusjonen etablerar ein fagleg dialog med andre relevante institutt og aktørar som er sentrale i kunnskapsutviklinga på det aktuelle området.

Strategisk forskning er sjølvstøtt ikkje uproblematisk. Det er vanskeleg å tilfredsstille kravet om akademisk høg kvalitet i forskinga samstundes som ein skal drive med formidling og utstrakt kontakt med brukarane. Det kan også vere vanskeleg å tilfredsstille krav om uavhengig forskning samstundes som ein skal arbeide tett opp mot overordna samfunns mål; mål som kanskje ikkje har ein allmenn tilslutning i samfunnet.

Eit nærliggjande eksempel å dra erfaringar frå er det strategiske forskingsprogrammet *ProSus* (Program for forskning og utredning for et bærekraftig samfunn ved Universitetet i Oslo). ProSus gjev sjølv følgjande omtale av det å drive med strategisk forskning⁵⁰:

(ProSus skal) bidra med nye kunnskaper og formidling til støtte for en bedre realisering av nasjonale mål for bærekraftig utvikling.

I mandatet for ProSus vert det vidare lagt vekt den direkte tilknytninga til eit overordna omgrep (berekraftig utvikling) og ein definert internasjonal prosess (oppfølging av Agenda 21). Det står vidare at i høve desse to internasjonale forankringspunkt skal instituttet drive:

Målrettet strategisk forskning om hindringene som står i veien for en mer rasjonell og effektiv realisering av en bærekraftig utvikling.

⁵⁰ Henta frå www.prosus.uio.no/om_prosus/

Vidare vert det lagt vekt på instituttet sitt ansvar å etablere ein fagleg dialog med andre relevante institutt og aktørar som er sentrale i kunnskapsutviklinga på dette området:

Virksomheten gjennomføres i samarbeid med andre forskningsinstitusjoner, både nasjonalt og internasjonalt, og i dialog med frivillige organisasjoner og representantene for nærings- og arbeidslivet.

Og sist blir det lagt stor vekt på at institusjonen skal drive aktivt og systematisk med informasjon og kunnskapsformidling, og at denne aktiviteten skal setjast i samband med det å fremje gitte samfunnsmessige mål:

Informasjon og formidling om alternative styringsstrategier, virkemidler og normative framtidsperspektiver for mer bærekraftige samfunn, lokalt, nasjonalt, regionalt og globalt.

ProSus har eksistert sidan 1996 og har gitt mange og verdfulle bidrag både i den generelle samfunnsdebatten og i meir avgrensa akademisk samanheng. Det vert ofte vist til rapportar laga av ProSus i stortingsmeldingar som omhandlar miljøpolitikk, og institusjonen har klart å etablere seg som ein av dei sentrale forskningsinstitusjonane i Noreg på miløområdet. ProSus har så langt vore heilfinansiert av ein rammeløyving, men skal på sikt gå over til å bli meir eller mindre sjølvfinansierende – men venteleg framleis med ei eller anna form for grunnfinansiering.

Vi ser ein klar parallellen til vår samanheng. På den eine sida forankringa til omgrepet og prosessen rundt berekraftig utvikling. På den andre sida ambisjonar om ein forskingsaktivitet som er tenkt å vere endringsfremjande; altså både studere gitte fenomen (kvalitetsturisme, berekraftig reiseliv, naturbasert reiseliv, bygdeturisme) og vere med å leggje forholda til rette for å fremje dei same fenomenene.

Eit anna eksempel som kan vere relevant i vår samanheng er *Senter for Bygdeturism*. I 1990 blei stiftinga Senter for Bygdeturisme etablert som eit nasjonalt kunnskapssenter for å samle og formidle ergaringar innafor bygdeturisme og utmarksnæring til offentleg forvaltning og næringslivet. Det var knytt store forventningar til senteret; ikkje minst når det gjaldt å bidra til å løfte bygdeturisme fram og knyte sterkare band mellom den tradisjonelle reiselivsnæringa og landbruket. Senteret fekk imidlertid ei kort levetid og vart avvikla i 2000, først og fremst fordi senteret ikkje klarte å finansiere drifta vidare. Ei evaluering av senteret i 1998 viste m.a. til at senteret etter kvart hadde mista nokre av sinne opphavelige nasjonale oppgåver, m.a. nasjonal statistikkproduksjon. Vidare blei det vist til at senteret ikkje hadde klart å etablere gode nettverk til den eksisterande reiselivsforskinga. Problemar med rekruttering av fagleg høgt kvalifiserte personar gjorde vidare at kvaliteten på utgreiingane blei varierende, noko som i sum gjorde at senteret etter kvart mista oppdrag, og til slutt måtte avvikle (Møller mfl 1998).

Etableringa av Senter for Bygdeturisme kan seiast å tilhøyre tradisjonen av teknisk-merkantile kompetansesentra som blei oppretta på 1980-talet av dåverande Kommunal- og arbeidsdepartementet. Ein kritikk av desse etableringane var at ein gjerne hadde store tankar om betydninga av kunnskapsformidling, teknologioverføring, samordning og koordinering, men at det ikkje var tilstrekkeleg avklart kven som skulle tilby kva, korleis og til

kven (Uhlin 1996). Resultatet blei at verksemda ved mange av desse sentra blei lagt ned etter kort tid eller at andre måtte justere ned både ambisjonsnivå og profil.

Erfaringane over viser at det på den eine sida at det er trong for kunnskapsproduksjon i skjæringspunktet mellom reiseliv og landbruk. Samstundes viser eksempelet at det nok ikkje er ein offentleg oppgåve å avgrense seg til berre å støtte kunnskapsformidling på dette området; det er ei oppgåve som isolert sett kan løysast tilfredsstillande av kommersielle aktørar. Det sentrale her er venteleg å kombinere akademisk kunnskapsproduksjon og kunnskapsformidling. Då vert tilknytning til ein akademisk institusjon og det å etablere eit akademisk miljø avgjerande. Samstundes er det viktig å ha realistiske førestillingar om trongen for ei offentleg grunnfinansiering i botn av ein institusjon som også skal produsere akademisk kunnskap på dette området.

5.2 Avgrensing av eit kunnskapsområde

Inngangen til å avgrense eit kunnskapsområde med utgangspunkt i omgrepet kvalitetsturisme er sjølvsagt kunnskap om sjølve *reiselivet*. I dette ligg kunnskap om reiselivsnæringa - m.a. kunnskap om marknaden, om produktutvikling og om bedriftsleiing – og kunnskap om reiselivspolitik; altså kunnskap om korleis politikk påverkar vilkåra for utøving av reiseliv. Dette utgjer den første kategorien av kunnskapsområde (jf figuren under).


Men vi ønskjer altså å avgrense og spisse inn kunnskapsområdet til å vere mindre omfattande enn generell reiselivsforskning. I tråd med nøkkelomgrepa naturbasert reiseliv, berekraftig reiseliv og bygdeturisme vi identifiserte i innleiinga – i tillegg til omgrepet kvalitetsturisme – vil vi her peike på tre *nøkkelområde* som skal definere den innspissinga av kunnskapsområdet vi her er ute etter: Natur, berekraftig utvikling og landbruk (jf figuren under).

Vår *første* avgrensing av omgrepet kvalitetsturisme gjeld *innhaldet* i opplevinga ved at *natur- og kulturlandskapet* utgjer ressursgrunnlaget for den typen reiseliv vi ønskjer å fokusere på. Dette peiker på to sentrale kunnskapsområde: Naturfagleg kunnskap om sjølve naturen og kulturlandskapet, og kombinasjonen av natur- og samfunnsfagleg kunnskap om korleis forvalte natur- og kulturlandskapet; herunder kunnskap om naturvern.

Vår *andre* avgrensing gjeld fokus på konsekvensar av reiselivet i høve til målet om ei *berekraftig utvikling*. Dette er eit tverrfagleg samansett kunnskapsområde som omfattar teknisk og naturfagleg kunnskap om effektar av reiselivsverksemd i naturen, og samfunnsfagleg kunnskap om effektar i samfunnet.

Vår *tredje* avgrensing er knytt til overskrifta "landbruk" og omfattar fleire forhold. Landbruket er både ein del av ressursgrunnlaget og ein del av reiselivsnæringa. I tillegg kan landbruket også bli råka av reiselivet. Kunnskap om landbruk meir generelt og om bygdeutvikling og bygdeturisme meir spesielt er difor viktige kunnskap i denne samanhengen.

Dei fire sentrale kunnskapsområda vi har identifisert over - "natur", "landbruk", "berekraftig utvikling" og "reiseliv" - er kvar for seg etablerte kunnskapsområde. Poenget er altså å kombinere desse områda.



Figur 6 Sentrale kunnskapsområda i forskning på kvalitetsturisme

5.3 Sterke og svake sider i eksisterande kunnskapsproduksjon

Kva viser så vår kunnskapsgjennomgang i høve til den modellen som vi har illustrert over? Kvar er dei sterke og svake sidene i den eksisterande kunnskapsproduksjonen? På eit *overordna* nivå gjev vår gjennomgang i kapittel 4 og 5 grunnlag for å peike på to meir generelle forhold:

- Praksis ligg i ein viss forstand ”føre” forskinga.
- Noreg ligg etter den internasjonale forskingsfronten.

Våre fire nøkkelomgrep - reiseliv, berekraftig reiseliv, bygdeturisme og kvalitetsturisme – synast i større grad å vere tatt i bruk av reiselivsnæringa enn av offentlege styresmakter. Dette forholdet viser seg kanskje best i fråveret nasjonal og internasjonalt av ein spesifikk politikk for berekraftig reiseliv. Men forskinga synast også i nokon grad å ligge etter. Sjølv om reiselivsprodukt med nemningar som økoturisme og naturbasert reiseliv opplevar auka etterspurnad internasjonalt er det relativt avgrensa forskning på desse områda internasjonalt. Dette forholdet ser vi også innafor reiselivsundervisninga i Noreg, der det er utvikla få studiar som koplpar ei tradisjonell reiselivsøkonomisk tilnærming med kunnskap om natur, landbruk og berekraftig utvikling

Det er også klart at Noreg ligg etter internasjonalt, både innafor næringa, offentlig forvaltning og ikkje minst forskinga. Omgrep som nasjonalparkturisme og kvalitetsturisme er knapt tatt i bruk i Noreg. Sjølv det internasjonalt vel etablerte omgrepet berekraftig reiseliv er lite nytta i norsk samanheng, og det er lite forskning i Noreg på berekraftig reiseliv. Meir slående er kan hende at det heller ikkje er mykje forskning i Noreg som eksplisitt rettar seg inn mot naturbasert reiseliv der ein kombinerar kunnskap om reiseliv med kunnskap om natur og landbruk.

Når det gjeld *organiseringa* av den kunnskapsproduksjonen i Noreg som er relevant i vår samanheng, gjev vår gjennomgang grunnlag for å peike på tre forhold:

- Det er *mange* fagmiljø med kompetanse av meir *generell* relevans.

- Det er *få* fagmiljø med relevant *spiss*kompetanse.
- Det er *lite* vekt på formidling av relevant kunnskap til reiselivsnæringa.

Vi har identifisert ikkje mindre enn 16 norske forskingsmiljø som kan vise til forskning med meir *generell* relevans i vår samanheng. I tillegg kjem 6 forskingsmiljø med forskning innafor reiseliv, men der vi ikkje har vurdert forskinga som relevant i denne samanhengen.

Det er likevel få forskingsinstitusjonar som arbeider systematisk innafor den avgrensa tematikken vi har identifisert over. Det verkar vidare som om det er lagt lite vekt på formidling av relevant kunnskap overfor reiselivsnæringa og offentleg forvaltning. Reiselivsforskningsprogramma har lenge blitt kritisert av reiselivsnæringa for å leggje for liten vekt på forskingsformidling. No har rett nok det siste reiselivsforskningsprogrammet lagt langt større vekt på formidling. Ved reiselivutdanningsinstitusjonane er det naturleg nok lagt størst vekt på utdanning av kandidatar, men dei seinare åra har det dukka opp fleire korttidsstudium innafor reiseliv og naturforvaltning. Men også slike tilbod er av relativt stort omfang, og det er i dag berre ein offentleg institusjon (GRIP) som har tilbod om heilt korte kurs og seminar innafor reiseliv og miljø.

Når det gjeld det *faglege innhaldet* i relevant norsk forskning gjev vår gjennomgang grunnlag for å trekkje fram tre forhold:

- Berekrafttilnærminga i relevant norsk forskning er svakt utvikla.
- Forsking med utgangspunkt i reiseliv er svak på naturforvaltning, medan forskning med utgangspunkt i utmarksbasert næringsutvikling er svak på reiseliv.
- Kunnskap om vilkår for bygdeturisme er svak.

I mange tilfelle er *berekrafttilnærminga* svakt utvikla, både når det gjeld reiselivsforskinga og forskning som gjeld utmarksbasert næringsutvikling. Dels består problemet i at det ofte er ei ”grunn” berekraftforståing avgrensa til ei rein miljøtilnærming utan å ha fanga opp utviklingsdelen i omgrepet; dels er det at ei slik tilnærming ikkje er fanga opp i det heile tatt. Det siste gjeld særleg innafor reiselivsforskinga.

Eit generelt problem med *reiselivsforskinga* er dei relativt svake koplingane til kunnskap om ressursgrunnlaget for den delen av reiselivet som skjer i bygde-Noreg; det somme kallar den ressursbaserte delen av reiselivet. Det er lite fokus på landbruket som tematikk og det er liten grad av integrering av naturfagleg kunnskap. Det er også lite koplingar til den meir spesifikke kunnskapen om forvaltning av verna område.

Om vi ser på forskinga som skjer med utgangspunkt i *utmarksbasert næringsutvikling* er problemstillinga nær sagt motsett; her er det svake koplingar til temaet reiseliv. Det er mykje fokus på landbruk og friluftsliv, i nokon grad også småskala reiseliv, men lite fokus på den storskala delen av reiselivet som også skjer i bygde-Noreg; jf. t.d. cruisebåtturisme. Det er også eit poeng at dei etablerte forskingsinstitusjonane innafor dette forskingsområdet, t.d. Noregs landbrukshøgskule, berre i avgrensa grad synast å ha fanga opp dei

nye trendane innafor utmarksbasert næringsutvikling som kan knytast til fenomen som lokal mat og økologisk landbruk.

Kunnskap om dei spesielle forholda som gjeld for *bygdeturisme* er svakt utvikla i Noreg. Reiselivsnæringa er så vidt forskjellige på landsbygda og i byane, at ei meir generell reiselivstilnærming gjev ei svært avgrensa kunnskap om utviklinga i reiselivet på landsbygda. Forskjellane knyter seg til organisering av tilbodssida og type tilbod så vel som forskjellar i etterspurnadssida, så som marknadssegment og føremål med reisa. Næringa på landsbygda er i tillegg meir konjunkturfølsam og meir følsam for valutaendringar enn reiselivsnæringa er i byane der heimemarknaden er hovudmarknaden. Ingen offentleg reiselivsstatistikk er i dag lagt opp til å synleggjere denne todelinga av norsk reiseliv. Dette kan gjerast gjennom å tilpasse data brote ned på kommunenivå og i nokon grad samle inn genuint nye data.

5.4 Kva bør instituttet drive med?

Utgangspunktet for denne rapporten har vore å greie ut vilkåra for å etablere eit nasjonalt institutt for kvalitetsturisme. Men eit institutt kan drive med ulike ting og kan verre organisert på ulike måtar. På den eine sida kan vi skilje mellom etablering av ein ny institusjon og tilpassing av eksisterande institusjon (*organiseringsaksen*). Og vidare kan vi skilje mellom rein forskning og rein rådgjeving (*innhaldsaksen*). Alle dei fire kategoriane vi då kjem fram til kan i prinsippet høyre inn under overskrifta ”nytt institutt”.

Eit sentralt skilje når det gjeld spørsmålet om kva eit nytt institutt skal drive med går mellom eit reindyrka forskingsinstitutt og eit kompetansesenter. I det første tilfellet vert det berre lagt vekt på forskning – i og for seg både ”om” og ”for” reiselivet - medan det andre tilfellet berre omfattar rådgjeving ”for” reiselivet utan grunnlag i eigen forskning. ”Klassiske” forskingsinstitutt av typen ”Norsk institutt for...” er eksempel på det første. Slike institutt har vi mange av i Noreg. Noko av kritikken av reiselivsforskinga i Noreg ha gått på at det vert lagt for stor vekt på rein forskning, ofte avgrensa til forskning ”om” reiselivet, og tilsvarende lite vekt på formidling av kunnskap.

Sjølv om dette problemet har vore arbeidd med aktivt i det siste reiselivsforskningsprogrammet, har vi berre éin offentleg (eller i alle fall halvoffentleg) institusjon i Noreg som faktisk driver med formidling av miljøkunnskap til reiselivet (og då ser vi bort frå private konsulentfirma): Stiftelsen for berekraftig produksjon og forbruk (GRIP). GRIP arbeider på ei tilnærma non-profitt base med rådgjeving innafor m.a. reiseliv og miljø, men driv altså ikkje sjølv med forskning.

I mellom desse to ytterpunkta har vi den type institusjon som både driv med eigen forskning og arbeider systematisk og profesjonelt med formidling av eigen og andre sin forskning. Eitt nærliggjande eksempel å trekke fram er forskningsprogrammet *ProSus*⁵¹. Sjølv om ProSus reint formelt er eit

⁵¹ Jf www.prosus.uio.no/. Ut over at dette reint sakleg sett er ei nærliggjande modell, kjem i tillegg at Vestlandsforsking har samarbeidd tett med ProSus gjennom mange år, og slik sett kjenner til korleis denne modellen er bygd opp og har vist seg å fungere i praksis. Direktør for

forskningsprogram, framstår ProSus på alle måtar i praksis som eit forskingsinstitutt.

5.5 Korleis organisere eit institutt for kvalitetsturisme

Når det gjeld organisering av eit nytt institutt for kvalitetsturisme går det eit skilje mellom det å etablere noko heilt nytt og det og tilpasse eksisterande institusjonar. Og det vil gjerne vere ein gradvis overgang mellom desse to ytterpunkta. Vi kan tenkje oss etablering av ein ny sjølvstendig organisasjon lokalisert i eit nytt lokale utan bindingar på nokon måte til eksisterande institusjonar. I den andre enden av skalaen har vi alternativet der eitt eller fleire institutt får tildelt midlar – t.d. i form av strategiske instituttprogram - for å byggje opp ny kompetanse. Eller – nær sagt som ei form for minimumsløysing – har vi alternativet der nokre institutt inngår ein avtale om fagleg samarbeid innafor eit avgrensa fagområde. Eitt slikt eksempel er samarbeidet mellom NORUT Samfunn, Østlandsforskning og Nord-Trøndelagsforskning innafor utmarksforskning som har fått nemninga ”UTForsk”⁵².

Men det er også mogeleg å tenkje seg ei mellomløysing. I gjennomgangen av svensk forskning med relevans for temaet kvalitetsturisme omtalte vi European Tourism Research Institute (ETOUR). ETOUR er eit reiselivsforskningsinstitutt ved den Samhällsvetenskapliga institutionen ved Mitthögskolan i Östersund, som vart oppretta i 1997 av Turistdelegationen, Rese- och Turistindustrin i Sverige (RTS) og Mitthögskolan. I dette ligg altså at det vert lagt opp til eit forpliktande samarbeid mellom ei ”ny” eining og ein eksisterande institusjon.

Gitt at det er meir kostnadskrevjande å etablere ein ny institusjon heilt frå ”botnen”, men samstundes ut frå ei erkjenning av at nokre avgrensa strategiske instituttprogram ikkje vil vere tilstrekkeleg til å byggje opp genuin ny kompetanse, verkar ”ETOUR-modellen” umiddelbart mest tiltalende. Dette er ein modell som også er valt for ProSus, sjølv om integreringa med moderinstitusjonen (Senter for Utvikling og Miljø ved Universitetet i Oslo) ikkje er like sterk som for ETOUR.


I figuren under har vi plassert dei ulike eksempla vi har nytta over i diskusjonen av ulike modellar for eit institutt for kvalitetsturisme. Om vi tar utgangspunkt i det vi i figuren har omtalt som ”ProSus-modellen” inneber vårt framlegg at eit nasjonalt institutt for kvalitetsturisme går eitt skritt lengre i retning av rådgjeving enn ProSus (altså noko i retning av det vi under har vist som ”GRIP-modellen), og eitt skritt lengre i retning av fagleg integrering i eit eksisterande fagmiljø (om lag som ETOUR). I høve til ”UTForsk-modellen” vert det lagt større vekt på formidling og rådgjeving, og mindre vekt på berre å tilpasse eksisterande institusjonar.

Den kombinasjonsløysinga vi har freista å få fram i figuren under, inneber at ein må leite seg fram til det eksisterande fagmiljøet der ein kan få størst faglege synergieffektar i høve til eit nytt institutt. Vidare må ein avklare meir detaljert korleis samarbeidet mellom det ”nye” og ”gamle” fagmiljøet skal arte seg.

ProSus har m.a. vore tilsett som professor II ved Vestlandsforskning i fleire år, og sit no som styrerepresentant i Vestlandsforskning.

⁵² www.utforsk.net

Vi ser føre oss ei nyetablering i storleiken *10 forskarårsverk*, og at det innaford den eller dei eksisterande fagmiljøa som instituttet skal lokaliseras med i dag finst om lag eit tilsvarande tal årsverk som arbeider med tema med høg relevans for kvalitetsturisme. Den nye fagmiljøet vil med det bestå av om lag 20 forskarårsverk; altså større enn noko einskild forskingsmiljø innafor reiseliv i Noreg i dag - men t.d. om lag på linje med ETOUR i Sverige. Og når vi nyttar nemninga "forskarårsverk" føreset vi altså at desse skal arbeide også med forskingsformidling og rådgjeving. Ei slik satsing vil i innebere ei årleg løyving i storleiken 10 millionar kroner. Det er naturleg å sjå føre seg ei løyving over ei viss tid – t.d. fem år – og ei evaluering det 5. året. På sikt bør instituttet ta sikte på å kunne ha ei viss eigeninntening, for eksempel 50 prosent.



Figur 7 Ulike modellar for etablering av nasjonale institutt

6 Føresetnader for lokalisering av institutt for kvalitetsturisme i Sogndal

Utgangspunktet for rapporten er spørsmålet om å etablere eit nasjonalt institutt for kvalitetsturisme i Sogndal. I denne siste delen av rapporten vil vi difor diskutere føresetnadane for å etablere eit nasjonalt institutt for kvalitetsturisme i Sogndal, gitt dei prinsipielle vala med omsyn til modell som er drøfta i kapittelet over.

Det sentrale her er å drøfte dei *faglege* føresetnadene for val av Sogndal. Men det er viktig å vere klar over at faglege føresetnader dreier seg om meir enn *forskning og undervisning*. Dette er kanskje dei viktigaste sidene ved denne diskusjonen, men nemninga ”fagleg” er i denne samanhengen også relevant når det gjeld *praksis* innafor næringslivet og offentleg forvaltning.

6.1 Føresetnader knytt til forskning og undervisning

Det er dei to institusjonane *Vestlandsforskning (VF)* og *Høgskulen i Sogn og Fjordane (HSF)* som vil vere grunnsteinane i eit eventuelt nasjonalt institutt for kvalitetsturisme lagt til Sogndal. Om vi vender tilbake til vår teknikk med søking på nettet, gjev tabellen under ein indikator på dei kunnskapsområde der Vestlandsforskning og Høgskulen i Sogn og Fjordane ligg langt framme. Det gjeld særleg i høve til dei to første nøkkelomgrepa i tabellen – kvalitetsturisme og berekraftig reiseliv – der Vestlandsforskning er i front nasjonalt når det gjeld forskning på området. I høve til omgrepet naturbasert reiseliv er det Høgskulen i Sogn og Fjordane gjennom sitt reiselivsstudium som har markert seg nasjonalt. Implisitt har høgskulen også markert seg i høve til omgrepet naturbasert reiseliv gjennom forskning på kulturlandskap og landskapsforvaltning. I høve til det siste av våre fire nøkkelomgrep – bygdeturisme – er ikkje VF og HSF like tydeleg nasjonalt; her er det andre kunnskapsmiljø regionalt som har markert seg.

Tabell 8 Tal eksakte treff på www.google.com for ulike reiselivsnemningar⁵³

Norske omgrep	Del av dei fem første eksakte treff på www.google.com registrert på VF eller HSF (tal treff totalt i parentes)
Kvalitetsturisme	5 av 5 (292)
Berekraftig reiseliv	3 av 5 (195)
Naturbasert reiseliv	2 av 5 (239)
Bygdeturisme	0 av 5 (3 070)

Dei to kjerneområda der VF og HSF har eit særleg *sterkt og relevant fagmiljø* er:

- berekraftig reiseliv (VF)
- kulturlandskapsforvaltning (seksjon for landskapsøkologi, HSF)

VF har hatt prosjekt innafor temaet *berekraftig reiseliv* sidan midten av 1990-talet. Dei fire mest sentrale prosjekta er: Eit miljøtilpassa reiseliv (for forskingsprogram om virkemidler for Miljøvernforvaltninga under Noregs

⁵³ Søk utført 19.03.04.

forskningsråd, 1995-97); Nye lokale forvaltningsregime i arbeidet for eit berekraftig reiseliv (for det siste reiselivsforskningsprogrammet under Noregs forskningsråd 1999-01); Klimatilpassing i høve til reiselivet (delprosjekt i eit større tverrinstitusjonsprosjekt finansiert av forskingsfondet, 2001-03); og ei utgreiing om det næringsmessig potensialet for kvalitetsturisme (for Miljøverndepartementet, 2003). Forskinga har medført samarbeid med fleire institusjonar nasjonalt og internasjonalt, m.a. ProSus og CICERO (begge Universitetet i Oslo) og World Travel & Tourism Environmental Research Centre i Oxford (Storbritannia). Forsking om berekraftig reiseliv har vore nært knytt opp til eit anna forskingsområde ved Vestlandsforskning: forskning transport og arealplanlegging.

Seksjon for landskapsøkologi ved HSF driv omfattande forskning og utgreiing om kulturlandskapet. Forsøk med restaurering av tradisjonelle kulturlandskap, utarbeiding av verneplanar, skjøtelsesplanar og vegetasjonsøkologiske studiar av dynamikken i kulturlandskapet er dei viktigaste forskingsfeltene. Ein del av forskinga vert utført i samarbeid med andre, t.d. Botanisk institutt ved Universitetet i Bergen. Dokumentasjon, økologisk planlegging og utarbeiding av miljøplanar er og eit viktig arbeidsfelt innan seksjonen. Norges forskningsråd (ulike program) har vært ein viktig finansieringskjelde for forskinga ved seksjonen for landskapsøkologi, men fleire FoU-prosjekt har blitt finansiert av Landbruksbanken, Miljøverndepartementet, Direktoratet for Naturforvaltning, Landbruksdepartementet, og Statens Vegvesen/Vegdirektoratet.

VF og HSF har hatt store nasjonale og internasjonale forskingsprosjekt og vert vurdert å ha nasjonal spisskompetanse innafor desse to fagområda. Det arbeider i dag forskarar ved VF og HSF som har professorkompetanse på begge desse områda⁵⁴. Ved HSF vert det vidare gitt bachelorundervisning i både reiseliv og landskapsplanlegging. Av særleg interesse i denne samanheng er også planane om å etablere eit eige masterstudium i kvalitetsturisme ved HSF.

I tillegg til desse to fagområda, er det fleire andre relevante fagområde som det i dag vert arbeidd med ved VF og HSF. Dei mest sentrale er:

- Reiselivstrender (VF)
- Reiselivsøkonomi (seksjon for reiseliv, HSF).
- Informasjonsteknologi i reiselivet (VF)
- Friluftsliv (VF og seksjon for idrett, HSF).
- Innovasjon og entrepenørskap for omstilling i næringslivet (VF og HSF).
- Lokal mat og økologisk landbruk (VF).

VF har, i tillegg til berekraftig reiseliv, også hatt ei omfattande prosjektaktivitet innafor *reiseliv* meir generelt. Det sentrale kunnskapsfeltet omfattar studium av endringar i *langsiktige reiselivstrender*; tema som er tatt opp i tre ulike prosjekt finansiert av Noregs forskningsråd (Potensiell/latent reiseetterspørsel, 1996-97; Trender i reiseadferd, 1998-99; og Langsiktige reiselivstrender, 1999-02).

⁵⁴ Karl Georg Høyer ved Vestlandsforskning og professor Ingvild Austad ved HSF.

Seksjon for reiseliv ved HSF har drive studiar knytt til *reiselivsøkonomi* og organisasjonsanalysar av turismenæringa. Vidare har seksjonen drive omfattande trafikkteljingar og analysert reisestraumane i Sogn og Fjordane. Tema innanfor økononmistrying og marknadsføring er også blitt belyst. Ein del av forskinga har blitt utført i samarbeid med andre, m.a. Transportøkonomisk institutt, Høgskulen i Finnmark og Østlandsforskning.

VF har i samarbeid med reiselivsnæringa i Noreg og gjennom EU prosjekt arbeid i fleire år med utvikling av praktiske bruksområde for *informasjonsteknologi* i reiselivet. Utgangspunktet for dette arbeidet har vore eit instituttprogram finansiert av Noregs forskningsråd som skal utvikle kunnskap om e-handel og elektronisk samarbeid i distriktsbaserte små og mellomstore verksemder. For EU kommisjonen er det gjennomført to større prosjekt som er relevant i denne samanhengen: "European Book Town Network" som har som mål å utvikle og teste eit IKT verkty for kost-effektive interaktive tenester til å understøtte modellar for berekraftig turisme i utkantar; og "Odin Mobil" som er ein simulering av nye mobile tredjegerasjons terminaler der ein via eit kart eller tekst kan laste ned informasjon om det området ein er i. Vidare er det arbeidd med utvikling av nettbaserte verktøy for informasjon og booking finansiert mellom anna av SND.

VF har gjennom fleire år utført grunnleggande forskning innanfor kunnskapsområdet *friluftsliv*. Denne forskinga har vore nært knytt til reiselivsforskinga. Det er gjennomført fleire forskingsrådsfinansierte prosjekt. Dei mest sentrale forskingsprosjektet i denne samanhengen er ein større panelstudie for perioden 1986-99 som gjeld endringar i nordmenn sine ferie- og fritidsvanar. I tillegg har VF gjennomført fleire meir avgrensa prosjekt omkring friluftsliv. Seksjon for idrett ved HSF planlegg eit nytt *bachelorstudium i friluftsliv*.

Dei siste åra har VF bygd opp kompetanse på området *lokal mat*. Dette er ein kompetanse som er nært knytt til to tilgrensande forskingsområde ved VF: økologisk landbruk og reiseliv. Innan *lokal mat* er det for tida to prosjekt: Eit europeisk prosjekt finansiert av EU-kommisjonen som går ut på å skaffe strategisk informasjon til bruk i utvikling av kvalitetsmatprodukt frå europeiske fjellregionar. Vidare eit prosjekt som skal utvikle eit strategiverktøy med tiltaksdel for nyetablerarar innan småskala matproduksjon. Prosjektet er finansiert av Innovasjon Norge.

Dette er alle forskingsområde der VF og HSF deltek med forskning i nasjonale - i nokre tilfelle også internasjonal - samanheng, og der det har vore ei samanhengande forskingsaktivitet over fleire år.

I tillegg til VF og HSF er det viktig å peike på fagmiljøet i *Aurland* knytt til *Sogn Jord- og Hagebruksskule* (SJH)⁵⁵. Dette er den einaste landslina i økologisk landbruk. SJH inngår også i det nasjonale nettverket av regionale "kompetansenav" for småskala matproduksjon⁵⁶.

⁵⁵ www.sogn-j-h.vgs.no/

⁵⁶ Dei andre nava er Region Nord - Holt Planteforsk, Region Midt - Mære Landbruksskule, Region Sør - Norconserv og Region Aust - Matforsk.

6.2 Føresetnader knytt til offentlig forvaltning i Sogn og Fjordane

Vi har tidlegare framheva at forskning på kvalitetsturisme bør vere nært kopla opp mot praksis på området, både for å kunne tene funksjonen om det å forske for næringa, og for å drive god empirisk forskning. I tillegg til kompetanse som gjeld forskning og undervisning er det difor relevant å peike på kompetansemessige fordelar ved Sogndal som gjeld lokalisering i høve til relevant *praksis*. Dette gjeld praksis innafor *reiselivet*, men også innafor *offentleg forvaltning*, og i skjæringspunktet mellom desse: praksis som gjeld *naturformidling*.

Offentleg forvaltning sit ofte på svært verdfull kompetanse. Den offentlege forvaltninga i Sogn og Fjordane har opparbeidd ein nasjonal spisskompetanse på tre område som er særleg relevant i denne samanhengen:

- medverknad i vernearbeid
- forvaltningsplanar for verneområde
- næringsutvikling i tilknytning til verna område
- internasjonale nettverk

Lokalisering av eit nasjonalt institutt for kvalitetsturisme i Sogndal vil gje nærleik til det forvaltningsmiljøet som har vore i fremste rekkje i Noreg med å setje spørsmålet om *medverknad* i vernearbeidet på dagsorden, noko som m.a. har ført til at fagmiljøet ved fylkesmannen i Sogn og Fjordane ved fleire høve har hatt nasjonale utgreiingsoppdrag⁵⁷.

Både fylkesmannen og fylkeskommunen i Sogn og Fjordane har vore mellom dei fremste i landet når det gjeld å fokusere på kombinasjon av *bruk og vern* i tilknytning til nasjonalparker. Det er gjennomført utviklingsprosjekt i Sogn og Fjordane som har vekka nasjonal interesse. Dei to mest sentrale i denne samanhengen er *Naturbruksprosjektet*⁵⁸ der fylkesmannen har tatt initiativ for å få i gang prosessar for natur- og kulturbasert næringsutvikling i fleire lokalsamfunn; og *Handlingsplan for berekraftig turisme* i Jostedalsbreen nasjonalpark og Utladalen landskapsvernområde der det vert lagt vekt på jobbskaping knytt til turisme i randsona til verneområda.

Fylkesmannen og fylkeskommunen i Sogn og Fjordane har også engasjert seg *internasjonalt* innafor område som er svært relevant når det gjeld kvalitetsturisme. Fylkesmannen i Sogn og Fjordane er m.a. tildelt ein nasjonal funksjon som norsk kontaktpunkt i den Europeiske samanslutninga av nasjonalparker (Europarc Federation) og i 2003 var fylkesmannen i Sogn og Fjordane og Stryn kommune vertskap for den årlege kongressen til samanslutningen av nasjonalparker (EUROPARC)⁵⁹.

⁵⁷ følgjande tre rapportar utarbeid av Fylkesmannen i Sogn og Fjordane: Forvaltning av nasjonalparker i USA. Rapport nr. 2 – 1998; Europeisk nasjonalparksamarbeid - Norges Nasjonalparker i eit internasjonalt perspektiv. Rapport nr. 1 –1999; og Nasjonalparker og næring - hand i hand? Rapport nr. 4 – 2000.

⁵⁸ www.fylkesmannen.no/naturbruk

⁵⁹ www.europarc.org/international/europarc.html

Statens Naturoppsyn (SNO) opna vinteren 2004 eit nytt kontor i Sogndal lokalisert saman med Fortidsminnesmerkeforeningen og Sognefjord Reiseliv. SNO avd. Sogndal arbeider med fleire utviklingsoppgåver knytt til m.a. skilting av verna område og involvering meir generelt i bygdeutviklingsprosessar med tilknytning til verneområda dei er sett til å forvalte. SNO sit på mykje erfaring og kunnskap som er relevant i vår samanheng.

Ulike institusjonar som driv med *naturformidling* kjem på sett og vis i ein posisjon mellom offentleg forvaltning og sjølve næringa. Det vi tenker på her er dei mange musea i fylket som rettar seg inn mot formidling av natur. Nokre av desse, i første omgang Sogn og Fjordane folkemuseum / Dei Heibergske Samlingar⁶⁰, har eit visst slektskap med offentleg forvaltning; medan andre - som t.d. Norsk Bremuseum⁶¹ er reint kommersielle institusjonar. I tillegg til desse to er dei mest sentrale i denne samanhengen Jostedalsbreen Nasjonalparksenter⁶² (Stryn), Breheimsenteret⁶³ (Jostedal), Norsk Villakssenter⁶⁴ (Lærdal) og Vestnorsk Reiselivsmuseum⁶⁵ (Balestrand). Felles for alle desse institusjonane er at dei til saman utgjer eit sterkt fagmiljø når det gjeld naturformidling.

6.3 Føresetnader knytt til næringa i Sogn og Fjordane

Eit sentralt moment i spørsmålet om lokalisering av eit institutt for kvalitetsturisme til Sogndal er den geografiske nærleiken til den delen av reiselivsnæringa i Noreg som i dag driv størst innafor naturbasert reiseliv.

Det er lange historiske tradisjonar i fylket i det å tilby reiselivsopplevingar som inneheld spesielle kvalitetsaspekt knytt til det å oppleve og formidle kunnskap om natur. Dette er aktivitetar som i mange tilfelle også ligg tett opp til eller i verna område. Det er stort mangfald i næringsaktivitet knytt til turisme, frå gardsturisme med brøkdal av eit årsverk til Alexandra Hotell, ein av dei største arbeidsplassane i fylket med 155 årsverk (i 2001), frå cruisebåttrafikk med lågt innslag av fysisk aktivitet til bre- og fjellklatring der fysisk utfordring er eit hovudpoeng. Og det er fleire eksempel på reiselivsverksemdar som har klart å gjere det etter måten svært godt økonomisk av å oppleve og formidle kunnskap om natur. Eitt slik eksempel er Bremuseet i Fjærland som over ein tiårsperiode har klart å byggje opp ein eigenkapital på 10 millionar kronar utelukkande gjennom formidling av kunnskap om natur.

Vi har tidlegare referert rangeringa som tidsskriftet National Geographic Traveller gjorde i sitt marsnummer frå 2004, der Fjord-Noreg blei kåra til *verdas* beste reisemål. Naturkvalitetane var eitt av kriteria. I Sogn og Fjordane finn vi mellom dei største norske naturbaserte reiselivsattraksjonane, som Flåm og Briksdalsbreen. Det vert laga nasjonal statistikk for vitjing på ulike typar attraksjonar. Talgrunnlaget varierer sterkt. Det beste talgrunnlaget er for

⁶⁰ www.dhs.museum.no/

⁶¹ www.bre.museum.no/

⁶² www.jostedalsbreen.no

⁶³ www.jostedal.com/

⁶⁴ www.fjordinfo.no/villaks/

⁶⁵ www.fjordinfo.no/reiseliv/vestnorsk/vestnors.htm

attraksjonar med billettsal. For andre vert det gjort meir eller mindre grove overslag. I tabellen under går det fram at sju av dei 15 naturbaserte attraksjonane med størst registrert tal turistar er i Sogn og Fjordane.

Tabell 9 Naturbaserte attraksjonar i Noreg, tal frå 2001 (Noregs turistråd)

Attraksjon	Tal turistar
1. Vøringsfossen (Hordaland)	650 000
2. Trollstigen, Rauma (Møre og Romsdal)	469 400
3. Flåmsbanen (Sogn og Fjordane)	344 711
4. Kjosfossen (Sogn og Fjordane)	344 700
5. Stalheim (Sogn og Fjordane)	303 300
6. Nærøyfjorden (Sogn og Fjordane)	292 400
7. Den nasjonale Turistveien Sognefjellsvegen (Sogn og Fjordane)	281 000
8. Steinsdalsfossen, Kvam (Hordaland)	280 000
9. Geirangerfjorden (Møre og Romsdal)	263 300
10. Briksdalsbreen (Sogn og Fjordane)	240 000
11. Atlanterhavsveien (Møre og Romsdal)	230 900
12. Tvindefossen, Voss (Hordaland)	224 400
13. Bøyabreen (Sogn og Fjordane)	200 000
14. Fjellstua Aksla, Ålesund (Møre og Romsdal)	190 000
15. Nordkapphallen (Finnmark)	185 203

Sogn og Fjordane hadde i 2000, nest etter Hordaland, den høgaste delen *nasjonalparker* av sitt samla areal. Sogn og Fjordane var vidare det fylket med flest *nasjonalparksenter* (tre av så langt ni i heile landet). Sogn og Fjordane er saman med Rogaland og Buskerud det fylket med flest *verna vassdrag* i høve flatearealet.


Sogn og Fjordane er også særmerkt med det store innslaget av *utanlandsturistar*. Delen gjestedøgn med utanlandske gjester i Sogn og Fjordane var 54 prosent for alle overnattingskategoriane sett under eitt i 2002. For Noreg var denne delen 33 prosent. Det er særleg for overnatting på campingplassar at forskjellen er stor, med 53 prosent utanlandske overnattingar i Sogn og Fjordane mot 29 prosent nasjonalt.

Samstundes er Sogn og Fjordane mellom dei fylka som ligg lengst framme når det gjeld å utvikle *bygdeturisme*⁶⁶. Overnatting på hotell og pensjonat med meir enn 20 sengeplassar står for noko i underkant av halvparten av samla gjestedøgn i fylket. For Noreg er delen knappe 65 prosent. Den store forskjellen er for hytteovernatting, der delen overnatting på einskildhytter og hyttegrender er 17 prosent i Sogn og Fjordane medan delen på landsbasis er 12 prosent.

Sogn og Fjordane er også prega av framleis å ha eit levande småskala *landbruk*. Jordbruksareal i drift per innbyggjar er høgare i fylket enn landsgjennomsnittet (4,35 mot 2,25 dekar per person i landsgjennomsnitt for 2003), samstundes som bruksstorleiken er klart lågare (90 mot landsgjennomsnitt på 147 dekar jordbruksareal i drift per bruk i 1999). Del av jordbruksarealet som vert drive økologisk er også høgare (3,8 mot 3,0 prosent i landsgjennomsnitt). Sogn og Fjordane er også mellom dei fylka med flest medlemmar i organisasjonane Norsk Gardsmat og Norsk Bygdeturisme.

⁶⁶ To indikatorar her er medlemskap i organisasjonen Norsk Gardsmat og delen gardbrukarar som har lagt om til økologisk landbruk. På begge desse indikatorane ligg Sogn og Fjordane i toppen.

I figuren under har vi samanfatta det vi meiner er dei kunnskapsmessige sterke sidene ved å lokalisere eit nasjonalt institutt for kvalitetsturisme til Sogndal.



Figur 8 Sentrale kunnskapsområde ved fagmiljøet i Sogndal

Kjelder

Aall, C. (1997): *Bærekraftig reiseliv - mye "liv" og lite "reise" ? Sluttrapport fra prosjektet "Eit miljøtilpasset reiseliv - En kartlegging og vurdering av miljømotivert virkemiddelbruk i reiselivet"*. VF-rapport 17/97. Sogndal: Vestlandsforskning.

Aall, C. (1997): *Bærekraftig reiseliv - mye "liv" og lite "reise" ? Sluttrapport frå prosjektet "Eit miljøtilpasset reiseliv - Ein kartlegging og vurdering av miljømotivert virkemiddelbruk i reiselivet"*. VF-rapport 17/97.

Aall, C. (red.) (2003): *Seminarrapport frå arbeidsseminar om kvalitetsturisme. Utgitt i samarbeid av Sogn og Fjordane fylkeskommune, Fylkesmannen i Sogn og Fjordane, Norsk Bremuseum og Vestlandsforskning*. VF-notat 5/03. Sogndal: Vestlandsforskning

Aall, C., Brendehaug, E., Fløtre, T-A., Aarethun, T., Høyer, K.G. (2003): *Næringsmessig potensiale for kvalitetsturisme. Ein utredning for Miljøverndepartementet belyst med analyser frå Sogn og Fjordane*. VF-rapport 4/03. Sogndal: Vestlandsforskning.

Aas, Ø., Vistad, O.I., Dervo, B.K., Eide, N.E., Kaltenborn, B.P., Haaland, H., Andersen, O., Svarstad, H., Skår, M. & Nellemann, C. (2003): *Bruk og forvaltning av nasjonalparker i fjellet. - Internasjonale erfaringer med forvaltning av menneskelig virksomhet i nasjonalparker. - Kartlegging av næringsaktivitet i Dovrefjell-Sunndalsfjella, Femundsmarka og Reisa nasjonalparker. - Litteraturstudie av økologiske, kulturfaglige og sosiale effekter av turisme i verneområder*. NINA Fagrapport 72. Trondheim: Norsk institutt for naturforskning.

AIEST (1991): *Quality Tourism. Concept of a Sustainable Tourism Development, Harmonizing Economical, Social and Ecological Interests*. Rapports présentés au 14 ème Congrès de l'AIEST du 17 au 23 novembre 1991. Publication de l'Association Internationale d'Experts Scientifiques du Tourisme. Volum 33. St-Gall, Sveits.

AIEST (1997): *Quality Management in Tourism*. Rapports 47th Congress, Cha-Am (Thailand). Publication de l'Association Internationale d'Experts Scientifiques du Tourisme. Volum 39. St-Gall, Sveits.

Aronsson, L. (1994): "Sustainable tourism systems: The example of sustainable rural tourism in Sweden". *Journal of Sustainable Tourism* 2 (1&2), s 77-92.

Baumgartner, C. (2001): *Ecotourism in Mountain Areas – A Challenge to Sustainable Development. International background*. European Preparatory Conference for 2002, the International Year of Ecotourism and the International Year of Mountains. St. Johann/Pongau and Werfenweng, Salzburg 12-15.09 2001. Wien: Institute for Integrative Tourism & Leisure Research.

Beioley, S. (1995): *Green tourism - soft or sustainable*. INSIGHT. English Tourist Board. May 1995. pp. 75-89.

Bernt, D. (1992): "Nutzungsintensität in den Fremdenverkehrsgebieten Österreichs. Problemanalyse und Lösungsansätze". I Pillmann, W. og Predl, S. (eds) (1992): *Strategies for reducing the environmental impact of tourism*. Proceedings. Envirotour Vienna 1992. International Society for Environmental Protection. Wien.

Blamey, R. (1995): *The Nature of Ecotourism*. Occasional Paper no 21. Berau of Tourism Research. Canberra, Australia.

Boers, H. and Bosch, M. (1994): *The earth as a holiday resort. An introduction to tourism and the environment*. Utrecht: Institute for Environmental Communication and Netherlands Institute of Tourism and Transport Studies

Boers, H. and Bosch, M. (1994): *The earth as a holiday resort. An introduction to tourism and the environment*. Utrecht, april 1994, ISBN 90-73148-09-X

Braun, A. (1992): "A balance between the development of mass tourism in vulnerable towns and natural areas and requirements for the safeguarding of the architectural or natural heritage". In Gabriele, M. (eds.) (1992): *The challenges facing European society with the approach of the year 2000: strategies for sustainable quality tourism*. European regional planning, No. 53. Council of European Press. pp 31-34.

Butler, R.W. (1990): "Alternative tourism: Pious hope or Trojan horse?", *Journal of Travel Research*, winter 1990. pp 40-45.

Cazes, G.H. (1989): "Alternative tourism: Reflections on an ambiguous concept". In Singh, T.V., Theuns, H.L., Og, F.M. (eds): *Towards appropriate tourism: The case of developing countries*. Frankfurt am Main: Peter Lang, pp 117-126.

DFID. (1999). *Tourism and poverty elimination: untapped potential*. Report by Deloitte & Touche, the International Institute for Environment and Development, and the Overseas Development Institute for Department for International Development (DFID). London.

Direktoratet for naturforvaltning (1996): *Forvaltning av nasjonalparker*. DN-rapport 1996-3. Trondheim..

Dragicevic, M. (1991): "Towards Sustainable Tourism". In AIEST (1991): *Quality Tourism. Concept of a Sustainable Tourism Development, Harmonizing Economical, Social and Ecological Interests*. Rapports présentés au 14 ème Congrès dei l'AIEST du 17 au 23 novembre 1991. Publication dei Association Internationale d'Experts Scientifiques du Tourisme. Volum 33. St-Gall, Sveits. pp 29-62.

Dybwad, T. og Andersen, A. (1999): *Europeisk nasjonalparksamarbeid - Norges nasjonalparker i eit internasjonalt perspektiv*. Rapport nr 1 - 1999. Leikanger: Fylkesmannen i Sogn og Fjordane.

Engesæter, P. og Odd Inge Vistad (1996): *Reiseliv og naturbruk. Om reguleringsbehov og styringstiltak*. ØF-rapport nr 7/96. Østlandsforskning, Lillehammer.

- EU (1995): *The role of the Union in the field of tourism*. Commission Green Paper. COM (95) 97 final. Brussel: EU-kommisjonen.
- Frändberg, L. (1998): *Distance Matters. An inquiry into the relation between transport and environmental sustainability in tourism*. Humekologiska skrifter 15. Avhandling ved Göteborgs Universitet.
- Gabriele, M. (eds.) (1992): *The challenges facing European society with the approach of the year 2000: strategies for sustainable quality tourism*. European regional planning, No. 53. Council of European Press.
- Gasperoni, G. & Dall'Aglio, S. (1991): "Tourism and the Environmental Crisis: The Impact of Algea on Summer Holidays along the Adriatic Riviera in 1989". I ESOMAR (1991): *Seminar on Travel and Tourism in Transition, The research Challenge*. Dublin (Irland). May 1991. pp. 99-116.
- Getz, D. og Eugene Thomlinson (1996): "The Question of Scale in Ecotourism: Case Study of Two Small Ecotour Operators in the Mundo Maya Region of Central America". *Journal of Sustainable Tourism*, vol. 4:4, s. 183-200.
- Hasslacher, P.(ed) (1989): *Sanfter Tourismus. Theorie und Praxis*. Alpine Raumordnung Nr. 3. Fachbeiträge des Oesterreichischen Alpenvereins. Innsbruck
- Holmberg, J. (1992): *Operationalizing Sustainable Development*. Upublisert notat. World Bank, Environmental Department. Washington, 24 april.
- Høyer, KG (2000): "Sustainable tourism or sustainable mobility? The Norwegian case". *Journal of Sustainable tourism*, vol. 8, no 2. 147-160.
- Hvenegaard, G.T. (1994): "Ecotourism: A status report and conceptual framework". *The Journal of Tourism Studies*. Vol. 5, No. 2. pp. 24-35.
- Jacobsen, J. (2003): *Utenlandske turisters opplevelser av stillhet og støy i norske vinterlandskap*. TØI rapport 687/2003. Oslo: Transportøkonomisk institutt.
- Jakobsen, E. W., Dirdal, T., Fossum, A., Gautesen, K. (2002): *Kurs for Norge. Ein verdiskapende reiselivsnæring*. Forskningsrapport 10/2002. Sandvika: Handelshøyskolen BI.
- Johnson, S.P. (ed). (1993): *The Earth Summit: The United Nations Conference on Environment and Development (UNCED)*. Graham and Trotman/Martinus Nijhoff. London.
- Johnson, S.P. (ed). 1993. *The Earth Summit: The United Nations Conference on Environment and Development (UNCED)*. Graham and Trotman/Martinus Nijhoff. London.
- Jungk, R. 1980. "Harter und Sanfter Tourismus". *GEO* nr. 10/1980.
- Kaspar, C. (1991): " Quality Tourism. Concept of a Sustainable Tourism Development, Harmonizing Economical, Social and Ecological Interests. Introduction ti the General subject of the 41st Aiest Conference". In Aiest (1991): *Quality Tourism. Concept of a Sustainable Tourism Development*,

Harmonizing Economical, Social and Ecological Interests. Rapports présentés au 14 ème Congrès dei l'AIEST du 17 au 23 novembre 1991. Publication dei Association Internationale d'Experts Scientifiques du Tourisme. Volum 33. St-Gall, Sveits. pp 21-25.

Kaspar, C. (1995): *Jahrbuch der Schweizerischen Tourismuswirtschaft 1994/95*. St.Gallen

Keller, P. (1997): "Quality management in tourism: Areas of inquiry". In AIEST (1997): *Quality Management in Tourism*. Raports 47th Congress, Cha-Am (Thailand). Publication dei Association Internationale d'Experts Scientifiques du Tourisme. Volum 39. St-Gall, Sveits. pp.8-14.

Krippendorf, J. (1975): *Die Landschaftsfresser, Tourismus und Erholungslandschaft - Verderben oder Segen*. Bern

Krippendorf, J. (1984): *Die Ferienmenschen : für ein neues Verständnis von Freizeit und Reisen*. Zürich: Orell Füssli.

Krippendorf, J. (1987): *The holidaymakers: understanding the impact of leisure and travel*. London: Heinemann.

Krippendorf, J., Bernhard Kramer, Hansruedi Muller (1986): *Freizeit und Tourismus : eine Einführung in Theorie und Politik*. Bern: Verlag Forschungsinstitut für Fremdenverkehr der Universität Bern.

Lafferty, W. og Oluf Langhelle (1995): *Berekraftig utvikling*. Ad Notam, Oslo.

Lane, B. (1994): "Sustainable rural tourist strategies: A tool for development and conservation". *Journal of Sustainable Tourism* 2 (1&2), s. 102-111.

Lane, B. (1994): "Sustainable rural tourist strategies: A tool for development and conservation". I: *Journal of Sustainable Tourism* 2 (1&2), s. 102-111.

Lindsay, J. J. (1986): "Carrying Capacity for Tourism Development in National Parks of the United States. *Industry and Environment*, vol 9, no. 1, pp 17-20.

Lohmann, M. & Besel, K. (1990): *Urlaubsreisen 1989. Kurzfassung der Reiseanalyse 1989*. Studienkreis für Tourismus e.V. Starnberg.

Mähler, K. (1990): 'Sustainable development'. I: Norwegian Research Board: *'Sustainable development, Science and Policy. The Conference Report. Bergen, 8-12 May'*. Oslo: Norwegian Research Board, pp 239-248.

Malnes, R. (1990): *The Environment and Duties to Future Generations*. Fridtjof Nansens Institutt, Lysaker.

McKercher, B. (1993): "The unrecognized threat to tourism. Can tourism survive 'sustainability' "? *Tourism Management*. April 1993, s 131-136.

Middelton, V. & Hawkins, R. (1993): *Practical Environmental Policies in Travel and Tourism*. Part 1: The hotel sector. EIU Travel and Tourism Analyst no. 6 1993. pp. 63-78.12. Part 2: Airlines, tour operators and destinations. EIU Travel and Tourism Analyst no. 1 1994. pp. 83-97

Miljøverndepartementet (1991): *Ny landsplan for nasjonalparker og andre større verneområder i Norge*. Stortingsmelding 62 (1991 – 92). Oslo.

Møller, G., Bolkesjø, T., Bjørnholt, M., Eika, B. (1998): *Evaluering av Senter for Bygdeturisme*. Rapport nr 134. Bø: Telemarksforskning-Bø.

Murphy, P.E. (1994): "Tourism and sustainable development". I Theobald, W (ed). 1994. *Global Tourism. The next decade*. Oxford: Butterworth - Heinemann.

Murphy, P.E. (1994): "Tourism and sustainable development". In Theobald, W (ed). 1994. *Global Tourism. The next decade*. Oxford: Butterworth - Heinemann.

Nærings- og handelsdepartementet (1999): *Lønnsomme og konkurransedyktige reiselivsnæringer*. Stortingsmelding 15 (1999-00).

Nitz, A. (1995): *Sanfte Ferien Waldkirch. Sanfter Tourismus auf kommunaler Ebene*. 9.Allgäuer Gespräche zum Sanften Tourismus. Dokumentation. Remagen.

Nitz, A. (1995): *Sanfte Ferien Waldkirch. Sanfter Tourismus auf kommunaler Ebene*. 9.Allgäuer Gespräche zum Sanften Tourismus. Dokumentation. Remagen.

NordRegio (2004): *Mountain Areas in Europe: Analysis of mountain areas in EU member states, acceding and other European countries*. Final report. January 2004. Stockholm: Nordic Centre for Spatial Development.

O'Reilly, A. M. (1986): "Tourism Carrying Capacity - Concept and Issues". *Tourism Management*, vol 7, no 4, pp 254-258.

Page, S. (1994) *Transport for Tourism*. Routledge, London.

Räth, N. (1995): *Neues vom Grünen Koffer. Sanfter Tourismus auf kommunaler Ebene*. 9. Allgäuer Gespräche zum Sanften Tourismus. Dokumentation. Remagen.

RBL (1998): *RBLs Agenda 21- forstudie for Reisebedriftenes Landsforening*. Forslag utformet av Rådgivningsfirmaet LAURA og Stiftelsen Lillehammer Miljø.

RDC (1995): *Active-based modeling system for travel demand forecasting (AMOS). Travel modell improvement program*. Bureau of transportation statistics, Washington DC.

Reiner, K. (2002): "Sustainable transport in European tourism". *European Conference on Mobility Management*, 15.-17. May 2002, Gent.
www.epomm.org/ecommm2002/presentations/Workshops/leisure_shopping/Reiner%20OK.pdf

Seaton, A.V. (1991): "Quality tourism sustained! A small island case from the Shetlands". In Aiest (1991): *Quality Tourism. Concept of a Sustainable Tourism Development, Harmonizing Economical, Social and Ecological Interests*. Rapports présentés au 14 ème Congrès dei l'AIEST du 17 au 23 novembre 1991. Publication dei Association Internationale d'Experts Scientifiques du Tourisme. Volum 33. St-Gall, Sveits. pp 209-236.

- Shaw, G. and Williams, A.M. (1994) *Critical Issues in Tourism. A Geographical Perspective*. Oxford, UK: Blackwell
- Smith, V.L. og Eadington, W.R.(eds). (1992): *Tourism Alternatives. Potentials and problems in the development of tourism*. John Wiley & Sons. Chishester. UK.
- Støre, J.G., Singsaas, H., Brunstad, B., Ibenholt, K., Røtnes, R.A. (2003): *Noreg 2015 – ein reise verdt? Scenarier for turisme-Norge*. Oslo: Kagge forlag.
- Swarbrooke, J. (1999): *Sustainable tourist management*. UK: Cabi publishing.
- Teigland, J. (2000a): *Nordmenns friluftsliv og naturopplevelser. Et faktagrunnlag fra en panelstudie av langtidsendringer 1986-1999*. VF-rapport 7/2000. Sogndal: Vestlandsforskning.
- Teigland, J. (2000b): *Ferielivets merkelige uforanderlighet*. VF-rapport 9/2000. Sogndal: Vestlandsforskning.
- Teigland, J. (2001): *Effekter på nordmenns reiseatferd av mega-trender og sosioøkonomiske utvikling 1986-1999*. VF-rapport 14/2001. Sogndal: Vestlandsforskning.
- Teigland, J. (2002): *Hvordan vær- og klima påvirker reiselivs- og rekreasjonsatferd - ein internasjonal kunnskapsoversikt*. VF-rapport 11/02. Sogndal: Vestlandsforskning.
- Teigland, J. og Aall, C. (1999): *Nye lokale forvaltningsregimer i arbeidet for eit berekraftig reiseliv– internasjonale erfaringer med å integrere reiselivet i lokale Agenda 21-prosesser*. VF-rapport 8/99. Sogndal: Vestlandsforskning.
- Teigland, J. og Holden, E. (1996): *Reiseliv og miljø. Hva kan vi lære av andre?* VF-rapport 5/96. Sogndal: Vestlandsforskning.
- Teigland, J. og Holden, E. (1996): *Reiseliv og miljø. Hva kan vi lære av andre?* VF-rapport 5/96.
- Thiel, F. (1995): *Umsetzungschancen aus verbandspolitischer Sicht*. Sanfter Tourismus auf kommunaler Ebene. 9.Allgäuer Gespräche zum Sanften Tourismus. Dokumentation. Remagen.
- TIAA (1992): *Tourism and the Environment*. Travel Industry Association of America, Washington.
- Uhlin, Å. (1996): *Kunnskapens många språk*. Oslo: Forskningsstiftelsen Fafo.
- Van Houts, D. (1991): "Quality tourism - concept: solving dilemmas in third world countries". In AIEST (1991): *Quality Tourism. Concept of a Sustainable Tourism Development, Harmonizing Economical, Social and Ecological Interests*. Rapports présentés au 14 ème Congrès dei I'AIEST du 17 au 23 novembre 1991. Publication dei Association Internationale d'Experts Scientifiques du Tourisme. Volum 33. St-Gall, Sveits. pp 237-243.
- Weimair, K. (1997): "On the concept and definition of quality in toruism". In AIEST (1997): *Quality Management in Tourism*. Raports 47th Congress, Cha-

Am (Thailand). Publication dei Association Internationale d'Experts Scientifiques du Tourisme. Volum 39. St-Gall, Sveits. pp 33-58.

Wheeler, B. (1990): "Is responsible tourism appropriate?". In Conference proceedings, "Tourism Research into the nineties", Durham University, December.

Wheeler, B. (1991): "Alternative, sustainable and responsible tourism is neither alternative, sustainable nor responsive". In Conference proceedings, "Tourism and hospitality management: established diciplines or 10-year wonders", Surry, 25th-27th September.

WTO (2003): Climate Change and Tourism. Proceedings of the 1st International Conference on Climate Change and Tourism. Djerba, Tunisia, 9-11 April 2003.

WTTC/WTO/EC 1995. *Agenda 21 for the Travel & Tourism Industry. Towards Environmental Sustainable Development*. London/Madrid.

Vedlegg: Kartlegging av relevant nordisk forskning

Innhold i vedlegget

Mål og avgrensning.....	78
Framgangsmåte	78
Norske høgskeolar med reiselivsutdanning på bachelornivå eller høgare	79
Høgskolen i Finnmark	79
Høgskolen i Lillehammer.....	81
Høgskolen i Stavanger – Norsk hotellhøgskole.....	83
Høgskolen i Telemark	84
Høgskolen i Sogn og Fjordane	84
Høgskolen i Harstad	85
Høgskolen i Agder.....	85
Norges idrettshøgskole	86
Norske forskingsinstitutt og universitet med ei definert satsing på reiselivsforskning	86
Østlandsforskning.....	86
Vestlandsforskning	88
Transportøkonomisk institutt.....	90
Handelshøgskolen BI	92
Stiftelsen for samfunns- og næringslivsforskning, SNF.....	92
Andre forskingsmiljø som var med i reiselivsforskningsprogrammet	93
NINA avd. for naturbruk	93
Norut NIBR Finnmark.....	94
NORUT Samfunn.....	94
Norsk institutt for by- og regionforskning (NIBR).....	95
Norsk Regnesentral	95
Statens institutt for forbruksforskning (SIFO).....	95
Høgskolen i Agder (HIA).....	96
Andre forskingsmiljø med kompetanse innafor utmarksbasert næringsutvikling	96
Noregs lanbrukshøgskule	96
Bygdeforskning	97
Telemarksforskning Bø	98
Nord-Trøndelagsforskning (NTF)	98
Høgskolen i Nord-Trøndelag (HNTR)	100
Høgskolen i Hedmark.....	100
Sverige 101	
ETOUR – European Tourism Research Institute	101
Karlstads universitet, Forskargruppen Turism och Fritid	102
Estetiska Institutionen, Linköpings Universitet.....	102
Handelshögskolan vid Göteborgs Universitet, Kulturgeografiska institutionen.....	103
Lunds universitet: The international institute for industrial environmental economics (iiiee)	103
Danmark.....	105
Aalborg Universitet, Tourism Research Unit	105
Center for Regional og Turismeforskning, Bornholm.....	106
ViTUS – Videnscenter for Turisme, Udvikling og Service	106

Mål og avgrensing

Målet har vore å kartlegge nordiske forskingsmiljø som driv forskning med relevans til kvalitetsturisme. Omgrepet kvalitetsturisme har så langt blitt lite nytta i nordiske land. For å finne fram til forskning som ligg nær opp til vår tolking av kvalitetsturisme har fokus vore lagt på ”berekraftig turisme” og ”utmarksbasert næringsutvikling”. Dette er tema som det blir forska på i ulike faglige miljø, der det mest opplagte skiljet går mellom dei aktørane som høyrer til den etablerte reiselivsforskinga, og dei som forskar med ståstad i disiplinær som bygdeutvikling, arealplanlegging, utmarksforvaltning og friluftsliv. Eit tilsvarande skilje finn ein også innafor høgre utdanning med relevans til kvalitetsturisme. All den tid vi presenterer forskingsmiljøa institusjonsvis er det likevel ikkje mulig å etablere eit absolutt skilje mellom dei institusjonane som står i den eine leiren og dei som står i den andre – nokre institusjonar har begge typar forskning representert.

Det har vore eit hovudpoeng å kartlegge relevant aktivitet innanfor *den etablerte reiselivsforskinga*. Derfor har vi gått detaljert gjennom dei institusjonane som har fått midlar frå reiselivsforskningsprogramma til Norges forskningsråd og/eller driv reiselivsutdanning på bachelor- eller masternivå.

I dette vedlegget er størst plass vidd til kartlegging av norsk forskning; Avslutningsvis følgjer ei kortare og mindre uttømmmande oppsummering av fagmiljø i Sverige og Danmark. Presentasjonen av den *norske* forskinga er ordna slik: Først går vi gjennom forskning og undervisningstilbod ved norske høgskolar med treårig reiselivsutdanning (bachelorgrad) eller meir. Eit par av desse har også undervisningstilbod med relevans til næringsutvikling og områdevern. Så følgjer presentasjon av fem forskingsinstitutt med ei definert satsing på reiselivsforsking. Etter dette går vi kort gjennom seks andre institutt som var med på det siste reiselivsforskningsprogrammet til Norges forskningsråd, og vurderer i kva grad dei har gitt bidrag som er av interesse i denne konteksten. Til sist i den norske bolken følgjer presentasjon av andre norske forskingsmiljø med kompetanse innanfor næringsutvikling og områdevern (nokre slike miljø driv også reiselivsforsking og har derfor vore presentert tidlegare).

Framgangsmåte

Storparten av informasjonen er henta inn ved at vi har gått inn på heimesidene til dei aktuelle institusjonane og søkt i oversiktar over tilsette, prosjekt, publikasjonar og evt. undervisningstilbod. For å finne fram til institusjonane har vi tatt utgangspunkt i forskingsprogram, tidsskriftartiklar, bibliotekdatabasar og bruk av søkemotorar på Internett.

Vi har gått gjennom prosjekta i desse norske forskingsprogramma:

- Dei tre reiselivsforskningsprogramma til Norges forskningsråd (1990 – 2002)⁶⁷

⁶⁷ NFR (og forløparen Norges råd for anvendt samfunnsforskning) har hatt tre reiselivsforskningsprogram sidan 1990, med programperiodane 1990-93, 1994-97 og 1998-2002.

- Utmarkprogrammet

Vidare har vi gått gjennom tilgjengelige årgangar av desse vitenskaplege tidsskrifta for å kartlegge nordiske forskarar som publiserer innafor område som er relevante i kvalitetsturismesamanheng:

- Journal of Sustainable Tourism (1996-2003)
- Journal of Ecotourism (2002-2003)
- Scandinavian Journal of Hospitality and Tourism (2001-2003)

Tilsvarende har vi gått gjennom eit norsk nettbasert tidsskrift utan referee-ordning:

- Utmark – tidsskrift for utmarksforskning (2000-2003)

Dei viktigaste søkemotorane som er nytta:

- www.google.com
- ISI base (ISI Web of SCIENCE)⁶⁸
- Bibsys

Det er gjort søk på ei rekkje søkeord / søkestrengar, mellom andre:

- kvalitetsturisme / quality tourism
- berekraftig (uthållig; bæredygtig) turism(e) / sustainable tourism
- økoturisme / ekoturism / eco tourism
- reiselivsforskning / travel research
- nasjonalpark AND turisme / national park AND tourism
- miljø AND turisme / environment AND tourism

Søkeresultata frå tidsskrift og bibliotekdatabase gir grunnlag for eit par refleksjonar: Søk etter vitenskaplege artiklar om *sustainable tourism* på ISI base gav 123 treff globalt. Gjennomgang av eit tilfeldig utval av desse artiklane (om lag 30) viste stort innslag av bidrag frå forskarar i USA, Canada og Australia. For å finne fram til nordiske forskingsmiljø vart søket avgrensa til forskarar med adresse Norge, Sverige, Danmark eller Finland. Det resulterte i 16 treff, dvs. 13 prosent av den samla artikkelmengda. Dette kan tyde på at Norden i høve til folkemengda er overrepresentert på dette forskingsfeltet samanlikna med resten av den vestlege verda.

Gjennomgang av dei sju siste årgangane av tidsskriftet Journal of Sustainable Tourism gir eit *motsatt* inntrykk: Blant om lag 160 faglege artiklar (40 tidsskriftnummer med anslagsvis 4 artiklar kvar) var berre tre artiklar, eller to prosent, skrivne av nordiske forskarar.

Norske høgskolar med reiselivsutdanning på bachelornivå eller høgare

Høgskolen i Finnmark

Seksjon for reiseliv- og hotellfag ved HIF tilbyr mastergradsstudium i reiseliv, der m.a. desse delkursera er med:⁶⁹

⁶⁸ <http://isi3.isiknowledge.com/portal.cgi/wos>

⁶⁹ www.hifm.no/studierIDvis.asp?id=41&avdelingid=2&fagtypeid=10

Kulturarvturisme - 15 sp. Evaluering: Paper
Formål: Studentene skal gjennom dette kurset få innsikt i hva som menes med kulturminner, kulturarv og kulturarvturisme, og kunnskaper om hva det kan bety for kultur og kulturarv at den blir gjenstand for turisme.

Reiselivsledelse, berekraft og ansvarlighet - 15 sp. Evaluering: Paper
Innhold: Reiselivsledelse og reiselivsutvikling. Natur- og kultursyn, miljøomgrepet. Sentrale omgreper og perspektiver innen reiselivsutvikling. Ulike strategier for bevaring, konservering av miljø. Regulering av turismens bruk av natur og miljø.

HIF koordinerer det EU-finansierte Erasmus studieprogrammet *Responsible tourism*, som involverer seks europeiske land. Omtale på nettsidene til reiselivsseksjonen:⁷⁰

Aim

-The program aims to provide tourism students with an understanding of the human, ethical, political and local involvement aspects of tourism

This project is

-An international study program for second or third year students in tourism
-A common course for six universities and colleges around Europe
-Involved in the production of study material in the field

Organisation

-Initiated by the Erasmus network, and funded by the EU program Socrates
-Co-ordinated by Finnmark College, Norway

HIF hadde 3 prosjekt under Reiselivsforskningsprogrammet (1998-2002):

Berekraftig turismeutvikling: Samspillet mellom bruk og påvirkning, næring og forvaltning. Nettverksprosjektet. Prosjektleder Ola Sletvold.

*Prosjektsamandrag:*⁷¹

Prosjektet skal bidra til kunnskap om turismen og berekraftig utvikling i Norge. Det er eit nettverksprosjekt for vidare utvikling, koordinering og sammenfatning av fire temaprosjekt som hver for seg belyser ulike deler av hovedtemaet.

Nettverksprosjektet skal sørge for at de personer og institusjoner som deltar i temaprojektene utvikler tilstrekkelig felles forståelse av problemstillingene og faglige innfallsvinkler, at ein finner fram til egnede empiriske studieområder og case, at ein rasjonelt kan kombinere ulike slags datainnsamlingsaktiviteter, og endelig at ein kan gjøre sammendrag av alle delprosjekt som bidrar til anbefalinger av framtidige tiltak innenfor hovedtemaet.

Reiseliv og endringer i lokale samfunn og kulturer. Tema 4 under samarbeidsprosjektet Berekraftig turismeutvikling. Prosjektet var eit samarbeid mellom HIF, Høgskulen i Sogn og Fjordane og Transportøkonomisk institutt. Prosjektleder var Ola Sletvold. Prosjektsamandrag:

Prosjektet studerer turismens forhold til natur- og stedsmiljøet som eit samfunnspolitisk tema. Dette problematiseres i fire delprosjekt som fra forskjellige synsvinkler og sammen belyser aktuelle utviklingsprosesser. Turismen, representert ved næringsaktører, ses som ein interessent blant mange i eit lokalområde. Disse deltar på ulike arenaer og i prosesser der deres interesser møter andre aktører og andre interesser. Hensynet til turismen og turistene kan kollidere med annen utbygging, og denne næringens bidrag til arbeid og sysselsetting i distriktene kommer i klemme. Samtidig er turismen og tilknyttet virksomhet gjenstand for forventninger og oppfatninger, blant folk flest og i mer formaliserte sammenhenger, både mht. hva

⁷⁰ www.hifm.no/~resptour/index2.htm

⁷¹ <http://dbh.nsd.uib.no/nfi/rapport/?language=no&keys=19640&published=>

turismen har for virkninger og hvorvidt slik virksomhet har aksept. Prosjektet vil studere flere sider ved opinionsdanningen og holdningene til turismevirksomhet, og ein vil se på denne næringens arbeid med sin egen legitimitet. Videre er fenomenet turisme eit tema som bidrar i og påvirker lokale diskusjoner mht. utviklingsmuligheter og levemåter. Ein vil studere turismens agendafunksjon. Prosjektet studerer slike problemstillinger gjennom kvalitative intervjuundersøkelser, kvantitativt ved surveys, og vha. dokumentanalyse. Surveyundersøkelsen vil bruke ein forventnings-/evaluerings-analysemodell. Prosjektet sikter på å gjøre noe felles datainnsamling ved feltarbeid og intervjuarbeid på steder av felles interesse for delprosjektene. Slik innsats vil koordineres med andre prosjekter under samme paraply.

Amanuensis **Ola Sletvold**⁷² har desse forskningsinteressene: ”berekraftig/ansvarlig turisme; steds- og produktutvikling i reiselivet; turismens politiske aspekter.” Undervising: Innføringskurs i reiseliv, Reiselivsutvikling, Internasjonal turisme. Har hatt ansvar for kurset ”Naturbasert og ansvarlig turisme”. Forskningsprosjekt: Berekraftig turisme (NFR-løyving 115.000 kr)

Publikasjonar:

Sletvold, O. (1999): Politics of responsible tourism. I Nitsch, Brigitte: 8th Nordic Tourism Research Symposium Alta, 19 November 1999 (presentasjon på int. vitenskaplig konferanse utan publisering).

Førsteamanuensis **Arvid Viken** var medlem i programstyret for reiselivsforskningsprogrammet (NFR) 1998-2002.

Publikasjonar:

Viken, Arvid og Cole, Stroma (2001): Mot ein mer moralsk turisme? I: Viken, Arvid (red.) *Turisme : tradisjoner og trender*. 251-264. Gyldendal Akademisk, Oslo.

Høgskolen i Lillehammer

Reiselivsseksjonen ved HIL, avdeling for reiseliv og samfunnsutvikling omtaler eigen forskningsaktivitet slik:⁷³

FoU-virksomheten ved seksjon for reiselivsutdanning har vært, og er, preget av betydelig tematisk bredde. Eit tyngdepunkt er forskningsarbeid knyttet til markedsanalyser og analyser av ferie- og fritidsatferd. For noen år siden markerte miljøet seg også med forskning på temaet destinasjonsutvikling. Videre har reiselivsseksjonen sammen med andre seksjoner ved høgskolen tradisjonelt hatt ein betydelig forskningsinnsats innen plan-, ressurs- og regionalforskning. I de siste åra har medarbeidene ved seksjonen også orientert seg mot studier av småbedrifter i reiselivet.

HIL tilbyr bachelorstudium i reiseliv retta mot leing av små og mellomstore reiselivsbedrifter og stadsutvikling i reiselivet. Det 3-årige studiet inneheld ikkje enkeltkurs som er spesielt utforma med tanke på kvalitetsturisme / turisme i verneområde (”service- og kvalitetsledelse” er eit kurs med fokus på tradisjonell kvalitetssikring). **Thor Flogenefeldt jr.** har faglig ansvar for studiet. Flogenefeldt har engasjert seg i diskusjonen om reiseliv og områdevern, og tatt til orde for auka tilrettelegging av kommersiell turisme innafor nasjonalparker.

⁷² www.hifm.no/reiseliv/ola.htm

⁷³ www.hil.no/

Publikasjonar:

Flognfeldt jr, T. & Holmengen, H. (eds.), 1997: *Environmental, social and economic impacts from European tourism : Segmentation in European travel and tourism : profitability in travel and tourism enterprises*. Forskningsrapport 21/1997 Høgskolen i Lillehammer.

Dosent **Sondre Svalastog** har berekraftig reiseliv og ressursanalysar/-planlegging som sine faglige interessefelt. Han er koordinator av "The Nordic Research Program on Tourism and Sustainable Development" (vidareføring av UNESCO-initiativet "The sustainable future of mountain communities; resources and tourism in the context of climate variability and change").

Publikasjonar:

Svalastog, S. (1992): Berekraftig reiselivsutvikling i lokalsamfunnet. Innlegg på Samisk reiselivsseminar. - Guovdageaidnu : Sámi Instituhtta, 1992. - (Dieđut ; 1992: 1).

Svalastog, S. (1993): *Lokalisering av reiseliv. Om ressursanalyser, den romlige fordeling og lokal innpassing*. Doktoravhandling ved Institutt for geografi, Norges Handelshøyskole, Bergen

Svalastog, S. (1997): Reiselivsnæringens ressursgrunnlag. I: J.K.S.Jacobsen & A. Viken (Red.), *Turisme: fenomen og næring*. Universitetsforlaget: Oslo

Jo Kleven (2002): Naturbruk for besøkende med ulike brukerterskler – ein nasjonalpark for alle? i *Utmark – Tidsskrift for utmarksforskning*, 2002-02. Lillehammer

Førsteamanuensis **Martin Rønningen**⁷⁴ har forskningsinteresser bl.a. innafør emna feriemotivasjon, reiselivets sosiokulturelle betydning for vertssamfunn og utvikling av destinasjonar og reisemål. Rønningen var koordinator for Program for reiselivsforskning (NFR) 1995-98, og medlem i programstyret for reiselivsforskningsprogrammet 1998-2002. Tidlegare forskingsleiar ved Østlandsforskning.

Publikasjonar:

Martin Rønningen (1997): Why do tourists visit rural settings? A study of motivations stated by tourists visiting a rural region in Norway. Paper presented for the 17th European Congress for Rural Sociology, Kreta, August 1997.

Martin Rønningen (1996): «Bygdeturisme - til begeistring og besvær?» I Kristian Aasbrenn (red.): *Opp og stå, gamle Norge*. 16 artikler om distriktpolitikk og lokalt utviklingsarbeid. Landbruksforlaget.

Roel Puijk, Martin Rønningen og Jorid Vaagland (1994): Lokalbefolkningens forhold til turisme: studier fra 4 norske steder. Rapport nr 32/94. Lillehammer: Østlandsforskning

Martin Rønningen (1993): Tourism in rural settings - new forms of nature-based tourism challenging the host community. Paper presented for the 15th European Congress for Rural Sociology, Wageningen, The Netherlands,

⁷⁴ www.hil.no/hil/Ansatte/MartinR/MARhome.n.html

August 1993. (Også publisert som ØF-notat 41/93. Lillehammer: Østlandsforskning).

Høgskolen i Stavanger – Norsk hotellhøgskole

Norsk hotellhøgskole – institutt for økonomi og ledelsesfag er eit institutt under HIS med eit *nasjonalt* ansvar innafor reiselivsutdanning. Dei tilbyr sju ulike reiselivsstudium, m.a. Reiselivsledelse (3-årig bachelor) og Internasjonal hotell- og reiselivsadministrasjon (toårig master). Frå nettpresentasjonen av studietilbodet i reiselivsledelse (mi understreking):⁷⁵

Studiet gir tittelen Bachelor i reiselivsledelse og er spesielt vinklet mot reiselivsnæringen. Studiet er knyttet til den praktiske hverdagen i reiseliv og servicebedrifter. Alle fag er innrettet på tema som er spesielle for reiseliv. Berekraftig reiselivsutvikling og ressursbruk er sentrale tema.

Frå presentasjon av fou-arbeid ved NHS, om temaet reisemønster og kvalitet på reiselivsprodukt:

Videre fokuseres reisemønstre og kvalitet i reiselivsprodukter. Eit prosjekt innen helseturisme er under planlegging, og det er betydelig potensiale i studier av 'adventure tourism'. Ein hovedidé de siste årene har vært knyttet til berekraftig reiselivsutvikling, der berekraft omhandler både effekter på miljøet, lokalsamfunnet, gjestens opplevelse og gjenkjøp, og økonomisk avkastning og rentabilitet. Også utenlandske reiselivsmål og -produkter studeres, og ein arbeider nå med etablering av forskning på reiselivstema i den tredje verden.

Førsteamanuensis **Jens Kristian Steen Jacobsen** oppgir berekraftig turisme som eitt av sine interessefelt på sin CV:⁷⁶

Tourist experiences, tourism attractions, motor tourism, scenic roads, tourism foodservices, image studies, tourist expenditures, tourist decision making, sustainable tourism, tourism and transport surveys

Vi har funne referanse til eitt konferansepaper av Jacobsen som tematiserer berekraftig turisme:

Jacobsen, Jens Kr. Steen (2003): "Nature-oriented motor tourism in Northern Scandinavia and challenges of sustainability". I: *Sustainable Tourism Development and the Environment*, University of the Aegean. Sustainable Tourism Development and the Environment, Chios, Greece, 2003-10-02 - 2003-10-05

Førsteamanuensis **Reidar J. Mykletun**⁷⁷ har forska mykje på arbeidsmiljø, oppvekstvilkår. Potensielt relevante referansar:

Mykletun, R.J. & Vedø, K. 2002. BASE-Jumping in Lysefjord, Norway – A sustainable, but still controversial type of coast tourism. Paper presented at the Tourism 2002 Research Conference, Cardiff, September 04 - 07, 2002.

Nummedal, M.; Mykletun, Reidar J. (2003): Use and perceptions of local food within the Norwegian bed and breakfast industry. I: Conference Proceedings.

⁷⁵ www.his.no

⁷⁶ www5.his.no/kompetansekatalog/visCV.aspx?ID=07247&sprak=BOKMAL

⁷⁷ www5.his.no/kompetansekatalog/editpersonalia.aspx?id=07203&sprak=BOKMAL

The 12th Nordic Symposium of Tourism and Hospitality Research, Stavanger, Norway, 2003-10-02 - 2003-10-05

Mykletun, Reidar J.; Pereira, Ester: "Case Studies in Eco Tourism" by Ralph Backley (Book review). *Scandinavian Journal of Hospitality and Tourism* 3(2): 82-83. 2003. ISSN 1502-2250.

Høgskolen i Telemark

Svak presentasjon på heimesidene til HIT gjer at dokumentasjon av forskinga ved institusjonen manglar her.

HIT har treårig bachelorstudium i *reiseliv*. Det dreier seg om eit "klassisk" reiselivsstudium med fokus på bedriftsøkonomi, marknadsføring osv. Studiekatalogen seier dette om mål for studiet:⁷⁸

Studiet skal gi studentane solide kunnskapar innan bedriftsøkonomi, samfunnsøkonomi, organisasjonsfag, språk og marknadsføring. Spesialiseringa i reiselivsfag vil gi studentane innsikt i praktisk relaterte problemstillingar knytt til reiselivsverksemd. Studiet vil kvalifisere til stillingar på leiar-/mellomleiar nivå i små og mellomstore reiselivsverksemd, reisemålsselskap og offentlege institusjonar. Studiet vil og kvalifisere for vidare studium i inn- og utland.

HIT har bachelorstudium i *natur og friluftsliv*. Omtale av studiet:⁷⁹

Studiet skal leggje grunnlag for eit aktivt engasjement i forhold til natur og friluftsliv. Problemstillingar knytt til aukande press, og i den samanheng konflikter knytt til arealbruk i lokalmiljøet, vil vere sentrale. Studentane skal få kunnskap om viktige naturmiljø og område knytt til rekreasjon og friluftsliv. Studiet gir tverrfagleg utdanning innan natur og friluftsliv og skal utvikle ei forståing av forholdet mellom levande organismar og miljøforholda og spesielt mennesket sin plass i naturen.

Bachelorutdanninga gir grunnlag for påbygging i to retningar: Master i *idrett og friluftsliv* og master i *natur-, helse- og miljøvern*.

I presentasjonen av mastergrad i miljø- og helsevern, står det m.a.:⁸⁰

Kandidaten skal ha handlingskompetanse om korleis og kvifor ulike forvaltningsstrategiar kan bidra til berekraftig bruk, bevaring/vern og tilbakeføring av natur og miljøressursar, og korleis dette samspelet med helseforvaltning.

Høgskulen i Sogn og Fjordane

Reiselivsforskingstiljøet ved HSF hadde ingen eigne prosjekt under dei norske reiselivsforskingprogramma, men i to relevante prosjekt var HSF ført opp som samarbeidspartnar. Det gjeld HIF-prosjektet *Reiseliv og endringer i lokale samfunn og kulturer - tema 4 under samarbeidsprosjektet Berekraftig turismeutvikling* og TØI-prosjektet *Berekraftig reiselivsutvikling: Samspillet mellom bruk og påvirkning, næring og forvaltning*.

HSF tilbyr bachelor-utdanninga *turisme og reiseliv*.⁸¹ Studiet er ei yrkesutdanning retta mot reiselivet, og legg vekt på reiselivsfag, organisasjonsfag og marknadsføringsfag.

⁷⁸ www.hit.no/studiehandbok/studier/317.htm

⁷⁹ <http://fag.hit.no/af/if/>

⁸⁰ <http://fag.hit.no/af/nv/>

HSF har årsstudium i *aktivitetsbasert friluftsliv* som kan gå inn i valgfagdelen i den fireårige allmennlærerutdanninga, som del av *Bachelor friluftsliv* ved HSF eller tilsvarende utdanning ved andre universitet og høgskular. Studiet er mynta på lærarar og instruktørar i skuleverk eller reiseliv der det er trong for tilrettelegging av friluftslivsaktivitetar.

Bachelor i *landskapsplanlegging*⁸² gir ei yrkesretta spesialisering i planlegging og forvaltning av areal- og landskapsressursar med særleg vekt på kulturlandskap og kulturmiljø. Studiet er retta inn mot arbeid med arealplanlegging og forvaltning av natur- og kulturmiljø, inklusive verneområde.

Vidare tilbyr HSF kurset *naturbasert reiseliv – Innføringskurs i naturkunnskap for reiselivet*

Kurset blir arrangert avdeling for ingeniør- og naturfag. 30 studiepoeng (10 vektal). Frå nettsidene til HSF:⁸³

Kurset er naturfagleg med særleg fokus på naturforhold i fjellet. Undervisninga er i hovudsak lagt til Stryn i Sogn og Fjordane der dei nærliggjande områda spenner over ei rekkje naturmiljø - frå det alpine gjennom dalføre og til fjordmiljøet. Dette gjer området til eit eineståande laboratorium for feltbasert undervisning og forskning i naturfag. Studiet kan fylgje modellen frå tilsvarende etablerte 10 vektals kurs i Stryn med undervisning over to veker i to påfølgjande år. Dvs. konsentrert undervisning i to veker midtsommars, skredkurs vinterstid, nettbasert oppfylgning gjennom haust, vinter, vår og ny konsentrert undervisning neste sommar. Eksamen påfølgjande haust.

HSF tilbyr bachelor i *friluftsliv* bygger på 1. år bachelor idrett og har to år med aktivitetsbasert friluftsliv. Omtale:⁸⁴

Utdanninga vil høve som grunnlag for lærarar eller instruktørar i skuleverket eller reiselivet der det er snakk om tilrettelegging av friluftslivsaktivitetar.

Høgskolen i Harstad

Bachelor i reiseliv ved Høgskolen i Harstad har hovudvekt på språk, i tillegg til tradisjonelle reiselivsfig:⁸⁵

Studiet har nordnorsk profil og - som det eneste i Norge - sterk språkfokusering med engelsk, tysk og spansk. Fag som markedsføring, økonomi, reiseliv, historie og kulturforståelse inngår også i studieopplegget. Tredje studieår er internasjonalt orientert og inneholder bl.a. eit tre mnd. opphold i ein reiselivsbedrift i Europa.

Høgskulen i Agder

HIA tilbyr bachelor i *idrett*, der 2. år består av årsstudiet i *friluftsliv og naturguiding*. Omtale av bachelor i idrett:

Studiet skal kvalifisere for arbeid som trener, leder og veileder i idrett, helserettet mosjon, friluftsliv og naturguiding.

Frå omtalen av årsstudiet i friluftsliv/2. år av bachelorgraden:⁸⁶

⁸¹ www.HSF.no/04/frames16.htm

⁸² www.HSF.no/04/frames16.htm

⁸³ www.HSF.no/anf/natur-reiseliv.htm

⁸⁴ www.hisf.no/04/frames16.htm

⁸⁵ www.hih.no/studietilbud/grunnutdanning/reiseliv_turisme.asp

Med friluftsliv menes i denne sammenheng *aktiviteter* i natur-, oftest med fokus på norsk frilufstradisjon. Med naturguiding menes både *tradisjonell turledelse* for forskjellige kategorier deltakere i ulike typer natur- og kulturlandskap og i tillegg guiding i natur-, kultur- og næringslandskap der hovedvekten legges på *formidling av kunnskap* om kultur, næring, zoologi, botanikk, geologi o.s.v.

Norges idrettshøgskole

NIH har *bachelor i idrettsvitenskap med spesialisering i friluftslivsveiledning*. Frå omtalen av studiet:⁸⁷

Videreføring av ulike tradisjoner i friluftsliv som eit sentralt innhold i fritidslivet, forutsetter i økende grad at det legges til rette for og stimuleres til aktivitet. Med utdanningsreformene på 1990-tallet har friluftsliv fått ein mer selvstendig plass i grunnskolens, den videregående skolens og i lærerutdanningens læreplaner. I tillegg er det behov for fagkompetanse ved de mange folkehøgskoler som har spesialisert seg innen friluftsliv, og innen forebyggende helsearbeid og rehabilitering. Innen friluftslivsorganisasjonene, naturbasert reiseliv og i natur- og friluftslivsforvaltningen er det også eit økende behovet for folk med høgere utdanning innen friluftsliv. Studiets primære siktemål er likevel å kvalifisere for profesjonelt arbeid som pedagog (lærer og vegleder) innen forskjellige områder av friluftsliv, med vekt på tilrettelegging for (natur)opplevelser og læring rettet mot eit bredt spekter av målgrupper.

Norske forskingsinstitutt og universitet med ei definert satsing på reiselivsforskning

Østlandsforskning

ØF fekk opprinnelig tre prosjekt innafor reiselivsforskningsprogrammet til NFR (1998-2002), men står oppført med berre eitt prosjekt på programmet sine heimesider. Dette har trulig samanheng med at delar av det reiselivsfaglige miljøet ved ØF har gått over til NINA, og danna NINA Lillehammer. Instituttet er av dei fremste i landet på forskning rundt forvaltning av og konflikttar knytt til verna område. ØF har t.d. eit omfattande evalueringsprosjekt for Direktoratet for naturforvaltning, der dei skal evaluere forsøk med kommunal forvaltning av nasjonalparker. Berekraftig turisme har likevel ikkje stått sentralt som eit av instituttet sine forskingsobjekt.

Forskar **Tor Arnesen** er sentral i fagmiljøet ved ØF som har relevans til kvalitetsturisme. Han er redaktør i tidsskriftet *Utmark* (sjå under). Om egne fagområde:

Natur og miljø, utvikling og samfunn. Utmarksnæringer og forvaltning av naturressurser. Forskning på forståelse av landskap og på forvaltning av landskap. Forskning på forståelse og kommunikasjon av risikoforhold i naturforvaltninga. Evalueringsforskning og evaluering av utviklingsprosesser, organisasjoner, virkemidler og tiltak.

Forskar II **Otto Kaltenborn** har interessefelt: "Ideutvikling, nyskaping og for næringsutvikling rettet mot ein bedre balanse mellom by og land (distriktsutvikling)."

⁸⁶ www.hia.no/studiehandbok/03/studieplaner/helid/helidp5.php

⁸⁷ www.nih.no/nih.asp?s=study&aid={046192C2-31AB-4EFF-881D-4477712386CB}

Seniorforskar **Birgitta Ericsson** har vore ved ØF sidan 2001. Fagområde: Samfunnsplanlegging, nærings- og regionalanalyser, med hovedvekt på tjenesteytende næringer.

Forskar **Pelle Engesæter** har fagområda ”menneske-omgivelse relasjonar, levekår, evaluering, reiseliv, lokal og regional planlegging”

ØF gir ut det nettbaserte *UTMARK – Tidsskrift for utmarksforskning*⁸⁸, som gjennom sine 11 nummer sidan etableringa i 2000 har fokusert mykje på konflikter knytt til utmarksforvaltning. Til saman åtte artiklar har berørt temaet nasjonalpark (sjå særleg nr. 2002-2).

Publikasjonar:

Engesæter, P. (2003): Turistinformasjon langs rv55 over Sognefjellet- ein vurdering av informasjonsmaterialet langs Nasjonal turistveg over Sognefjellet. Rapport 2003/20. Lillehammer: Østlandsforskning.

Hagen, S.E. (2003): Utmarksbaserte næringer - utviklingsmodeller og lokal økonomi. Rapport 2003/04. Lillehammer: Østlandsforskning. Om rapporten:

Rapporten drøfter hva ulike former for reiselivsmessig utnytting av utmarka kan gi av lokal sysselsetting og verdiskaping. Rapporten bygger på case-studier i Stor-Elvdal, Bjorli og Ringsakerfjellet. Stor-Elvdal har basert seg på lokale aktører, jakt, fiske og tradisjonelt friluftsliv, og utbygging av hytter med enkel standard. Bjorli har alpinanlegg og hoteller bygd opp og eid av eksterne investorer, og stor utbygging av høgstandard hytter. Ringsakerfjellet har eit sentrum med flere overnattings- og serveringsteder, butikker, mm. Området har ca. 5.000 private hytter og mange kommersielle aktivitetstilbud.

Vorkinn, M. & Vistad, O. I. (1997): Naturinformasjonssentra: Reiselivsattraksjon og verktøy for miljøforvaltning. Rapport 1997/22. Lillehammer: Østlandsforskning. Om rapporten:

Rapporten belyser hvordan informasjonssentra fungerer som reiselivsattraksjon og som verktøy for miljøforvaltningen, basert på undersøkelser i tilknytning til Breheimsenteret i Jostedalen og Norsk Bremuseum i Fjærland. Ein har her bl.a. sett nærmere på i hvilken grad slike sentra trekker besøkende til eit område, hvilke marknadssegmenter som besøker slike sentra, årsaken til at ein del turister ikke besøker sentrene, om slike sentra påvirker bruksmønsteret i områdene rundt senteret, og hvilket potensiale sentrene har som informasjonskanal.

Vorkinn, M. (2002): *Lokal tilhørighet, bruk og synspunkter på forvaltning av Reinheimenområdet*. ØF-rapport nr. 09/2002. Lillehammer: Østlandsforskning. Om rapporten:

Rapporten oppsummerer resultatene fra ein intervjuundersøkelse blant lokalbefolkningen i de seks kommunene som er berørt av forslaget til verneplan for Reinheimen (Norrdal, Rauma, Lesja, Vågå, Lom og Skjåk). Rapporten belyser lokalbefolkningens bruk og tilknytning til områdene, synspunkter på framtidig forvaltning av området, samt antatte konsekvenser av vern for egen bruk og opplevelse av området.

⁸⁸ www.utmark.org/

Vistad, O. I., Kaltenborn, B.P. og Andersen, O. (1999): *Slitasje i verne- og friluftsområde. Om indikatorar og overvaking, trivsel og tolegrenser*. ØF-rapport 1999/02. Lillehammer: Østlandsforskning.

Vestlandsforskning

Forskning ved Vestlandsforskning med relevans for kvalitetsturisme knyter seg til tre forskingsområde:

- Berekraftig reiseliv
- Friluftsliv og forvaltning av utmark
- Lokal mat

Forskning med relevans for kvalitetsturisme har vore knytt til ei gruppe forskarar ved Vestlandsforskning. Desse er: Forskar II **Karl G Høyer** (tilkjent professorkompetanse i 2002), forskar II **Carlo Aall**, forskar II **Erling Holden**, forskar II **Jon Teigland**, forskar, forskar III **Eivind Brendehaug**, og forskar III **Kyrre Groven**.

Vestlandsforskning har hatt prosjekt innafor temaet berekraftig reiseliv sidan midten av 1990-talet. Dei fire mest sentrale prosjekta er:

- Eit miljøtilpassa reiseliv (for Noregs forskningsråd 1995-97): Kartlegge og vurdere bruken av miljømotiverte virkemidler anvendt overfor reiselivsnæringen i land med sammenliknbare utfordringer som Norge, og drøfte bruk av virkemidler i forhold til operasjonalisering av omgrepet ""berekraftig reiseliv"".
- Nye lokale forvaltningsregimer i arbeidet for eit berekraftig reiseliv (for det siste reiselivsforskningsprogrammet under Noregs forskningsråd 1999-01): Prosjektet skal avklare erfaringer internasjonalt og i Norge med involvering av reiselivet i lokal Agenda 21-prosesser.
- Klimatilpassing i høve til reiselivet (delprosjekt i eit større tverrinstitusjonsprosjekt finansiert av forskningsfondet, 2001-03): Prosjektet skal avklare klimasårbarhet for reiselivet gjennom ein internasjonal kunnskapsstudie og ei caseundersøking av brerelatert reiseliv i Sogn og Fjordane.
- Næringsmessig potensiale for kvalitetsturisme (for Miljøverndepartementet, 2003): Utredningen sammenstiller fakta om bl a grunnlag og potensial for utvikling av berekraftig turisme i fjellområdene.

Ut over ei sjølve rapporteringa innafor dei ulike prosjekta er det også ei omfattande ekstern vitenskapleg publisering på kunnskapsområdet berekraftig reiseliv:

Høyer, KG (2000): "Sustainable tourism – or sustainable mobility?" *Journal of Sustainable Tourism*, vol 8, no 2, pp 147-161.

Høyer, KG, Næss, P. (2001) "Conference Tourism: a problem for the environment as well as for research?" *Journal of Sustainable Tourism*, vol 9, no 6.

Aall, C. (2002): "Erfaringer med Lokal Agenda 21 for å fremme eit berekraftig reiseliv". I Austad, I., Ådland, E. (2002) (red.): *Kulturminner, kulturlandskap og kultur-turisme. Rapport fra seminar i Sogndal 27.-28. november 2000*. Bergen Museums skrifter nr. 11. Bergen/Sogndal: Universitetet i Bergen/Høgskulen i Sogn og Fjordane. S 51-64.

Aall, C., Teigland, J. (2002): "Lokal Agenda 21 som nytt forvaltningsregime for å fremme eit berekraftig reiseliv?" I Aall, C., Høyser, KG, Lafferty, W. (red) (2002): *Fra miljøvern til berekraftig utvikling i kommunene*. Oslo: Gyldendal. S 332-357

Aall, C., Høyser, KG (2003): "Tourism and climate change adaptation - the Norwegian case". In Hall, C.M., Higham, J. (2004): *Tourism, Recreation and Climate Change*. London: Channelview Press (in press)

Aall, C. (2003): "Hva er 'god kvalitet' i turistsammenheng?" *Tidsskriftet Utmark*, no 2-2003. Bare tilgjengelig på <http://www.utmark.org>

I tillegg til temaet berekraftig reiseliv er det også ei omfattande prosjektaktivitet innafør reiseliv meir generelt. Dei viktigaste større prosjekta er:

- Potensiell/latent reiseetterspørsel (under Noregs forskningsråd, 1996-97): Prosjektet systematiserte internasjonal kunnskap om tendenser i turist- og reiselivsetterspørselen i de viktigste utenlandske markedene, begrenset til trender som påvirker potensiell/latent etterspørsel.
- Trender i reiseadferd (under Noregs forskningsråd, 1998-99): Prosjektet skal betre beslutningsgrunnlaget for prioritering av tema, metodar og samarbeidspartnarar i eit eventuelt hovudprosjekt om trendar og endringsprosessar i reiseetterspørselen.
- Langsiktige reiselivstrender (under Noregs forskningsråd, 1999-02): Hovedformålet med prosjektet er å beskrive og forklare omfanget av stabilitet/ending i reisevaner over tid blant norske forbrukere.

Nokre sentrale vitenskaplege publikasjonar her er:

Teigland, J. (1999): "The effects on travel and tourism demand from three mega-trends: democratisation, market ideology and post-materialism as cultural wave". In Gartner, W. and Lime, D.W. (eds.): *Trends in Outdoor Recreation, Leisure and Tourism*. Wallingford: CAB International.

Teigland, J. (1999): "Predictions and realities: Impact on tourism and recreation from hydropower and major road developments". *Impact Assessment and Project Appraisal*, vol 17, no 1, pp 67-76.

Teigland, J. (1999): "Mega-events and tourism; impact predictions and the realities of the Lillehammer Olympics". *Impact Assessment and Project Appraisal*, vol 17, no 3, pp 85-98.

Teigland, J. (2000): "Dynamic Tourism Processes: A case study of the effects of multiple development actions on regional level. *Tourism Review*, 1/2000, pp 43-58.

Friluftsliv og forvaltning av utmark og verna område har også gjennom flere år vore eit sentralt forskningstema ved Vestlandsforskning. Aktuelle prosjekt er.

Erfaringer fra konsekvensutredning av vern – Stabbursdalen (utgreiing for Direktoratet for naturforvaltning, 1997): Prosjektet skal oppsummere erfaringene fra arbeidet med ein konsekvensutredning ved utvidelse av Stabbursdalen nasjonalpark i Finnmark.

- Friluftsliv og rekreasjon på Svartisen (gransking for Statkraft og NVE, 1999-00): Formålet er å klarlegge effektene av kraftutbyggingen på Svartisen for friluftsliv og rekreasjon, og identifisere endringar i bruksmønstre etter at kraftutbyggingen startet og eventuelle årsaker til det.
- Friluftstrender (utgreiing for Miljøvernedepartementet, 1986-99): Hovudformålet med prosjektet er å utarbeide eit faktagrunnlag om fritidslivet til nordmenn som MD kan bruke i arbeidet med ei Stortingsmelding om friluftsliv. Prosjektet fokuserer på langsiktige endringar og stabilitet i friluftsføret og tilgang til fritidskapital.
- Kunnskapsstatus - konsekvenser av naturvern (utgreiing for Direktoratet for naturforvaltning, 2001-02): Prosjektet skal gi oversyn over dagens kunnskapar om positive og negative konsekvensar som vern etter naturvernlova kan ha for lokalsamfunn/regionar og ulike typar næringsverksemd i Norge.

Lokal mat er eit av dei nyaste kunnskapsområda ved Vestlandsforskning som har relevans for kvalitetsturisme. Her er det forskning som tar utgangspunkt i både miljø- og IKT-kompetansen ved Vestlandsforskning. Nokre relevante prosjekt er:

- Lokal mat i Sogn og Fjordane (2001-02): Utgreiing fopr Sogn og Fjordane fylkeskommune der Vestlandsforskning skal kome med framlegg til vidare satsingar på lokal mat i fylket.
- E-handel med produkt frå småskala matproduksjon (for SND Sogn og Fjordane, 2002-03): Utvikle og prøve ut eit e-handelssystem for småskala matproduksjon i Noreg og eit Internettbasert strategiverktøy med tiltaksdel for nyetablerarar innan småskala matproduksjon
- Strategic Information for the Development of Agricultural Quality Product in the European Mountain Areas (for EU-kommisjonen, 2002-04): Målet med prosjektet er å skaffe strategisk informasjon til bruk i utvikling av kvalitetsmatprodukt frå europeiske fjellregionar.

Transportøkonomisk institutt

TØI har drive reiselivsforskning sidan 1960-talet. I de siste årene har TØI bygd opp Gjesteundersøkelsen - studier av den utenlandske reisetrafikken i Norge. Markedsanalyser, forbruksundersøkelser, næringsanalyser, lønnsomhetsanalyser og økonomiske ringvirkningsstudier er faglige tyngdepunkter. Transportaspekter ved reiselivet, evalueringer og planleggingsspørsmål er andre felter som har vært belyst. Videre er det gjennomført analyser av reisemål og reiseruter, turismeattraksjoner og

landskapsopplevelser. Kulturturisme, grønn turisme og toleransenivå for reiseliv i lokale samfunn er andre temaer som TØIs forskere har arbeidet med.

Blant reiselivsforskarane ved TØI er det særlig **Jan Vidar Haukeland** og **Jens Kristian Steen Jacobsen** som har vore engasjert i tema som berekraftig reiseliv / grøn turisme.

TØI var den institusjonen med flest prosjekt i reiselivsforskningsprogrammet (1998-2002). Av dei fem NFR-prosjekta hadde eitt særlig relevans til vårt tema: *Berekraftig reiselivsutvikling: Samspillet mellom bruk og påvirkning, næring og forvaltning*. Prosjektet hadde samarbeid med HIF, ØF, HSF og forskingsmiljø knytt til Univ. of Montana. Prosjektleiari var **Jan Vidar Haukeland** ved TØI. Omtale av prosjektet:

